



Møteinnkalling

Utval:	Stord kommune, Kontrollutvalet
Møtestad:	Stord rådhus, kommunestyresalen
Dato:	01.12.2022
Tid:	14:00

Dagsplan for kontrollutvalet:

Kl. 12.00 - 13.45 Deloitte har kurs om arkivering, journalføring og offentlegheit.

Kl. 14.00 Ordinært kontrollutvalsmøte med sakshandsaming

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er ved å ringa til Hogne Haktorson tlf. 911 05 982.

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.

Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Fredrik Liltleskare
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet
Ordførar
Revisor
Rådmann

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 9/22	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 10/22	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 15.09.2022 Politiske saker	033	
PS 34/22	Rådmannen orienterer 2. gong om oppfølging av revisjonsrapport 2021 frå Deloitte	216	
PS 35/22	Deloitte presenterer interimisrevisjonsrapport for 2022	216	
PS 36/22	Støymålingar ved Eldøyane industriområde - orientering frå rådmannen	217	
PS 37/22	Forvaltningsrevisjon effektivitet og kvalitet i tenester til utviklingshemma - statusrapport	217	
PS 38/22	Forvaltningsrevisjon om førebyggjande arbeid for barn og unge - handlingsplan	217	
PS 39/22	Rullering av plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024 - Prosessmøte ved Deloitte	217	
PS 40/22	Rullering av plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 - 2024	216	
PS 41/22	Møteplan 2023 for kontrollutvalet	033	
PS 42/22	Kurs i regi av Deloitte AS vårhalvåret 2023	085	
PS 43/22	Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune	033	
PS 44/22	Eventuelt Referat saker	033	
RS 22/22	Årsmelding 2021-2022 Mobbeombodet i Vestland	033	
RS 23/22	Nytt fra FKT sept. 2022	073	
RS 24/22	Det er opna for påmelding til NKRF sin kontrollutvalgskonferanse 2023	085	
RS 25/22	Nytt fra FKT okt. 2022	073	

GK 9/22 Godkjenning av innkalling og sakliste



Saksframlegg

Saksnr: 2022/209-20
Saksbehandlar: Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Stord kommune, Kontrollutvalet	10/22	01.12.2022

Godkjenning av møteprotokoll frå møte 15.09.2022

Forslag til vedtak

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 15.09.2022 vert godkjent.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Møteprotokoll etter møte i Stord kontrollutval 15.09.22

**Møteprotokoll**

Utval:	Stord kommune, Kontrollutvalet
Møtestad:	Stord rådhus, kommunestyresalen
Dato:	15.09.2022
Tid:	14:00 - 17:00

Følgjande faste medlemer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Fredrik Liltleskare	Leder	H
Stian Djuvsland	Nestleder	FRP
Astrid-Cecilie F. Aleksandersen	Medlem	AP

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Tore Jubskås	MEDL	SP
Gunnhild Kristin Borlaug	MEDL	FRP

Følgjande varamedlemer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Peggy Husevik Bærøy	Gunnhild Kristin Borlaug	V
Hege Myklebust	Tore Jubskås	SV

Merknader

Astrid-Cecilie F. Aleksandersen melde frå på førehand om at ho måtte koma seinare. Ho var med frå kl. 15.00.

Andre som møtte**Namn**

Mariann Jacobsen Hilt
Marianne Heggholmen Aarbø
Else Holst-Larsen
Kjersti Gjuvsland
Hogne Haktorson

Stilling

Fung. rådmann (sak PS 23/22)
Økonomisjef (sak PS 23/22)
Partner i Deloitte AS
Forvaltningsrevisor i Deloitte AS
Kontrollsjef, sekret. for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune

Fredrik Liltleskare
utvalsleiar

Hogne Haktorson
utvalssekretær

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 7/22	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 8/22	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 23.05.2022	033	
	Politiske saker		
PS 23/22	Rådmannen orienterer om oppfølging av revisjonsrapport nr. 2 for 2021 frå Deloitte AS	216	
PS 24/22	Revisjonsplan og risikovurdering i samband med etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga 2022	216	
PS 25/22	Forvaltningsrevisjon effektivitet og kvalitet i tenester til utviklingshemma - statusrapport	217	
PS 26/22	Forvaltningsrevisjon innan plan- og byggesakshandsaming - oppfølging	217	
PS 27/22	Rullering av plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024 - Forslag til prosjektplan	217	
PS 28/22	Kurs i regi av Deloitte AS	085	
PS 29/22	Budsjett 2023 for kontrollarbeidet i Stord kommune	151	
PS 30/22	Behandling av henvendingar i kontrollutvalet	216	
PS 31/22	Informasjon frå FKT til orientering og evt. oppfølging	073	
PS 32/22	Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune	033	
PS 33/22	Eventuelt	033	
	Referat saker		
RS 15/22	Saksprotokoll Forvaltningsrevisjon om førebyggjande arbeid for barn og unge - Revisjonsrapport	217	
RS 16/22	Saksprotokoll Kontrollutvalet - årsmelding 2021	004	
RS 17/22	Nytt fra FKT	073	
RS 18/22	Kontrollutvalgslederskolen 2022, 24. - 25. oktober	073	
RS 19/22	Klagenemnda si avgjerd i sak 2022_487 Stord kommune_kunngjering	601	
RS 20/22	Klagenemndas avgjørelse 23. august 2022 i sak 2022/487	601	
RS 21/22	SV: Forespørsel om forlengelse av avtalen om levering sekretariatstjenester for 5 kommunale kontrollutvalg i Sunnhordland	601	

GK 7/22 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 15.09.2022 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

Vedtak

Innkalling og sakliste vart samrøystesgodkjent.

GK 8/22 Godkjenning av møteprotokoll frå møte 23.05.2022

Forslag til vedtak

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 23.05.2022 vert godkjent.

Saksprotokoll 15.09.2022 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 23.05.2022 vert godkjent.

PS 23/22 Rådmannen orienterer om oppfølging av revisjonsrapport nr. 2 for 2021 frå Deloitte AS

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

Saksprotokoll 15.09.2022 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Fung. rådmann Mariann Jacobsen Hilt og økonomisjef Marianne Heggholmen Aarbø orienterte om oppfølging av revisjonsrapport nr. 2 for 2021 frå Deloitte. Oppfølgingsarbeidet er kome langt, men det gjenstår litt.

Økonomisjefen var bl.a. innom slike punkt:

- Internkontrolledd vil bli innført.
- Noko kapasitetsmangel.
- Ein eigensjekk synte at det i snitt er 12 dagar behandlingstid totalt sett på innkomne fakturaer, noko som må reknast som bra.
- Periodisering av moms.

Revisor var nøgd med orienteringa.

Etter sams drøfting framkom ønskje om ny orientering i neste møte.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.
2. Kontrollutvalet ber om at rådmannen kjem i utvalet sitt møte 1. des. 22, for å gje ny orientering om oppfølging i høve tilrådingane i revisjonsrapport nr. 2 for 2021 frå Deloitte.

PS 24/22 Revisjonsplan og risikovurdering i samband med etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga 2022

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek informasjonen frå Deloitte til orientering.
2. Utvalet ber vidare om at interimisrevisjonsrapport 2022 vert klar til behandling i møte kontrollutvalet 01.12.2022 med frist for levering til sekretariatet 10.11.2022.
3. Kontrollutvalet ber også om at uttale om resultatet av den forenkla etterlevingskontrollen vert levert til same møtet som årsrekneskapen for 2022 skal behandlast, normalt i mai-møtet 2023, sjølv om den nasjonale fristen er sett til 30.06.

Saksprotokoll 15.09.2022 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Partner i Deloitte, Else Holst-Larsen, orienterte om utkast til revisjonsplan og risikovurdering i samband med etterlevingskontroll.

I ordskiftet etterpå vart bl.a. sjølvkost-området omtalt.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tek informasjonen frå Deloitte til orientering.
2. Utvalet ber vidare om at interimstrevisjonsrapport 2022 vert klar til behandling i møte kontrollutvalet 01.12.2022 med frist for levering til sekretariatet 10.11.2022.
3. Kontrollutvalet ber også om at uttale om resultatet av den forenkla etterlevingskontrollen vert levert til same møtet som årsrekneskapen for 2022 skal behandlast, normalt i mai-møtet 2023, sjølv om den nasjonale fristen er sett til 30.06.

PS 25/22 Forvaltningsrevisjon effektivitet og kvalitet i tenester til utviklingshemma - statusrapport

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.
2. Kontrollutvalet ber om at rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon vert sendt sekretariatet innan _____, ferdig verifisert og med rådmannen sin uttale innarbeidd.

Saksprotokoll 15.09.2022 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Forvaltningsrevisor i Deloitte, Kjersti Gjuvland, orienterte om:

- Forseinking ettersom kommunen trong meir tid på å finna fram aktuelle dokument.
- Møte mellom Deloitte, utvalsleiar og sekretariat om dette før sommarferien
- Frist i endeleg prosjektplan var over i 2023.
- Når ein har teke omsyn til nemnte forseinking, så bør leveringsdato for ferdig rapport kunna vera 20.03.2023

Forslag til vedtak, inkl. leveringsdato 20.03.2023, vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.
2. Kontrollutvalet ber om at rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon vert sendt sekretariatet innan 20.03.2023, ferdig verifisert og med rådmannen sin uttale innarbeidd.

PS 26/22 Forvaltningsrevisjon innan plan- og byggesakshandsaming - oppfølging

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber rådmannen koma med ny skriftleg status på oppfølging av punkta 3 og 4 etter forvaltningsrevisjon av plan og byggesakshandsaming i Stord kommune, til første møte i utvalet i 2023.
2. Kontrollutvalet inviterer og rådmannen til å gje ei munnleg orientering om utfordringar med oppfølgingsarbeidet i same møte.
3. Ny statusrapport vert å senda til sekretariatet innan 3 veker før møtedato.

Saksprotokoll 15.09.2022 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Forslag til vedtak vart endeleg vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ber rådmannen koma med ny skriftleg status på oppfølging av punkta 3 og 4 etter forvaltningsrevisjon av plan og byggesakshandsaming i Stord kommune, til første møte i utvalet i 2023.
2. Kontrollutvalet inviterer og rådmannen til å gje ei munnleg orientering om utfordringar med oppfølgingsarbeidet i same møte.
3. Ny statusrapport vert å senda til sekretariatet innan 3 veker før møtedato.

PS 27/22 Rullering av plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024 - Forslag til prosjektplan

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet bestiller rullering av vedteken plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024 i Stord kommune frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Ev. ny korrigerert prosjektplan vert sendt sekretariatet innan 29.09.2022.
3. Det blir akseptert ein samla timerressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan.
4. Det er ei målsetting om at prosessmøte med kontrollutvalet blir lagt til møte 01.12.2022.
5. Kontrollutvalet ønskjer at rulleringa, inkludert forslag til oppdatert plan for forvaltningsrevisjon, er klar frå Deloitte si side til behandling i første møte i kontrollutvalet i 2023.
6. Notat og oppdatert plan for forvaltningsrevisjon vert å senda til sekretariatet innan 20.01.2023.

Saksprotokoll 15.09.2022 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det kom ikkje fram forslag til endringar i prosjektplanen. Det inneber at punkt 2 i forslag til vedtak og siste del i punkt 1 går ut. Punkt 3 - 6 vert endra til 2 - 5.

Forslag til vedtak, inkl. denne redigeringa, vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet bestiller rullering av vedteken plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024 i Stord kommune frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan.
2. Det blir akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan.
3. Det er ei målsetting om at prosessmøte med kontrollutvalet blir lagt til møte 01.12.2022.
4. Kontrollutvalet ønskjer at rulleringa, inkludert forslag til oppdatert plan for forvaltningsrevisjon, er klar frå Deloitte si side til behandling i første møte i kontrollutvalet i 2023.
5. Notat og oppdatert plan for forvaltningsrevisjon vert å senda til sekretariatet innan 20.01.2023.

PS 28/22 Kurs i regi av Deloitte AS

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber Deloitte gjennomføre kurs med tema: og
2. Tidspunkt for gjennomføring av kurs: og
3. Sekretariatet vert beden om å ta seg av det praktiske med organisering og avvikling av kursa, gjerne i samarbeid med kommuneadministrasjonen

Saksprotokoll 15.09.2022 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det var stemning for

- Tema: Kurs nr. 7 i Deloitte sin kursoversikt - Arkivering, journalføring og offentlegheit.
- Kursdag: 1. desember 2022 kl. 12.00 - 14.00, altså i forkant av kontrollutvalsmøte same dag.
- At varamedlemar til kontrollutvalet vert invitert til å delta på kurset.
- Nytt tema, til vårhalvåret 2023, vert å vurdere på neste kontrollutvalsmøte.

Forslag til vedtak, inkl. opplysning om tema og tidspunkt, vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ber Deloitte gjennomføre kurs med tema: Arkivering, journalføring og offentlegheit
2. Tidspunkt for gjennomføring av kurs: 1. desember 2022 kl. 12.00 - 14.00, altså i forkant av kontrollutvalsmøte same dag.
3. Sekretariatet vert beden om å ta seg av det praktiske med organisering og avvikling av kursa, gjerne i samarbeid med kommuneadministrasjonen

PS 29/22 Budsjett 2023 for kontrollarbeidet i Stord kommune

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet vedtar forslag til budsjett for kontrollarbeidet i Stord kommune for 2023 inkludert endringar som blir gjort i møtet.
2. Budsjettforslaget skal følgja sak med budsjettarbeid fram til handsaming i kommunestyret. Kommunestyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontrollarbeidet i 2023.

Saksprotokoll 15.09.2022 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Sekretariatet orienterte om budsjettforslaget. Utvalet drøfta saka.

Det kom ikkje forslag om endringar, noko som inneber at siste setningsdel av pkt.1 utgår.

Forslag til vedtak, inkl. redigering av pkt. 1, vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet vedtar forslag til budsjett for kontrollarbeidet i Stord kommune for 2023.
2. Budsjettforslaget skal følgja sak med budsjettarbeid fram til handsaming i kommunestyret. Kommunestyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontrollarbeidet i 2023.

PS 30/22 Behandling av henvendingar i kontrollutvalet

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek rettleiaren om behandling av henvendingar frå FKT til etterretning
2. Kontrollutvalet vedtek vedlagde retningslinjer for handtering av henvendingar til kontrollutvalet i Stord kommune med dei endringar som kom fram i møtet

Saksprotokoll 15.09.2022 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kontrollutvalet var fulltalig fom. behandling av denne saka.

Det kom ikkje forslag om endringar i retningslinene, noko som inneber at siste setningsdel av pkt. 2 utgår.

Forslag til vedtak, inkl. redigering av pkt. 2, vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tek rettleiaren om behandling av henvendingar frå FKT til etterretning
2. Kontrollutvalet vedtek vedlagde retningsliner for handtering av henvendingar til kontrollutvalet i Stord kommune.

PS 31/22 Informasjon frå FKT til orientering og evt. oppfølging

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

Saksprotokoll 15.09.2022 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Sekretariatet orienterte, først og fremst om tema som var oppe på FKT sin fagkonferanse i juni - 22.

Vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

PS 32/22 Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

Saksprotokoll 15.09.2022 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Utvalet vart orientert av den einssilte, om nokre av protokollane etter sist utvalsmøte

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

PS 33/22 Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll 15.09.2022 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

A Sekretariatstenester for kontrollutvalet fom. 01.01.23.

Utvalsleiar orienterte om at det er sett i gang prosess ift. innkjøp av tenester.

Sekretariatet involverte seg naturleg nok ikkje i denne saka

B) Skriv til Stord kommune med kopi til kontrollutvalet.

Utvalsleiar orienterte om udatert skriv til Stord kommune frå Vegar Moe med tema - Klage på tiltak.

Utvalet ønskjer informasjon om kva som har skjedd frå kommunen si side etter at skrivet vart sendt.

C Henvending om hending.

Møtet vart samrøystes lukka, ved handsaming av pkt. C, jmf. kommunelova § 11-5. 2. lekk jmf. off.l. § 13 og forv.l. § 13.

Utvalsleiar orienterte vedr. henvending om hending som var av slik karakter at han ønskte å drøfta det med fungerande rådmann.

Vedtak i saka, pkt. A, B og C, var samrøystes.

Vedtak

A Sekretariatstenester for kontrollutvalet fom. 01.01.23.

Informasjonen vart teken til orientering.

B) Skriv til Stord kommune med kopi til kontrollutvalet.

Kontrollutvalet ber om informasjon vedr. kva som har skjedd frå kommunen si side etter at Vegar Moe sende skriv til kommunen med tema - Klage på tiltak.

C Henvending om hending.

Kontrollutvalet gjev støtte til kontrollutvalsleiaren om at han kan ta kontakt med fungerande rådmann vedr. henvending om hending.

RS 15/22 Saksprotokoll Forvaltningsrevisjon om førebyggjande arbeid for barn og unge - Revisjonsrapport

Saksprotokoll 15.09.2022 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 16/22 Saksprotokoll Kontrollutvalet - årsmelding 2021

Saksprotokoll 15.09.2022 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 17/22 Nytt fra FKT

Saksprotokoll 15.09.2022 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 18/22 Kontrollutvalgslederskolen 2022, 24. - 25. oktober

Saksprotokoll 15.09.2022 - Stord kommune, Kontrollutvalet**Behandling i møte**

Kontrollutvalsleiar vil forhøyra seg om nokon frå noverande posisjon ønskjer å delta, bl..a. med tanke på skolering for framtida, og det fekk han støtte for i utvalet.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 19/22 Klagenemnda si avgjerd i sak 2022_487 Stord kommune_kunngjering

Saksprotokoll 15.09.2022 - Stord kommune, Kontrollutvalet**Behandling i møte**

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 20/22 Klagenemndas avgjørelse 23. august 2022 i sak 2022/487

Saksprotokoll 15.09.2022 - Stord kommune, Kontrollutvalet**Behandling i møte**

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 21/22 SV: Forespørrelse om forlengelse av avtalen om levering sekretariatstjenester for 5 kommunale kontrollutvalg i Sunnhordland

Saksprotokoll 15.09.2022 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Vart og orientert om i sak PS 33/22 - Eventuelt.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.



Saksframlegg

Saksnr: 2022/230-48
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Stord kommune, Kontrollutvalet	34/22	01.12.2022

Rådmannen orienterer 2. gong om oppfølging av revisjonsrapport 2021 frå Deloitte

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

Samandrag

Føremålet med denne saka er å ivareta kontrollutvalet sitt ansvar for å sjå til at rekneskapsrevisor sine påpeikingar etter kommunelova § 24-7 til § 24-9 blir retta eller følgt opp.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 Revisjonsrapport Stord kommune.pdf

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

På kontrollutvalet sitt møte 23.05.22, sak PS 16/22 om årsrekneskap mv. for Stord kommune, fatta utvalet slik vedtak:

1. *Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Stord kommune sin årsrekneskap og årsmelding for 2021.*
2. *På bakgrunn av det som kjem fram i revisjonsrapport nr. 2 for 2021 frå Deloitte AS, ber kontrollutvalet om at rådmannen kjem i utvalet sitt møte i september for å gjera greie for kva som vil bli gjort i høve tilrådingane i rapporten.*

I tråd med punkt 2 i vedtaket over orienterte rådmannen i møte i kontrollutvalet 15.09.2022 om kva som er gjort så langt i høve tilrådingane i rapporten og det vart gjort slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.*
2. *Kontrollutvalet ber om at rådmannen kjem i utvalet sitt møte 1. des. 22, for å gje ny orientering om oppfølging i høve tilrådingane i revisjonsrapport nr. 2 for 2021 frå Deloitte.*

Revisjonsrapport 2021 nr. 2 frå Deloitte ligg ved som vedlegg.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i denne saka ved at dei skal sjå til at rekneskapsrevisor sine påpeikingar etter kommunelova § 24-7 til § 24-9 blir retta eller følgt opp, jf. forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 3.

Vurderingar og verknader

På bakgrunn av det som går fram over er rådmannen bedt om å kome i dette møtet for å gjera greie for oppfølginga av rapporten for 2. gong..

Konklusjon

Det vert som utgangspunkt tilrådd å ta informasjonen til orientering.

Ut frå det som kjem fram i rådmannen si orientering, må utvalet vurderer om ein bør føya til noko eller konkludera annleis.

Stord Kommune
v/kontrollutvalet
PB 304
5402 Stord

19. april 2022

Revisjonsrapport nr. 2
(journalførast)

REVISJONSRAPPORT 2021

Innleiing

Vi har avslutta revisjonen av rekneskapen for 2021, og vil nytt høvet til å gje ei kort tilbakemelding om revisjonsarbeidet og formidla observasjonar som det etter vår vurdering er viktig at leiinga i kommunen er informert om.

Vi har gjennomført dei revisjonshandlingane vi har sett som nødvendige for å få stadfesta at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentlege feil eller manglar og som grunnlag for vår revisjonsmelding.

Deloitte utfører ein risikobasert revisjon. Dette inneber at kontrollmetodar og kontrollomfang vert tilpassa risikoen i organisasjon og rutinar. Vi kartlegg og vurderer difor dei viktigaste økonomi- og rekneskapsrutinane for å identifisera kor det er størst risiko for feil i rekneskapsrapporteringa.

Vi vil presisera at det er leiinga i kommunen som er ansvarleg for å etablera og gjennomføra ein tilfredsstillande intern kontroll. Som ein del av dette skal leiinga sjå til at rekneskapsføringa er i samsvar med lover og forskrifter og at formues forvaltninga er ordna på ein trygg måte.

Kommunen har gjennomgåande etablert tilfredsstillande rutinar, og det er ikkje avdekkja vesentlege feil eller manglar ved rekneskapsføringa eller årsrekneskapen. Vi opplever dialogen med kommunen som svært open og god, og vi har fått tilgang til all informasjon vi har bede om.

Revisjonen gjennom året

Ved interimrevisjonen har vi på nokre utvalde rekneskapsområde kartlagt og testa om vesentlege interne kontrollar har fungert i heile rekneskapsperioden. I tillegg har vi nytta analysar og kontrolltestar som grunnlag for å vurdere kvaliteten på rekneskapen. Vidare har vi utført kontroll av vesentlege inntekts- og kostnadspostar i rekneskapen.

Vi har ikkje avdekkja forhold som var av ein slik karakter eller storleik at dei fører til uvisse med omsyn til den framlagde årsrekneskapen.

Dokumentasjonen på årsrekneskapen som er blitt lagt fram for revisjon har hatt tilfredsstillande kvalitet.

Revisjonen av årsoppgjeret

Revisjonen av årsrekneskapen har i stort grad vore retta mot å verifisera balansepostane pr. 31.12.2021. Vi har lagt vekt på å kontrollera at inntekter og gjeld er fullstendige og at eigedelar og utgifter er gyldige. I tillegg har vi avstemt/kontrollert større inntektspostar, som skattar, rammeoverføringar og andre statlege tilskot, og vesentlege kostnader/utbetalingar, som løn, tilskot, avdrag og avskrivningar.

Bokføringslova og dokumentasjon av rekneskapen

Bokføringslova (Lov 2004-11-19 nr 73) og bokføringsforskrifta (Forskrift 2004-12-01 nr. 1558) vart frå 1. januar 2011 gjeldande for kommunar og fylkeskommunar, samt kommunale og fylkeskommunale føretak. Det betyr at desse må følgja alle reglane i bokføringslova § 2 til § 14. Vidare må bokføringsforskrifta kapittel 2 til 7 følgjast.

Bokføringslova med forskrifter inneheld enkelte nye krav samt vidarefører ei rekkje krav frå tidlegare lover og forskrifter. På fleire område betyr lova ei innstramming jamført med tidlegare praksis. Bokføringslova § 4 gjev 10 grunnleggjande bokføringsprinsipp som skal følgjast.

Ved utarbeiding av årsrekneskap skal det etter bokføringslova § 11 vere dokumentasjon av alle balansepostar i rekneskapen utan dei som er ubetydelege.

For 2021 har kommunen i hovudsak framlagt tilfredstillande dokumentasjon på vesentlege rekneskapspostar, men vi har og hatt ei oppsummering med avdelinga for å avklare dokumentasjonskrava.

Avstemming merverdiavgift, arbeidsgiveravgift og skattetrekk

Vi har observert manglande terminvise avstemmingar av merverdiavgift, arbeidsgiveravgift og skattetrekk hos kommunen.

Vi anbefaler at kommunen får på plass terminvise avstemmingsrutinar for merverdiavgift, skattetrekk og arbeidsgiveravgift slik at eventuelle feil vil ikkje bli fanga opp tidsriktig.

Periodisering av inngående faktura, momskompensasjon

Vi har observert at kommunen ikkje bruker fakturadato på inngående faktura som styrende for periodisering og rapportering i momskompensasjonsoppgåvene, men dato for mottak av varen/tenesten. I følge bokføringslova er det fakturadato som skal være styrende for bokføring av inngående faktura. Vi har og avdekka inngående faktura som er tatt med i kompensasjonsoppgavå, men som er forelda.


Vi anbefaler at kommunen jobber får på plass gode kontroll- og avstemmingsrutinar for bokføring og periodisering av grunnlag for momskompensasjonen, og at ein ikkje tar med inngående faktura som er for gamle til at kommunen kan kreve fradrag for inngående avgift.

Manglande rutinar er ein indikasjon på svak intern kontroll, og eventuelle feil blir ikkje fanga opp og retta tidsriktig. Kommunen kan da gå glipp av kompensasjonssinntekter med for sein bokføring av fakturaene.

Avslutning

Dersom noko skulle vere uklårt i framstillinga ovanfor, eller at det er trøng for hjelp i samband med konkretisering og gjennomføring av tilrådde tiltak eller andre forhold, står vi gjerne til teneste.

Med venleg helsing
Deloitte AS



Else Holst-Larsen
statsautorisert revisor

Kopi: Rådmann



Saksframlegg

Saksnr: 2022/230-49
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Stord kommune, Kontrollutvalet	35/22	01.12.2022

Deloitte presenterer interimrevisjonsrapport for 2022

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar oppsummering etter interimrevisjon 2022 for Stord kommune frå Deloitte til orientering.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at Deloitte skal presentere resultatet av den gjennomførte interimrevisjonen i Stord kommune gjeldande rekneskapen for 2022.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 Interimsrevisjon Stord kommune 2022

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet i Stord kommune har ansvar for at det vert gjennomført rekneskapsrevisjon i kommunen, jf. kommunelova § 23-2, der det m.a. står:

«Kontrollutvalget skal påse at

- a) *kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte»*

Videre har kontrollutvalget ansvar for å se til at kommunen har en forsvarlig revisjonsordning, jf. forskrift om kontrollutvalg § 3, der det bl.a. står:

«Kontrollutvalget skal holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at

- a) *kommunens eller fylkeskommunens årsregnskaper blir revidert på en betryggende måte*
b) *regnskapsrevisjonen utføres i samsvar med lov, forskrift og kontrollutvalgets instruksjer og avtaler med revisor*
c) *regnskapsrevisjonen blir utført av revisorer som oppfyller kravene i kapittel 2 og 3.»*

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i denne saka ved at dei skal sjå til at rekneskaper vert revidert på ein betryggende måte og halde seg laupande orientert om revisjonsarbeidet, jf. kommunelova § 23-2 og forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 3.

Vurderingar og verknader

I møte i kontrollutvalet 15.09.2022 orienterte Deloitte om sin revisjonsplan, om rekneskapsrevisjonen så langt i 2022 og presenterte risikovurdering for etterlevingskontroll for rekneskaper for 2022.

I dette møtet skal dei presentere oppsummeringa av dette arbeidet. Presentasjonen av denne oppsummeringa, vil på same måte som presentasjon av revisjonsplan og risikovurdering for etterlevingskontroll, vera ein lekk i å sjå til at Stord kommune sine rekneskaper vert revidert på ein betryggende måte og at Stord kommune har ei forsvarleg revisjonsordning.

På bakgrunn av det som kjem fram i presentasjonen bør kontrollutvalet, slik sekretariatet ser det, få høve til å komme med forslag til fokusområde i årsoppgjersrevisjonen som skal gjennomførast framover, dersom dei ønsker det, sjølv om det er revisjonen som avgjer kva dei skal sjå på.

Oppsummeringa ligg ved.

Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram noko spesielt i møtet vert det tilrådd at kontrollutvalet tar oppsummeringa etter interimrevisjonen for 2022 frå Deloitte til orientering.

Stord Kommune
v/kontrollutvalet
PB 304
5402 Stord

08. november 2022

Revisjonsrapport nr. 3
(journalførast)

INTERIMSREVISJON STORD KOMMUNE 2022

Generelt

Vi har utført interimsrevisjonen av Stord kommune for 2022. Vi vil i den anledning gje ei kort oppsummering av utført interimsrevisjon og kommentera nokre forhold som vi meiner leiinga i kommunen bør ha eit spesielt fokus på.

Deloitte utfører risikobasert revisjon. Dette vil seie at kontrollmetodar og kontrollomfang vert tilpassa risikoen i organisasjon og rutinar. Vi kartlegg og vurderer difor dei viktigaste økonomi- og rekneskapsrutinane for å identifisera kor det er størst risiko for feil i rekneskapsrapporteringa.

Vi vil presisera at det er leiinga i kommunen som er ansvarleg for å etablera og halde oppe ein tilfredsstillande intern kontroll. Som ein del av dette må leiinga sjå til at rekneskapsføringa er i samsvar med lover og forskrifter og at formues forvaltninga er ordna på ein trygg måte.

Rekneskapsrevisjon

Rekneskapsrevisjonen skal gje revisor grunnlag for å gje ein uttale om rekneskapsrapporteringa i form av ei revisjonsmelding. Rekneskapsrevisjonen er delt i to fasar, interimsrevisjon og årsoppgjersrevisjon.

I interimsrevisjonen testar vi kontrollar i rekneskapsrutinar for å få verifisert at dei har fungert i heile rekneskapsperioden. I tillegg gjennomfører vi kontrollar på områder, og for regnskapsposter, kor det ikkje er mogleg å oppnå same tryggleik eller med same effektivitet ved revisjon i årsoppgjeret.

Sjølvtende og objektivitet

Vi stadfester at revisjonsteamet tilfredsstillar dei krava til sjølvtende og objektivitet for revisorar som reviderer kommunal og fylkeskommunal verksemd, og som går fram av § 24-2 og § 24-4 i kommunelova.

Bokføringslova og dokumentasjon av rekneskapsrapporteringa

Bokføringslova (Lov 2004-11-19 nr 73) og bokføringsforskrifta (Forskrift 2004-12-01 nr. 1558) vart frå 1. januar 2011 gjeldande for kommunar og fylkeskommunar, samt kommunale og fylkeskommunale føretak. Det betyr at desse må følgja alle reglane i bokføringslova § 2 til § 14. Vidare må bokføringsforskrifta kapittel 2 til 7 følgjast.

Vi minner om at ved utarbeiding av årsrekneskap skal det etter bokføringslova § 11 vere dokumentasjon av alle balanseposter i rekneskapsrapporteringa utan dei som er ubetydelege.

Intern kontroll

Gjennomgangen har gitt oss kunnskap om kontrollmiljøet i kommunen, om kontrollmessige sterke og svake sider i vesentlege økonomiprosessar, og ei forståing av korleis rekneskapsstransaksjonar vert generert, registrert og rapportert.

Vår vurdering av internkontrollen byggjer på informasjon innhenta gjennom kartlegging og gjennomgang av rutinar i samband med interim revisjonen, på kunnskap i eigen organisasjon om regelverk, rutinar og prosessar i kommunen.

I vår gjennomgang av **lønnsområdet**, har vi gjennomgått kommunens rutinar omkring registrering, oppdatering og lønnskjøring. Vi har kartlagt rutinar gjennom samtalar med lønningskonsulentane. Dei tilsette har signert fullmaksskjema i forhold til hvilke rettigheter dei innehar. Vi har ikkje avdekket svakheiter ved dei interne kontrollane som lønningskonsulentane har innarbeida for sitt eige arbeid, og vi har gjennomgått logg-skjema og varsellister som avdelinga bruker.

Vi ventar på å få kartlegge kommunens rutinar vedrørende avstemming mellom lønssystemet og rekneskapssystemet, samt kontroll av terminvis avstemming av skattetrekk og arbeidsgiveravgift.

Vi har og hatt ei gjennomgang av **refusjon sjukepengar**. Vi har kartlagt rutinar gjennom samtalar med ansvarlig for oppfylgging. Ved denne gjennomgangen har vi ikkje avdekket svakheiter ved dei interne kontrollane, men vi forstår at der kun er ein person sjå kommunen som fylgjer opp refusjonar, og at der ikkje forelegg ei ferdig prosessbeskriving på området. Vi vil anbefale kommunen å utarbeide prosessbeskrivelse for refusjon sjukepengar og i tillegg for alle områder kor der berre er ein person som kan utføre oppgåva.

I vår gjennomgang av drifts- og investerings rekneskapan, har vi gjennomgått kommunens rutinar omkring **innkjøp og inngående fakturaer**. Vi har kartlagt rutinar gjennom samtalar med økonomileiar. Ved denne gjennomgangen har vi ikkje avdekket svakheiter ved dei interne kontrollane.

Vi har gjennomgått **faktureringsrutinar** for brukarbetaling og andre tenester. Føremålet har vært å kontrollere at det er etablert system og kontrollar som sikrar at alle fakturerte inntekter er i samsvar med grunnlaget (dei tenestene som er levert), og at inntektene vert bokført i rett periode med rett beløp.

Det var gjennomgåande god kvalitet på dokumentasjonen som vart kontrollert og det vart ikkje avdekket vesentlege svakheiter eller manglar.

I forbindelse med kontroll av kven som har tilgang til **bank** samt rutine for **bankavstemming** ser vi at kommunen har rutine for arbeidsdeling med to som godkjenner utbetaling, og månadleg bankavstemming ved hjelp av Account Control.

I vår gjennomgang av avstemmingar har vi observert manglande terminvise avstemming **merverdiavgift, arbeidsgiveravgift og skattetrekk** hos kommunen.

Vi anbefalar at kommunen jobber med å få på plass gode kontroll og terminvise avstemmingsrutiner for merverdiavgift, skattetrekk og arbeidsgiveravgift.

Manglande terminvis avstemming er ein indikasjon på svak intern kontroll, og eventuelle feil blir ikkje fanga opp tidsriktig.

Gjennomgåande er der god kvalitet på dokumentasjonen som vart kontrollert og vi opplever at kommunen løpande jobbar med å etablera og forbedra gode rutiner.

Kontroll av transaksjonar / bilag

Kommunen har etablert system og rutinar som sikrar kontroll med transaksjonane (transaksjonskontroller). Kontrollen skal sørge for at inntekter, innkjøp, tilskot, løn og andre oppgavepliktige ytingar blir handtert i samsvar med gjeldande lover, reglar og avtalar, og at inntekter og utgifter vert følgt opp i forhold til budsjett og planar. På inntektsområdet er føremålet vidare å sikre at inntekter blir rett berekna og innbetalt, og at uteståande krav blir følgt opp.

Eit viktig kontrollelement er kravet om at alle bilag skal vera tilvist. Dette inneberer

at alle disposisjonar som inneber økonomiske forplikingar skal stadfestast av ein som har budsjett disponeringsmynde. Den som har budsjett disponeringsmynde kan ikkje godkjenne godtgjersle eller andre utbetalingar til seg sjølv.

Vi har føretatt terminvise kontrollar av krav om kompensasjon for meirverdiavgift. Ein revisjon av dette inneberer handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i kompensasjonsoppgåva. Meir spesifikt betyr dette at vi plukkar ut eit tilfeldig utval av kostnadane, og kontrollerer at kommunen har behandla desse kostnadane riktig avgiftsmessig.

Vi har ikkje avdekket vesetlege feil knyta til den terminvise kontrollen av krav om kompensasjonen av meirverdiavgift.


Tilgangstyring og arbeidsdeling

Arbeidsdeling er ein viktig del av internkontrollen for å førebygge feil og mislegheiter. I ein mindre kommune med relativt liten administrasjon kan dette by på utfordringar. Stord kommune har i stor grad etablert denne kontrollen og har tilfredsstillande arbeidsdeling på vesentlege områder.

Avslutning

Dersom noko skulle være uklårt i framstillinga ovanfor, står vi gjerne til teneste.

Med venleg helsing
Deloitte AS



Else Holst-Larsen
statsautorisert revisor

Kopi: Rådmann



Saksframlegg

Saksnr: 2022/334-4
Saksbehandlar: Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Stord kommune, Kontrollutvalet	36/22	01.12.2022

Støymålingar ved Eldøyane industriområde - orientering frå rådmannen

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

Samandrag

Kontrollutvalet var oppteken av støymålingar ved Eldøyane industriområde vinteren 2020/2021. Det er no ønskje om å få ein ny statusrapport frå rådmannen.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Rådmannen gav 04.03.2021 ei orientering for kontrollutvalet (sak PS 2/21) om støymålingar ved Eldøyane industriområde, og utvalet tok informasjonen til orientering.

Følgjande e-post av 15.11.22, att. fung. rådmann og plansjef, forklarar bakgrunn for saka i dette møtet:

«I samtale med kontrollutvalsleiar om saksliste til kontrollutvalet sitt møte 01.12.22, kom me inn på utvalet sitt tidlegare engasjement knytt til støy ved Eldøyane.

Ønskje om informasjon.

Ber om at desse skriva vert sendt til sekretariatet i pdf-format:

- *Utval for plan og utvikling, RS 35/22, Notat: støymålingar frå Eldøyane februar – april 2022*
- *Utval for plan og utvikling, RS 36/22, Rapport fra Støymåling - Eldøyane 2021*
- *Evnt seinare notat, rapport eller tilsvarande om same sak.*

Ønskje om orientering.

Det er ønske om at rådmann og kommunalsjef kan gje ei orientering om status for kontrollutvalet i møte 01.12.22.

- *Plansjef Vestbøstad har tidlegare orientert utvalet om dette.*
- *Fung. rådmannen og økonomisjef er tidlegare invitert for å orientera om ei anna sak frå møtestart 1. des. kl. 14.00.*
- *Orientering om Eldøyane kan gjevast som 1. eller 2. sak etter dette.*

*Fint med respons på begge deler **innen lunch 21.11.22**, altså:*

- *Oversending av dokument*
- *Stadfesting om at informasjon kan gjevast 1. des.»*

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i sak der utvalet vil innhente informasjon, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

I kontrollutvalet si sak PS 2/21 av 04.03.21, vart dette notert under handsaming i møtet:

«Plansjef Lovise Vestbøstad viste ein presentasjon og orienterte om saka. Ho var bl.a. innom dette:

- *Støymålar er permanent plassert i Eldøyane*
- *Støygrensa varierar ift. tid på døgnet og om det er kvardag, helg eller høgtid.*
- *Samla rapport om støymåling kjem omlag i april for fjoråret.*
- *I 2019 vart det registrert 83 døgn med overskridingar.*
- *Desse vert vurdert opp mot bedrifter og hamnestellet sine egne loggføringar.*
- *Av dei 83 overskridingane er det 39 ein ikkje har funne forklaring på. Det vert vurdert som ikkje tilfredsstillande. Det vert arbeid med å finna prosentvis fleire forklaringar.*
- *Bedriftene har eigeninteresse i å redusera støy*

Utvalsleiar ønskte å motta meir informasjon om «varslingsrutinar når barrierene brytest». Ingen i utvalet hadde merknader til dette ønsket.

Utvalet ønskte og å få tilsendt den presentasjonen som plansjefen heldt i møtet.»

Ønskt informasjon, jmf. «bakgrunn for saka» overfor, vart motteke 23.11.22. Dette var så tett oppunder saksutsending at aktuelle vedlegg – 10 i talet – vert sendt i eigen e-post til alle som mottek innkallinga til møtet.

Fung. rådmann og plansjef er invitert til å gje ein status for utvalet i dette møtet.

Konklusjon

Dersom orienteringa synest vera grei, og utvalet ikkje ber om ytterlegare oppfølging, vert det tilrådd at utvalet tar informasjonen til orientering.



Saksframlegg

Saksnr: 2022/154-26
Saksbehandlar: Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Stord kommune, Kontrollutvalet	37/22	01.12.2022

Forvaltningsrevisjon effektivitet og kvalitet i tenester til utviklingshemma - statusrapport

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at Deloitte skal orientera kontrollutvalet om framdrift i dette prosjektet.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet bestilte forvaltningsrevisjon innan effektivitet og kvalitet i tenester til utviklingshemma i møte 26.04.2022 der det vart gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon om effektivitet og kvalitet i tenester til utviklingshemma, av Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til revidert prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Eventuelt ny prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 09.05.2022. Kontrollutvalsleiar i samråd med sekretariatet får fullmakt til å godkjenne denne.
3. Kontrollutvalet godkjenner samla timetal, inkl. opsjon, i forslag til prosjektplan.
4. Kontrollutvalet ber om at rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon vert sendt sekretariatet innan utgangen av desember 2022, ferdig verifisert og med rådmannen sin uttale innarbeidd.

Frå vedtak til endeleg prosjektplan:

I tråd med pkt. 1 og 2 vart endeleg bestilling sendt Deloitte 16.05.22, etter at utvalsmedlemmane hadde fått høve til å koma med merknader.

Av den godkjende prosjektplanen går det fram at føremålet med forvaltningsrevisjonen er:

Føremålet med prosjektet vil vere å undersøke om Stord kommune har system for å sikre effektive og kvalitativt gode helse- og omsorgstenester til psykisk utviklingshemma. Konsekvensane av covid-19-pandemien vil gjennomgåande vere aktuell å sjå på knytt til dei ulike problemstillingane.

Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål har revisjonen formulert følgjande problemstillingar:

1. I kva grad har Stord kommune etablert **strategi og planar** for å sikre nødvendig kapasitet og kompetanse innan tenestene til psykisk utviklingshemma når det gjeld:
 - a) Normalsituasjon
 - b) Pandemisituasjon eller ved andre kritiske hendingar
2. I kva grad dekker **tilbodet** innan tenester til utviklingshemma behovet for tenester?
 - a) Korleis er Stord kommune sine kostnader til tenester til utviklingshemma samanlikna med relevant KOSTRA gruppe?
 - b) I kva grad er tilbodet dimensjonert effektivt med omsyn til ulike omsorgsnivå (slik som butilbod, støttekontakt, dagtilbod, avlastningstilbod)?
 - c) I kva grad er det ventelister/overkapasitet for ulike tilbod?
 - d) I kva grad er det etablert ei god samhandling mellom tildelingskontor og utførande einingar som sikrar rett nivå på tenestene?
3. I kva grad har ein sikra **tilstrekkeleg med ressursar med rett kompetanse** i tenestene?
 - a) Er det lagt opp til ei bemanning som er tilfredsstillande med omsyn til å levere naudsynte tenester?
 - b) Klarer kommunen å sikre tilfredsstillande kompetanse blant medarbeidarane?
 - i. Ved rekruttering
 - ii. Gjennom kompetansehevande tiltak
 - c) Klarer tenestene å ivareta tilfredsstillande nærvær blant medarbeidarane?
 - i. I kva grad arbeider kommunen med å redusere sjukefråvær knytt til arbeidsrelaterte forhold?

4. I kva grad er det etablert eit tilfredsstillande **avvikssystem**?
- I kva grad meiner tilsette at det er tydeleg kva som er avvik og korleis desse skal meldast?
 - I kva grad blir det meldt avvik ved brot på rutinar?
 - Blir avvik fulgt opp på ein tilfredsstillande måte for å sikre læring og forbetring?
5. I kva grad har kommunen etablert eit system for innhenting av **erfaringar og synspunkt frå brukarar og deira pårørande**?

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse for å gjennomføre forvaltningsrevisjonen. Når revisjonsrapport er levert og handsama i kontrollutvalet, skal utvalet innstilla til kommunestyret, som gjer vedtak, jf. kommunelova § 23-3.

Vurderingar og verknader

Informasjon i saksframlegg til kontrollutvalsmøte 15.09.22:

Stord kommune har bede om noko lenger tid med å framskaffa aktuelle dokument for revisjonen. Det har samanheng med at det er personskifte i sentrale stillingar. Forvaltningsrevisor frå Deloitte Ingrid Kalsnes, kontrollutvalseiar og utvalssekretær hadde teamsmøte 28.06.22 om kva utsett frist som kunne akseptast.

Deloitte AS vil i møtet kunna orientera om framdrift ift. dette og forventa levering som såleis og vil bli forskyvd ift. vedtakspunkt 4 overfor (vedtak av 26.04.22).

Dette vart vedteke i møte 15.09.22:

- Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.
- Kontrollutvalet ber om at rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon vert sendt sekretariatet innan 20.03.2023, ferdig verifisert og med rådmannen sin uttale innarbeidd.

Kontrollutvalsmøte 01.12.22:

I dette møtet vil Deloitte orientere om status og framdrift så langt i prosjektet. Deloitte vert også utfordra på å ta opp med kontrollutvalet dersom dei ser forhold (raude eller gule flagg) som gjer at det bør gjerast endringar i bestillinga.

Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram særskilte opplysningar, som t.d. krev justering ift. prosjektplan, vert det tilrådd at kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.



Saksframlegg

Saksnr: 2022/201-24
Saksbehandlar:Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Stord kommune, Kontrollutvalet	38/22	01.12.2022

Forvaltningsrevisjon om førebyggjande arbeid for barn og unge - handlingsplan

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tar tilbakemeldinga frå fungerande rådmann når det gjeld forvaltningsrevisjon om førebyggjande arbeid for barn og unge i Stord kommune til orientering.
2. Kontrollutvalet ber om å få tilsendt ny skriftleg status på oppfølging av forvaltningsrevisjonen til første møte i utvalet, hausten 2023.
3. Tilbakemeldinga vert å sende sekretariatet innan 10.08.2023.

Samandrag

Denne saka er kontrollutvalet si første oppfølging av vedtak gjort i kommunestyret 21.06.2022, av forvaltningsrevisjon om førebyggjande arbeid for barn og unge i Stord kommune.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Oppfølging av forvaltningsrevisjon - tiltak og handlingsplan.pdf
- 2 HANDBOK FOR KOORDINATORAR I STORD KOMMUNE.pdf
- 3 Eg er blitt koordinator kva gjer eg.pdf
- 4 Korleis startar eg opp koordinatorarbeid og individuell plan.pdf

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kommunestyret i Stord kommune handsama forvaltningsrevisjonsrapport om førebyggjande arbeid for barn og unge i møte 21.06.2022, sak PS 26/22 og gjorde slikt samrøystes vedtak:

På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapport om førebyggjande arbeid for barn og unge i Stord kommune, ber kommunestyret rådmannen om å:

1. Etablere ei overordna oversikt over mål og planar innan førebyggjande arbeid retta mot barn og unge, og sikre tilstrekkeleg operasjonalisering av måla som er sett for tenestene på området.
2. Sikre tydeleggjering av oppgåver, rollar og ansvar innan førebyggjande arbeid retta mot barn og unge. Under dette:
 - a) Tydeleggjere oppgåver og ansvar i dei tilfella der fleire tenester har overlappende ansvar og det dermed er risiko for at oppfølginga kan glempe.
 - b) Tydeleggjere rollar og ansvar knytt til bruk av stafettloggen.
3. Sikre at alle tilsette er tilstrekkeleg kjend med
 - a) kva som ligg til ansvar og oppgåver som koordinator for arbeid med individuell plan.
 - b) rutinar og verktøy som er etablert for å sikre kartlegging og oppfølging av barn med behov for oppfølging.
4. Etablere rutinar som sikrar at tenester etterspør samtykke frå foreldre om overføring av informasjon til relevante instansar, i tilfelle der familiar med utsette barn skal flytte frå kommunen.
5. Leggje til rette for at fleire tilsette i kommunen har god kunnskap om BTI-modellen og dermed til dømes kan gjennomføre opplæring i BTI-metodikken for andre tilsette.
6. Sikre at det blir etablert klare samarbeidsstrukturar og tilstrekkeleg tverrsektorielle møteplassar mellom sentrale tenester i OKU og RHO som jobbar opp mot barn og familiar i kommunen.
7. Etablere rutinar for å melde avvik knytt til samhandlinga mellom tenestene i det førebyggjande arbeidet retta mot barn og unge, og rutinar for å følgje opp slike avvik.
8. Lage en prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.11.2022 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgje opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Handlingsplan i tråd med punkt 8 med vedlegg ligg føre.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å følgje opp kommunestyret sine vedtak etter revisjonsrapportar, jf. kommunelova § 23-2, e.

Vurderingar og verknader

På bakgrunn av vedtaket over er tilbakemelding motteke i sekretariatet 21.11.2022. Tilbakemeldinga m/ vedlegg ligg ved.

Her er det teke utgangspunkt i kommunestyret sitt vedtak, punkt 1-7.

- Operasjonalisering av dei 7 punkta er å finna i 18 definerte tiltak.
- Av desse er 16 tiltak planlagt ferdigstilt til ulike tider i 2023.
- Innsats for dei to siste punkta vert definert som kontinuerleg arbeid.
- Arbeid med ein del av tiltaka har starta opp i 2022.
- Det er ikkje nokre av dei nemnte tiltaka som er ferdigstilt i 2022.

Kommunestyret forsterka kontrollutvalet si innstilling på to område med at «vurdere å» vart teke bort i pkt. 4 og 5. Uansett formulering, så ber oppfølgingsdokumentet tydeleg preg av at administrasjonen har klare tankar om å få til ei god oppfølging til beste for barn og unge i Stord kommune innafor alle dei nemnte oppfølgingspunkta i kommunestyrevedtaket.

Oppfølgingsdokumentet inneheld diverse informasjon som synleggjer statleg og kommunalt arbeid med innretning på å styrka tenestetilbodet overfor barn og unge. Det er lagt ved 3 interessante vedlegg på saksfeltet:

1. Handbok for koordinator i Stord kommune
2. Eg er blitt koordinator – kva gjer eg?
3. Korleis startar eg opp koordinatorarbeid og individuell plan.

På kontrollutvalet sitt møte 01.12.22, vil sakshandsamar Birthe Blokhus møta for å kunna gje munnleg orientering. Ho er einingsleiar for førebyggjande tenester.

På bakgrunn av det som er meldt attende om innsats framover, bør kontrollutvalet be om å få ny status for oppfølging av denne forvaltningsrevisjonen til første møte i utvalet, hausten 2023.

Konklusjon

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet tar tilbakemeldinga frå fungerande rådmann når det gjeld forvaltningsrevisjon om førebyggjande arbeid for barn og unge i Stord kommune til orientering. Vidare vert det tilrådd at kontrollutvalet ber om å få tilsendt ny skriftleg status på oppfølging av forvaltningsrevisjonen til første møte i utvalet, hausten 2023, med frist for levering til sekretariatet 10.08.2023.

Oppfølging av forvaltningsrevisjon

Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet tinga ein revisjon av det førebyggjande arbeidet i Stord kommune. Føremålet med revisjonen var å undersøkje om Stord kommune har etablert eit systematisk og planmessig førebyggjande arbeid retta mot barn og unge, og om kommunen har ei føremålstenleg organisering av det førebyggjande arbeidet. Vidare var det eit føremål å undersøkje om kommunen har etablert eit tilfredsstillande system for å sikra at samarbeid og samordning og mellom ulike kommunale tenester er i samsvar med regelverket.

Deloitte fekk oppdraget og leverte sin revisjonsrapport i mai 2022. Saka og funna frå revisjonen vart handsama i kontrollutvalet og deretter i kommunestyret i juni 2022.

Basert på det som kjem fram i revisjonen vert det tilrådd at Stord kommune sett i verk følgjande tiltak:

1. Etablerer ei overordna oversikt over mål og planar innan førebyggjande arbeid retta mot barn og unge, og sikrar tilstrekkeleg operasjonisering av måla som er sett for tenestene på området.

Kommunen skal utarbeide ein heilskapleg plan for kommunens arbeid med å førebyggje omsorgssvikt og åtferdsproblem, jf. barneverntenestelova § 3-1, 2.ledd.

Oppvekst og kultur (OKU) arbeider med ein ny kvalitetsutviklingsplan som er gjeldande for barnehagar, skular, barnevern og førebyggjande tenester. Dette skjer parallelt med at det vert arbeidd med oppvekstreforma, tenestene skal spissast og styrkjast inn mot styrking av det førebyggjande arbeidet og tidleg innsats. Kvalitetsutviklingsplanen skal svare ut oppdraget til kommunen jf. barneverntenestelova § 3-1, 2.ledd.

Planen for det førebyggjande arbeidet skal innehalde ei skildring av:

- Overordna mål og strategiar for det heilskaplege tenestetilbodet.
- Korleis ansvaret skal fordelast mellom etatane/ einingane
- Korleis oppgåveløysinga skal organiserast
- Korleis ulike etatar/einingar skal samarbeide

Stord kommune arbeider med kartlegging og oversikt over tenestetilbodet gjennom arbeidet med Oppvekstreforma. Dette vil gi både innbyggjarane og tenestene ei heilskapleg oversikt over kva tenester Stord kommune har.

Alle tenestene til barn, unge og deira familiar har plikt til å samhandla og samordna tenestetilbodet som brukar skal motta. Dette er blitt forsterka gjennom ny nasjonal rettleiar «[Samarbeid om tjenester til barn , unge og deres familier](#)».

Stord kommune skal arbeida med ei tydeleggjering av oppgåveløysinga, rutinar for korleis einingane i oppvekst og RHO skal samarbeide gjennom å skildra ein samhandlingsmodell som syner og tydeleggjer det mandatet ein har gjennom lov, regelverk, nasjonale rettleiarar til system, struktur og rutinar i Stord kommune. Kommunane er oppmoda om å jobbe parallelt med planen og det førebyggjande arbeidet.

Skildring av tiltak	Ansvar	Ferdigstilling
Vidareutvikle oversikt over tiltak til barn, unge og deira familiar	Kommunalsjef OKU	April 2023
Samarbeid om tjenester til barn , unge og deres familier ». Den nye rettleiaren skal handsamast og gjerast kjent for heile oppvekstsektoren og RHO	Kommunalsjef OKU og RHO	Våren 2023
Planen for det førebyggjande arbeidet i Stord kommunen vert skriven som ein revidering av kvalitetsutviklingsplanen for oppvekst	Kommunalsjef OKU	2023
Utarbeide ein kompetanse- og metodeoversikt	Kommunalsjef OKU	Haut 2022

2. Sikrar tydeleggjering av oppgåver, rollar og ansvar innan førebyggjande arbeid retta mot barn og unge. Under dette:

a) Tydeleggjere oppgåver og ansvar i dei tilfella der fleire tenester har overlappende ansvar og det dermed er risiko for at oppfølginga kan glempe.

Ansvarsforholda ikring barn, unge og familiar som har utfordringar er skildra, og skjerpa, i lovtekstane gjennom den nye nasjonale rettleiaren som tidlegare omtala. Det er gjort eit arbeid frå myndigheitene på harmonisering av 14 ulike lover som regulerer arbeidet og skildrar ansvarsforholda kvar sektor har, under ser ein oversikt over kva lover som har gjennomgått harmoniseringa:

HOD	BFD	KD	AID
Tannhelse- lova	Barnevernlov	Opplæringslova	Nav-lova
Spesialisthelse- tenestelova	Familievernkontor- lova	Friskulelova	Sosialtenestelova
Psykisk helsevernlova	Krisesenterlova	Barnehagelova	Integreringslova
Helse- og omsorgstenestelova			
Pasient- og brukarrettslova			

Det å samhandla er tett knytt til haldningar og rolleforståing for korleis ein skapar eit lag rundt og for barnet, den unge og familiare deira. Det er sentralt at ein har høg grad av brukarmedverknad og at familien vert sett på som ein ressurs i arbeidet. Dette er viktige faktorar som ein har starta arbeidet med, og ein mellom anna vil fortsetja å jobba med i utarbeiding av ny kommunedelplan for oppvekst og kultur, arbeidet med oppvekstreforma og Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis.

Skildring av tiltak	Ansvar	Ferdigstilling
Arbeidet med tydeleggjering på roller, ansvar og oppgåver for einingar og tilsette som arbeider med barn, unge og deira familiar er planlagt oppstart november 2022, og må arbeidast inn i Stord kommune sine interne samhandlingsrutinar.	Kommunalsjef OKU og RHO	Hausten 2023

b) Tydeleggjere rollar og ansvar knytt til bruk av stafettloggen.

Stafettloggen er eit digitalt samhandlingsverktøy og ein samhandlingsarena mellom tenesteytande einingar, barn/unge og deira føresette. Den har sikringsnivå 4, som betyr at ein kan forvalte personopplysningar på korrekt og sikker måte.

Ein «stafettloggknytt til eit barn/ein person» gir oversikt over kva uro ein har for det aktuelle barnet si utvikling, kva tiltak som er sett inn og kven som har ansvar for tiltaket. Dette gir mellom anna oversikt i arbeidet og kva tid tiltaka skal evaluerast. Evalueringa blir gjort i samarbeid med barnet, den unge og/eller føresette og syner om tiltaket har hatt effekt og kan avsluttast, vidareførast, justerast eller om det er naudsynt med nye tiltak.

Ansvarsforhold i stafettloggen:

1. Kommuneadministrator i Stafettloggen har ansvar for at systemet er operativt og har samarbeid med leverandør for optimalisering. Ein kan og ta ut overordna tal på stafettloggar, type tiltak og merksemder som er oppgitt og korleis tiltaka er evaluert på eit overordna anonymt nivå.
2. Einingsleiar har ansvar for at alle tilsette i si eining er kjend med denne måten å jobba på (BTI) og stafettloggen som samhandlingsverktøyet. Einingsleiar oppdaterer brukarane i si eining med tilgangar. Einingsleiar kan og gå inn og overstyra stafettlogg til eit barn i si eining og overføra til anna tilsett ved til dømes sjukefråvær.
3. Den tilsette som er uroa for eit barn har ansvar for å utforska denne uroen og evt. å knyte til seg ressurspersonar i hjelpetenester. Vidare har den tilsette ansvar for å starta ein stafettlogg etter samtykke frå barnet/den unge og/eller føresette.
4. Dersom det er naudsynt å invitera inn hjelpetenester i stafettloggen vert det drøfta kven som skal vera «stafettloggghaldar», det vil sei ha ansvar for stafettloggen.
5. Stafettloggghaldar kan overføra stafettloggen til andre einingar til dømes frå barnehage til skule når det er aktuelt. Dersom barnet flyttar frå kommunen kan den overførast til andre kommunar om aktuell kommune nyttar same system, om ikkje kan heile loggen skrivast ut og sendast ny kommune om det føreligg samtykke frå barnet/ungdommen og deira føresette/omsorgsgivarar.

Skildring av tiltak	Ansvar	Ferdigstilling
Sjå punkt 5	Einingsleiar førebyggjande tenester	Juni 2023

3. Sikrar at alle tilsette er tilstrekkeleg kjend med

a) kva som ligg til ansvar og oppgåver som koordinator for arbeid med individuell plan.

Stord kommune har laga rutinar og handbok for koordinatarar som skildrar dette, dette ligg i internkontrollsystemet som alle tilsette i Stord kommune har tilgang til . Sjå vedlegg nr 1, 2 og 3.

Frå 01.08.22 kom det ei lovendring som gjer at kommunen har plikt til å utpeike ein barnekoordinator etter helse- og omsorgstenestelova [§ 7-2 a](#) Villkår for å få barnekoordinator er at barnet har alvorleg sjukdom, skade eller nedsett funksjonsevne. Denne plikta gjeld og før fødsel, og er til ungdommen er 18 år og kan utvidast til 25 år. Vidare er det skildra at det må føreligga behov for langvarige og samansette koordinerte helse – og omsorgstenester og andre velferdstenester. Denne ordninga er omtala i [Samarbeid om tjenester til barn , unge og deres familier](#)

Skildring av tiltak	Ansvar	Ferdigstilling
Stord kommune arbeider med å implementera dei nye føringane for barnekoordinator og avstemma dei eksisterande rutinane som ligg for koordinator oppimot ny ordning.	Kommunalsjef OKU og RHO	April 2023

b) Rutinar og verktøy som er etablert for å sikre kartlegging og oppfølging av barn med behov for oppfølging.

Sidan 2012 har Stord kommune vore ein av dei 8 av nøkkelkommunane til då Helsedirektoratet si satsing av betre tverrfagleg innsats. Satsinga er no overteke av Bufdir. Det er over 150 kommunar i Noreg som nyttar modellen pr i dag.

Gjennom arbeidet med betre tverrfagleg samhandling ([BTI](#)) vart det i 2018 laga eit digitalt hjelpeverktøy for korleis ta tak i uro, og verktøy knytt til korleis få opplevinga av uro ikring eit barn til eit konkret språk. Dette vert kalla [BTI-rettleiar](#) – og dei tilsette kan gå steg for steg med tilhøyrande verktøykasse for kvart steg. Verktøya ligg og samla, og skal vera lett tilgjengeleg for dei som kjenner verktøyet. Sjå sida her: <https://stord.betreinnsats.no/verktoy/>

Det er BTI-modellen som er førande for korleis me arbeidar med uro for barn, unge og deira familiar i Stord kommune i dag. Ein skal som tilsett i oppvekst nytta verktøyet til å ta tak i uroa ein har, og utforska den ved hjelp av verktøya og ved hjelp av dei støttetene ein har i førebyggjande tenester og i barneverntenesta. Det fyrste steget skal vera tatt innan 4 veker. Gjennom stafettloggen kan ein elektronisk kopla på ulike fagpersonar for å hjelpa med å finna gode tiltak som kan avhjelpa eller retta opp ei risikoutvikling. Hjelpetenestene skal hjelpe skulane og barnehagane innan 2 veker om det er behov for ytterlegare kompetanse utover det skular og barnehagar har.

BTI-modellen er og førande for korleis samhandling skal føregå i enkeltsaker, ein koplar på/av instansar etter behov. Ein har etter kvart gått gjennom modellen og verktøyet i fleire einingar og avdelingar, eksempel er NAV kommune, Psykisk helse og rus, tildelingskontoret, habilitering. Det er naudsynt med vidare opplæring. Utanfor Stord kommune har me kopla på vidaregåande skule, OT/PPT og me har eit pilotprosjekt med BUP Stord på enkeltsaker.

Arbeid med barn, unge og deira familiar famnar breidt i problemstillingar og for å løyse ulike utfordringar må ein arbeida meir heilskapleg og koordinert. Stord kommune vil utarbeida digital plattform som tydeleggjer kva føringar ein har frå sentrale mynde, Stord kommune sine rutinar for

samhandling, sett saman med dei ulike fagfelte. Plattformen skal vere tilgjengeleg for alle og lenkast til <https://stord.betreinnsats.no>

Skildring av tiltak	Ansvar	Ferdigstilling
Fellesdagar for oppvekst, informasjon gir felles ståstad – oppstart november 2022	Kommunalsjef OKU	Kontinuerleg arbeid
Gje tilsette ansvar for å gjera seg kjent med dei rammene for arbeidet som er førande gjennom opplæring og bruk av dei verktøya som Stord kommune har.	Einingsleiarar OKU og RHO	Juni 2023
Kompetanse til å sjå risikoutvikling og kompetanse til å handla ved oppdaging av risikoutvikling	Einingsleiarar OKU og RHO	Kontinuerleg arbeid

4. Vurderer å etablere rutinar som sikrar at tenester etterspør samtykke frå foreldre om overføring av informasjon til relevante instansar, i tilfelle der familiar med utsette barn skal flytte frå kommunen.

- Det er rutinar for dei sakene der det er lovkrav for barnevernstenesta å senda bekymringsmelding til ny kommune om det føreligg bekymring som gir grunnlag for det. Jf. Lov om barneverntenester.
- Det er rutine å sende helsestasjons- og skulehelsetenesta sin informasjon til ny bustadskommune.

Tiltak	Ansvar	Ferdigstilling
Laga rutine som etterspør samtykke til å overføra informasjon til ny kommune på barn og unge det er knytt uro til og/eller har tiltak for retta opp risikoutvikling der ein ser at det er tenleg for barnet/ungdommen si utvikling i dei saker der det ikkje allereie er knytt ein rutine til.	Einingsleiar førebyggjande tenester	Mars 2023

5. Vurderer å leggje til rette for at fleire tilsette i kommunen har god kunnskap om BTI-modellen og dermed til dømes kan gjennomføre opplæring i BTI-metodikken for andre tilsette.

Fleire i kommunen kjenner godt til BTI-modellen og målsetjinga for den, samstundes ser me at det er behov for at fleire kjenner større eigarskap til modellen og at ein arbeider med å forstå grunnmodellen og kjenner eigarskap til å ha fokus på tidleg innsats og betre tverrfagleg innsats.

Kvar og ein einingsleiar i oppvekst må ha dette i sitt mandat og rolleforståing. Det kan me fordel opprettast superbrukarar i kvar eining, slik at arbeidsfordelinga internt i einingane vert overkommeleg og ansvar fordelt på fleire. Ein vil arbeida vidare med dette i samlingane som oppvekst har saman med kommunalsjef for å sikra gjennomføringa av tiltaket.

Fleire frå vaksentenestene som einingane i oppvekst samarbeider med, må setja seg betre inn i modellen og bruken av den. Dette arbeidet er starta, og ein lærer opp nye som er tilsett i vaksentenestene etter kvart som vaksentenestene ynskjer det.

Skildring av tiltak	Ansvar	Ferdigstilling
Kvar einingsleiar som nyttar BTI-modellen oppnemner ein superbrukar i si eining. Superbrukaren skal få opplæring i metodikk og verktøy for vidare implementering og oppretthalding av kompetansen i kvar eining.	Einingsleiar førebyggjande tenester	Juni 2023

6. Sikrar at det blir etablert klare samarbeidsstrukturar og tilstrekkeleg tverrsektorielle møteplassar mellom sentrale tenester i OKU og RHO som jobbar opp mot barn og familiar i kommunen.

Viser til svaret under punkt 3b). I tillegg ser ein behov for ei oversikt over dei sentrale føringane, knytt opp til dei kommunale rutinane i Stord kommune. Gjennom kartlegginga som er gjort i arbeidet med oppvekstreforma, vert det gitt tilbakemelding på at dette er eit behov einingar og avdelingar kjenner på. Dette må ein sikra gjennom ein betra samarbeidsstruktur på systemnivå. Einingane og avdelingane som arbeider med barn og unge treng meir kunnskap om kvarandre, om mandat og måtar å løysa ulike utfordringar på. Dette bør skje gjennom etablerte møteplassar og gjennom utveksling av informasjon.

Per i dag har Stord kommune ulike møteplassar på systemnivå som samlar leiarar og tilsette i ulike einingar og avdelingar, til dømes einingsleiar møte/samlingar, samling for leiarar i oppvekst, SLT-koordineringsmøte, folkehelserådet, bustadsosialt forum for å nemna nokon. Desse møta kan ein nytta, i tillegg til det som vert tatt opp pr i dag, til å arbeida meir med kjennskap til og systematisere og informere om det arbeidet Stord kommune gjer oppimot barn, unge og deira familiar.

Kommunen skal laga ein modell for å synleggjera samanhengen mellom det faglege arbeidet og lovkrava, og korleis ein har valt å løysa det gjennom rutinar for både for det individuelle arbeidet med kvart enkelt barn, men og korleis ein skal samarbeide på systemnivå. Me ser at synleggjering av desse samanhengane i arbeidet, vil vera til hjelp for rolleforståinga for den enkelte tilsette i oppvekst.

Skildring av tiltak	Ansvar	Ferdigstilling
1. Stord kommune har motteke midlar til å arbeida med eit tenesteforløp for barn med autisme dette arbeidet. Det er grunn til å tru at dette vil og identifisera fleire utfordringar både i det interne samarbeidet og det eksterne samarbeidet med samarbeidspartnarar som me kan gjera oss nytte av på generelt nivå.	Einingsleiar førebyggjande tenester	Ferdigstilling haust 2023
2. Arbeida vidare med å gjera samanhengen mellom sentrale føringar, kommunale planar og rutinar meir tilgjengeleg for alle tilsette gjennom ei nettbasert løysing knytt til same plattform som den digitale handlingsrettelearen til BTI ligg på.	Einingsleiar førebyggjande tenester	Oppstart hausten 2022, ferdigstilling haust 2023

3. Arbeida fram rutinar knytt til samhandling og informasjonsutvekslinga både i dei enkelte einingane og i årshjula som er laga i Compilo	HMT-leiar	Oppstart hausten 2022, ferdigstilling haust 2023
4. Etablere møtepunkt på systemnivå mellom dei ulike sektorar og einingar med informasjonsutveksling om kva den enkelte eining kan bidra med.	Kommunalsjef RHO og OKU	Juni 2023
5. Stord kommune tek ei gjennomgang av organiseringa for dei ulike sektorane, einingane og avdelingane som arbeider med barn, unge og deira familiar for å sjå om det er teneleg organisering pr i dag for tenestemottakarane og samarbeidet til tenesteytarane.	Rådmann	Oppstart hausten 2022, ferdigstilling haust 2023

7. Etablerer rutinar for å melde avvik knytt til samhandlinga mellom tenestene i det førebyggjande arbeidet retta mot barn og unge, og rutinar for å følgje opp slike avvik

Avvikssystemet i Stord kommune er tilrettelagt for å melda avvik på samhandlinga som skal skje i det førebyggjande arbeidet retta mot barn og unge. Det er grunn til å tru at det å ikkje melda avvik handlar om haldningar og forståing av korleis ein arbeider med avvik.

Avvik skal vera eit varsel om at ein har eit forbettringspotensial. Og sikra denne forståinga gjennom ei samforståing og ei haldningsendring til å melda avvik vert viktig i arbeidet frametter.

Oppvekstsektoren har ikkje kultur for å melda denne type avvik, og ein ser at det er andre einingar i Stord kommune som har arbeidd systematisk med denne type arbeid med gode resultat. Me ynskjer å sjå på det arbeidet som er gjort for å få felles forståing for avviksarbeidet og det å melda avvik på samhandlinga.

Skildring av tiltak	Ansvar	Ferdigstilling
Arbeida fram samforståing og rutine for å melda avvik på samhandling	HMT-leiar	Juni 2023

Vedlegg:

1. Handbok for koordinator i Stord kommune
2. Eg har blitt koordinator - kva gjer eg?
3. Korleis startar eg opp koordinatorarbeid og individuell plan

HANDBOK FOR KOORDINATORAR



**STORD
KOMMUNE**

1. Handboka sitt formål
 - 1.1. Formålet med handboka
2. Viktige omgrep
 - 2.1. Kva er koordinator og IP?
 - 2.2. IP og samtykke
 - 2.3. Brukarmedverknad
 - 2.4. Ansvarsgruppe
3. Kva seier lovverket?
 - 3.1. Lover og regler som gjeld koordinering av tenester
4. Koordinerande eining (lovpålagte pliktar)
 - 4.1. Organisasjonskart for eininga
 - 4.2. Kva kommunen har plikt til og kva sjukehuset har plikt til
5. Utøving av koordinatorrolla
 - 5.1. Meir om koordinatorrolla
 - 5.2. Døme på koordinatorar sine oppgåver i kommunen
 - 5.3. Når behovet for koordinator/IP er der
 - 5.4. Fyste møte mellom koordinator og brukar
 - 5.5. Framdrift av planarbeidet
 - 5.6. Ved skifte av koordinator
 - 5.7. Ved avslutning av tenesta koordinator/IP
6. Rolleavklaring
 - 6.1. Primærkontakt og koordinator
 - 6.2. Koordinator for diagnosegrupper og pakkeforløp
 - 6.3. Forholdet mellom rolla som tenesteytar og koordinatorrolla
7. Utarbeiding av individuell plan
 - 7.1. Planprosessen
 - 7.2. Kva skal stå i journal og kva skal stå i IP?
 - 7.3. Avklaring av behov, ressursar, ønskjer og mål
 - 7.4. Form og innhald i ein individuell plan
 - 7.5. Mål
 - 7.6. Prioritering av tiltak
 - 7.7. Tidfesting av planperiodar og tiltak
 - 7.8. Ansvar
 - 7.9. Evaluering, oppdatering av plan og plan for neste fase
 - 7.10. Forholdet mellom IP og delplaner
 - 7.11. Individuell plan og koordinator ved sårbare overgangar
8. Sampro

- 8.1. Pålogging i SamPro
 - 8.2. Nettbasert innføringspresentasjon
9. Kva er skilnaden mellom IP og BTI/Stafettloggen?
- 9.1. Om BTI-modellen
 - 9.2. Stafettloggen

Tips til nyttige dokumentar, kurs, filmar og nettsider s. 19-20

Vedlegg:

Vedlegg 1: Prosedyre for utnemning av koordinator og oppstart av individuell plan

Vedlegg 2: Eg har blitt koordinator...

Vedlegg 3: Grafisk framstilling av korleis starte opp koordinatorarbeid og IP (flytskjema)

Vedlegg 4: Møteleing

Vedlegg 5: Livshjul «Kva er viktig for deg?»

Vedlegg 6: Brosjyre om individuell plan og koordinator

Vedlegg 7: Sjekkliste for nye koordinatorar

1. Handboka sitt formål

1.1 Formålet med handboka

- Sikre at tenestemottakarar i Stord kommune får eit heilskapleg, koordinert og individuelt tilpassa tenestetilbod.
- Sikre at tenesteutøvar kan utføre rolla som koordinator med utgangspunkt i gjeldande rammer og lovverk.

Handboka gjeld for alle tilsette i Stord kommune som har ansvar for å vere koordinator, og som deltek i utarbeidinga av individuell plan (IP). Alle tilsette i Stord kommune bør vite kva gjeldande lovverk seier om koordinator og IP. Slik vil dei vere i stand til å identifisere og ta initiativ til at dei brukarane med behov for det, får tilbod om å få ein individuell plan og/eller oppnemnd ein koordinator.

Handboka tek utgangspunkt i lovverk og rettleiarar som omhandlar individuell plan og koordinator. Den kan brukast som eit oppslagsverk når ein til dømes skal opprette ein IP for fyste gong, eller i samband med at ein skal ha eit ansvarsgruppemøte. Ein del av materialet i handboka er henta frå Helsedirektoratets e-læringskurs om IP og koordinator.

2. Viktige omgrep

2.1. Kva er koordinator og IP?

Pasient og brukar med behov for langvarige og koordinerte tenester har rett til å få oppnemnt ein koordinator og til å få utarbeida ein IP om dei ynskjer det. Dersom brukar takkar nei til IP, skal dei likevel få tilbod om koordinator. Å koordinere betyr «å få til å virke saman».

Formålet med IP og koordinator er å:

- Sikre at brukar får eit heilskapleg, koordinert og individuelt tilpassa tenestetilbod.
- Sikre brukar sin medverknad og innflytelse
- Styrke samhandlinga mellom tenesteaktør og tenestemottakar, og eventuelt pårørande.
- Styrke samhandlinga mellom tenesteaktørane på tvers av fag, nivå og sektorar.

Kven er koordinator?

- Det er oftast ein av tenesteytarane som personen har mykje kontakt med som blir oppnemnt som koordinator.
- Det må verte gjort ei totalvurdering av kven det er mest hensiktsmessig at tek på seg rolla som koordinator.

Kva gjer ein koordinator?

- Sikrar samordning av tenestetilbodet og utøver god framdrift i arbeidet med IP
- Sørger for god brukarmedverknad og heilskapleg oppfølging

- Bidrar til samarbeid mellom ulike aktørar og tenester

Dei viktigaste oppgåvene for ein koordinator er å sikre individuell planlegging og koordinerte tenester for tenestemottakar.

Kva er ein IP?

IP er eit verktøy og ein metode for planlegging på tvers av fagmiljø. Planen legg til rette for samarbeid mellom tenestemottakar og tenesteaktørar, mellom tenestemottakar og deira pårørande, og mellom dei ulike delane av tenesteapparatet. IP er brukar sin plan, og skal skildre brukar sine ynskjer om mål, tiltak og behov for tenester i notid og framtid. Måla i den individuelle planen skal spegle kva som er viktig for brukaren.

Planen beskriver mål og tiltak, tid og ansvar og evaluering av arbeidsprosessen. Individuell plan er ikkje meint å erstatte detaljerte delplanar. Delplanar som individuell opplæringsplan (IOP), behandlingsplan, palliativ plan m.m., kan inngå som delar av brukar sin IP og verte lagt ved.

Å ha ein IP i seg sjølv gjer ikkje at brukar har krav på meir eller fleire tenester enn dei elles ville hatt, men skal som nemnt sikre at tenesteaktørane arbeider mot brukar sine mål på ein koordinert måte. Brukar sin IP kan bidra til at ein får meir ut av dei tenestene ein har, betre oversikt og auka forutsigbarhet.

Brukar sin IP må vere eit dynamisk verktøy som vert oppdatert og endra i samsvar med behov, og samtidig gje tydeleg felles retning. I Stord kommune nyttar ein elektronisk IP i SamPro. Meir om korleis planen skal opprettast og kva som skal inn i planen kjem under punkt 7: «Utarbeiding av IP».

2.2. IP og samtykke

IP skal ikkje utarbeidast utan brukar sitt informerte samtykke.

Samtykke består av to element:

- Samtykke til at det vert utarbeida ein plan og at ein koordinator blir oppnemnt
- Samtykke til kva informasjon som kan delast med kven i teamet. Dette må kontinuerleg oppdaterast etter kvart som teamsamansetninga vert endra.

Brukar kan når som helst trekke samtykket sitt tilbake. Ved utarbeiding av IP i SamPro må brukar gje eit samtykke når planen vert oppretta, og for kvar plandeltakar som vert lagt til og som får tilgang til brukar sin IP.

2.3. Brukarmedverknad

Å oppnå meistring og sjølvstende er viktig også for personar som anten varig eller midletidig har nedsett evne til medverknad og til å ta sjølvstendige val. Om brukar ikkje

er i stand til å representere seg sjølv/ikkje har samtykkekompetanse, har næraste pårørande rett til å medverke saman med vedkommande.

Medverkinga skal tilpassast den enkeltes evne til å gi og å ta imot informasjon. For personar med varig nedsett kognitiv funksjonsevne, er det særskilt viktig at tenestene arbeider målretta saman med tenestemottakar, eventuelt pårørande og nettverk, for å utvikle trygge samarbeidsrelasjonar som fremmar optimal sjølvstende og deltaking.

Barn skal ut frå eigne føresetnader alltid høyras i spørsmål kring eiga helse, og har rett til å vere med å ta avgjersle som angår dei. Det er viktig å treffe barnet slik at ein blir kjent med kven dei er. Vår jobb er å freiste å få fram deira ønskjer og best mogleg samkjøre dette med ønskja frå pårørande.

2.4. Ansvarsgruppe

Ei ansvarsgruppe er ei tverrfagleg arbeidsgruppe med ansvar for planlegging og oppfølging i enkeltsakar der det føreligg eit omfattande og samansett bistandsbehov. Ansvarsgruppa består av dei tenesteytarane kring brukar som bidreg med å yte tenester til brukaren. Ansvarsgruppa skal vere eit forum for tverrfagleg samordning og informasjon.

Alle i teamet kring ein tenestemottakar har eit felles ansvar i å sikre at personen får gode tenester og ei heilskapleg og koordinert oppfølging. Koordinator er gitt eit særleg ansvar for å sikre at teamet arbeider godt saman mot felles mål – brukaren sitt mål. Ueinigheit i gruppa skal diskutert og ordnast opp i før ein møter brukar.

3. Kva seier lovverket?

3.1. Lover og reglar som gjeld koordinering av tenester

Rettar og pliktar for koordinering av tenester kring enkeltpersonar, er nedfelt i fleire lover. Rettighetar til pasientar, brukarar og pårørande er skildra i pasient- og brukarrettslova.


Pliktar er skildra i helse- og omsorgstenestelova, spesialisthelsetenestelova, psykisk helsevernlova og helsepersonellova.

Lovføresegnene er vidare utdjupa i forskrifter og vegleiarar. I tillegg er plikt til utarbeiding og samarbeid om individuell plan også nedfelt i lovverk for sektorar utanfor helse- og omsorgstenesta:

- Lov om arbeids- og velferdsforvaltninga (§ 15 NAV-lova)
- Lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga (§ 28, § 33)
- Lov om barnevernstenester (§ 3-2a)

- Lov om introduksjonsordning og norskopplæring for nyankomne innvandrere (§ 6)

Skulen si plikt til å medverke i arbeidet med individuell plan er nedfelt i Opplæringslova (§ 15-5, § 15-8) og Friskulelova (§ 3-6a, §3-6b). Her finn ein også føresegner om skulen si plikt til å samarbeide med relevante kommunale tenester om barn og unge med helsemessige, personlege, sosiale eller emosjonelle problem.



Henta frå HelseDirektoratets e-læringskurs "Kordinator og individuell plan"


4. Koordinerande eining

Koordinerande eining i kommunen har eit lovpålagt *overordna ansvar for arbeidet med individuell plan og for oppnemning, opplæring og vegleing av kordinatorar*. Einingas ansvar omfattar:

- Kommunen sin plan for habilitering og rehabilitering
- Legge til rette for brukarmedverknad
- Ha oversikt over tilbod innan habilitering og rehabilitering
- Overordna ansvar for individuell plan og kordinator
- Ta imot meldingar om behov for individuell plan og kordinator
- Utarbeide rutinar for arbeidet med individuell plan og kordinator
- Oppnemning av kordinator
- Kompetanseheving om individuell plan og kordinator
- Opplæring og vegleing av kordinatorar
- Bidra til samarbeid på tvers av fagområder, nivå, sektorar
- Ivareta familieperspektivet
- Sikre informasjon til befolkninga og samarbeidspartnarar
- Ta imot interne meldingar om mogleg behov for habilitering og rehabilitering
- Informasjon om einingas oppgåver må vere tilgjengeleg for pasientar, brukarar, helsepersonell, interne og eksterne samarbeidspartnarar.
- Dokumentasjon av ansvar, oppgåver, rutinar og avtalar må inngå i kommunens kvalitetssystem (Compilo)

4.1. Organisering av koordinerende eining i Stord kommune

Koordinerende eining i Stord kommune er plassert ved Tildelingskontoret under RHO (Rehabilitering, helse og omsorg), med sterk tilknytning til OKU (Oppvekst og kultur).



4.2. Kva kommunen har plikt til og kva sjukehuset har plikt til

Når ein person har behov for tenester frå både kommunen og helseføretaket, er det kommunen som skal sørge for utarbeiding av planen.

Det inneberer mellom anna å:

- Oppnemne koordinator og sikre naudsynt samtykke
- Leie planarbeidet i samarbeid med pasient og brukar
- Utforme og følgje opp plandokumentet
- Sikre framdrift i planprosessen og evaluering etter fastlagt tidsplan

Helseføretaket skal så snart som mogleg melde til kommunens koordinerende eining om pasientar med høve for langvarige og koordinerte tenester. Dei skal også sjølv bidra i planarbeidet. Det kan også gjelde etter utskrivning dersom pasienten fortsatt har behov

for spesialisthelsetenester. Ved høve for tenester frå andre sektorar skal dei også inkluderast i samarbeidet, i samsvar med pasientens samtykke.

For pasientar som har lengre opphald i sjukehuset bør planprosessen starte i løpet av opphaldet. Også i slike tilfelle bør behovet meldast så tidleg som mogleg til kommunen slik at dei kan oppnemne koordinator som kan delta i starten av planprosessen i løpet av opphaldet. Dette vil vere viktig for å skape ein best mogleg overgang mellom sjukehus og kommune.

Som hovudregel er det kommunen som oppnemner ein koordinator. Helseføretaket skal også tilby koordinator under sjukehusopphaldet for pasientar med behov for langvarige, komplekse og/eller koordinerte tenester. Ein koordinator i eit helseføretak skal ha dialog med pasienten sin koordinator i kommunen og andre samarbeidspartnarar.

5. Utøving av koordinatorrolla

5.1. Meir om koordinatorrolla

«Å sørge for naudsynt oppfølging av den enkelte tenestemottakar og sikre samordning av tenestetilbodet og framdrift i arbeidet med individuell plan».

Slik skildrar lovverket dei overordna rammene for koordinatorrolla. Vidare er innhaldet i rolla utdjupa i vegleiar om koordinator og individuell plan. Utøving av rolla som koordinator vil vere forskjellig avhengig av den personen ein er koordinator for. Nøkkelen til å utforme og utøve rolla tilpassa til den enkeltes situasjon og behov ligg i kontinuerlig dialog og forventningsavklaring.

5.2. Døme på koordinator sine oppgåver

- Fungere som ein «navigatør» i systemet for brukar – sikre samordning av tenestetilbodet og god informasjon og dialog



- Avklare ansvar og forventningar og sikre felles forståing av brukar sine mål

- Fremje brukar si meistring, kartlegge ressursar, og leggje til rette for brukarmedverknad





- Vere teamleiar og trekke inn samarbeidspartnarar
- Initiere, innkalle og eventuelt leie møter knytt til IP og koordinering (ansvarsgruppemøte)

- Skape tryggleik og forutsigbarhet - både for brukar og samarbeidspartnarar



- Følgje opp, evaluere og oppdatere plandokumentet, og sikre framdrift i arbeidet

5.3. Når behovet for koordinator/IP er der (i samsvar med «Prosedyre for utnemning av koordinator og oppstart av individuell plan»)

- Tenesteytar/brukar melder frå om behov for/ønskje om koordinator og eventuelt IP til Systemkoordinator i KE, eller sakshandsamar i tildelingskontoret.
- Sakshandsamar snakkar med brukar og/eller tenesteytar, for å kartlegge behov og ønskje for koordinator og IP.
- Sakshandsamar i tildelingskontoret snakkar med aktuell utførareining, som oppnemner ein koordinator til brukaren. Det skal verte lagt stor vekt på brukar sitt ønskje ved val av koordinator. Koordinator skal fortrinnsvis vere tilsett i kommunen, og frå den tenesta som er mest involvert. Ulike profesjonar kan vere koordinator.
- Sakshandsamar skriv vedtak for tenesta koordinator/IP, og sender dette til brukar.
- KE behandlar saka dersom ingen tek på seg rolla som koordinator
- Koordinator tek kontakt med brukar, og avtaler eit fyste møte.

5.4. Fyste møte mellom koordinator og brukar

Formålet med det fyste møtet er mellom anna å avklare forventningar til kvarandre. Ein ønskjer å kartlegge behovet for koordinering, og å avklare rollar og arbeidsoppgåver. Sjå kapittel om rolle som koordinator og rolle som fagutøvar (kap. 6.3). For vidare arbeid opprettar ein ei tilgang i SamPro, innhentar samtykke og kartlegg kva tenester som er involvert og kven som er kontaktpersonar. Det er viktig å gjennomgå bruk av SamPro i lag med brukar, slik at ein sikrar at planen blir brukt frå starten av. Sjå «Eg har blitt koordinator...» og «Prosedyre for utnemning av koordinator og oppstart av individuell plan» for meir om det fyste møtet.

5.5. Framdrift av planarbeid

Koordinator har ansvar for framdrift i arbeidet med IP. Dersom andre deltakarar ikkje følgjer opp sin del av ansvaret, må koordinator etterspørje framdrift. Dersom koordinator ikkje får kontakt med deltakar innan rimelig tid, kontaktar koordinator leiar til tenesteytar for å avklare prosessen vidare.

5.6. Ved skifte av koordinator

I nokre overgangar kan det vere behov for å byte koordinator. Då må koordinator:

- Informere næraste leiar om behov for koordinatorbyte.
- Avklare om andre i ansvarsgruppa kan vere koordinator. MERK: Dette skal ikkje diskuteras med brukar tilstade. Det er viktig at tenesteytar opptrer profesjonelt ovanfor brukar. Dersom ingen aktuelle tenesteytarar tek på seg å vere ny koordinator, melder ein frå til systemkoordinator i KE.
- Informer planeigar om kven som kan ta på seg ansvar som ny koordinator. Brukar må godkjenne ny koordinator.
- Informer systemkoordinator i KE om kven som vert ny koordinator.
- Legg til ny koordinator i SamPro (og fjern deg sjølv som deltakar i brukar sin plan).

Ny koordinator kontaktar brukar/føresette og startar samarbeidet. Om mogleg bør koordinatorar overlape kvarandre i overgangsfasar. Overføring av informasjon bør skje både gjennom dokumentasjon og planmøter.

Dersom byte av koordinator skjer på bakgrunn av uventa hendingar bør KE i samarbeid med relevante leiarar i tenesta ta eit særleg ansvar for at tenestemottakar blir ivareteken.

5.7. Ved avslutning av tenesta koordinator/IP

Når ein planeigar ønskjer å avslutte tenesta koordinator/IP:

- Koordinator kontaktar systemkoordinator i KE.
- Systemkoordinator i KE avsluttar planen i Sampro og registrerar det i brukar sin journal dersom brukar har journal.

Dersom koordinator over tid opplev å ikkje få kontakt med brukar, eller behovet er endra, melder koordinator i frå til systemkoordinator i KE. KE avklarar med brukar om han/ho framleis ønskjer tenesta eller ikkje.

6. Rolleavklaring

6.1. Primærkontakt og koordinatorar

Mange kommunar og helseføretak har ordningar med primærkontaktar for tenestemottakarar. Ein kan anta at innhaldet i desse funksjonane varierer. Men generelt bør det differensierast mellom oppfølging av personar som berre trenger ein kontaktperson og dei som trenger ein koordinator, og som ikkje minst har rettar knytt til

dette. Det må vere tydeleg ovanfor tenestemottakar om personellet har rolle som kontaktperson eller er oppnemnd som personen sin koordinator.

6.2. Koordinatorar for diagnosegrupper og pakkeforløp

Nokre kommunar og helseføretak har stillingar med nemninga «...-koordinator» for definerte diagnose og/eller brukargrupper. Døme på dette er «kreftkoordinator», «demenskoordinator», «utskrivingskoordinator» med meir. Det kan vere ulikt om personell med slike stillingsnamn ivareteke den lovpålagte koordinatorrolla. Lovpålagt koordinator skal verte oppnemnd på individnivå. Det vil seie at KE gjer eit enkeltvedtak i kvart tilfelle. Det skal leggast vekt på tenestemottakar sine ønskjer ved val av koordinator. I tilfelle der desse ivaretek den lovpålagte koordinatorrolla for tenestemottakarar med behov for langvarige og koordinerte tenester, må det sikrast at innhald og funksjon oppfyller krav i lov og forskrift. Det må vere tydeleg ovanfor tenestemottakar kva rolle ein har. For tenestemottakarar med behov for langvarige og koordinerte tenester som vert følgd opp i pakkeforløp er det naturleg at koordinatoren i pakkeforløpet ivareteke den lovpålagte rolla.

6.3. Forholdet mellom rolla som tenesteytar og koordinatorrolla

Rolla som tenesteytar og rolla som koordinator er to parallelle rollar. Dersom ein ikkje er tydeleg på kva som ligg i dei ulike rollene kan det oppstå konflikthar og uklarheit om ansvar og oppgåver.

Grensesetting og rolleavklaring mellom koordinator og dei andre i teamet er også viktig. Koordinator skal ikkje overta fagoppgåver som tilhøyrar dei andre i teamet. Rolle som tenesteytar inneberer å vere sjølvstendig ansvarleg for å yte tenester av god kvalitet innanfor sitt aktuelle fagområde.

Rolla som koordinator handlar om å ha eit overblikk, vere teamleiar og å leie planprosessen, og ein skal sørge for at alle i teamet samhandlar mot tenestemottakars mål og fylgjer opp i samsvar med planen. Roller vert skapt og utvikla gjennom forventningar. Dersom ein ikkje er tydeleg på kva forventningar ein skal oppfylle, vil ei rolle kunne utvidast og endras utan at det var tilsikta. Utydelegheit og samanblanding av roller kan skape konflikt. I eit tverrfagleg team er det viktig å respektere kvarandre sine roller.

7. Utarbeiding av IP

7.1. Planprosessen

Planen skal til ei kvar tid gje heilskapleg oversikt over mål, kva tenester som ytast til kva tid, og kven som har ansvar og er involvert i samarbeidet. Det viktigaste er ikkje nødvendigvis den «ferdige» planen, men prosessen mot måla.

Planprosessen inneberer:

- Målretta samarbeid i teamet rundt tenestemottakar.
- Fremmar meistring, medverknad og sjølvstende hjå tenestemottakar.

- Tenestemottakar gjev retning i planarbeidet og skal vere med på å utforme innhaldet (kva, kven, når og korleis).
- Inneberer ikkje fleire rettar for tenestemottakar, men god koordinering kan auke nytteverdien av tenestene.

Nøkkelord:

Involvere og lytte til tenestemottakaren

Løysningsorientert


Ressursfokusert

Motivasjon hjå tenestemottakar

Tenestemottakar skal oppleve at han/ho blir teken på alvor. Ein må hugse på å bruke eit kvardagsspråk som er enkelt å forstå. Tenestemottakar skal føle at det er han eller ho sin plan, og at den er enkel å følgje. Det må takast omsyn til og leggje til rette for personen sine etniske, kulturelle og språklege føresetnader. Motiverande intervju kan vere nyttig for å få til god brukarmedverknad. Sjå vedlagt lenke til meir informasjon om motiverande intervju (MI).

7.2. Kva skal stå i journal og kva skal stå i individuell plan?

Det er viktig å skilje mellom kva som skal førast i IP, som ofte vert delt med fleire team-medlemmer, og kva som skal førast i journal. Den enkelte tenesteytar skal føre løpande journal for si tenesteyting i samsvar med regelverket for dette. I pasientjournal skal det verte notert at tenestemottakar har ein IP (jf. § 8 ledd i Forskrift om pasientjournal) og kven som er koordinator. Det må ikkje leggjast opp til å dele meir informasjon enn det som er naudsynt for å nå målet med brukar sin IP. Hugs at det er tenestemottakaren som eig opplysningane i planen, og opplysningane skal samsvare med kva dei har gitt samtykke til å dele.



Henta frå Helsedirektoratets e-læringskurs "Koordinator og individuell plan"

7.3. Avklaring av behov, ressursar, ønskjer og mål

I møtet med tenestemottakar er det fleire punkt som må avklarast:

- Kva er tenestemottakar sine mål på kort og lang sikt?
- Kartlegging av tenestemottakar sine ressursar og behov (sjå sjekkliste lenger ned).
- Livsfaseperspektiv – kvar er tenestemottakar i livet?
- Kva tenester har han/ho bruk for?

Hugs: Sjå tenestemottakar sine heilskaplege behov. Spør « Kva er viktig for deg?»

Den individuelle planen skal innehalde:

- Tenestemottakar sine mål, ressursar og behov for tenester
- Kven som deltek i arbeidet med planen.
- Kven som er koordinator.
- Oversikt over kva dei ulike personane bidreg med (tenestemottakar, tenesteytarar, bidragsytarar, pårørande).
- Kva tiltak er aktuelle. Kva er omfanget av tiltaka og kven er ansvarleg.
- Korleis tiltaka skal verte gjennomført (ikkje i detalj).
- Oppføring av planperiode og tidspunkt for evaluering.
- Samtykke.
- Oversikt over naudsynt eller ønskjeleg samarbeid med andre tenesteytarar, institusjonar og etatar.

Sjekkliste – område for kartlegging:

- Medisinske forhold knytt til somatisk og psykisk helse
- Fysisk, psykisk, sosial og kognitiv funksjon
- Språk og kommunikasjon
- Generell allmenntilstand
- Evne til å utføre daglege gjeremål
- Heim, familie, vener, jobb og fritid
- Fysiske omgjevnader
- Potensiale for bruk av velferdsteknologi

Dette er tema som kan verte tatt opp ved fyste møte med brukar (sjå punkt 5.4. for meir om dette).

7.4. Form og innhald i ein individuell plan

Loverket seier kva som skal vere innhaldet i plandokumentet, men det er ikkje krav til korleis det skal utformast, digitalt eller i papirversjon. I Stord kommune nyttar ein SamPro, som er ein elektronisk IP. Planen bør vere så enkel som mogleg og utformast slik at den vert opplevd som nyttig både for tenestemottakar og tenestene. Innhald og omfang må tilpassast behova til den enkelte tenestemottakar. Dokumentet må handterast, delast og lagrast i tråd med regelverket for informasjonstryggleik og personvern. Som hovudregel bør planen oppdaterast i eller etter kvart møte, eller når

noko nytt er bestemt. Om krav til innhald, sjå forskrift om habilitering og rehabilitering, individuell plan og koordinator § 19.

7.5. Mål

Tenestemottakar sine mål skal gje retning for planarbeidet. Måla må skrivast slik at tenestemottakar kjenner igjen egne mål – det aukar motivasjonen.

Tenesteytarar kan nokre gonger vere oppteken av at tenestemottakar må setje seg realistiske mål. Som fagperson skal man vere forsiktige med å korrigere dei måla som tenestemottakar sett seg.

Døme:

Mor og far til multifunksjonshemma 4-åring ønskjer at dottera skal klare å gå. Dottera har ikkje sitjebalanse, og redusert funksjon i både armar og bein. Fysioterapeuten veit at målet om å klare å gå sannsynligvis ikkje er mogleg å nå. I staden for å seie dette, foreslår fysioterapeuten at eit av delmåla kan vere at dottera skal få betre sitjebalanse, som er noko som må vere på plass dersom ein skal ha høve til å stå utan mykje støtte. Dei sett opp «God sitjebalanse» som eit delmål, og knytt tiltak opp mot dette. Etter ei tid med tiltak retta mot å betre sitjebalansen til dottera, foreslår foreldra sjølv at dei skal ta bort målet om å klare å gå. Eit anna og meir realistisk mål blir sett, utan at foreldra opplevde at dei blei motarbeida eller mista motivasjonen for vidare arbeid mot å betre dottera sin fysiske funksjon.

Kva som er «rette» mål er vanskeleg å vite. Om målet verker urealistisk sett utanfrå så kan det likevel verke motiverande og utløyse energi og ressursar hos tenestemottakar. Det er viktig å angi gode delmål og konkrete tiltak.

7.6. Prioritering av tiltak

Når tenestemottakar har definert mål og det er gjort ei heilskapleg kartlegging av ressursar og behov kan man sitje med ei lang liste av delmål og tiltak som bør gjerast. Då er det viktig å prioritere dette i rett rekkefølge og med gode tidsrammer. Det er viktig å ikkje «gape over» for mykje innanfor dei enkelte planperiodane.

7.7. Tidfesting av planperiodar og tiltak

Ein planperiode kan innehalde fleire delmål og tiltak. I periodar der mykje er uavklart, bør planperioden vere kortare enn i meir stabile fasar. Døme på meir ustabile fasar kan vere livsfaseovergangar eller periodar med uavklart eller endra helsetilstand.

Kvar planperiode avsluttast med evaluering og plan for neste fase. Samtidig kan det også vere viktig å notere ned meir langsiktige mål som ein ikkje treng å ha hovudfokus på der

og då, men som kan angi ei retning for det vidare arbeidet og sikre at rette instansar koplast på i tidleg fase.

7.8. Ansvar

Ansvar for å følgje opp/utføre tiltak ligg i dei aktuelle tenestene og hjå tenestemottakar sjølv. Tiltak bør oppførast med tilvising til eventuelle vedtak, ansvarlege tenester/avdeling og namn.

Det må fastsettast fristar og datoar for delmål og gjennomføring av tiltak innanfor planperioden. Dette skapar god oversikt, tydeleggjer ansvar og sikrar forutsigbarhet og framdrift.

7.9. Evaluering oppdatering av plan, og plan for neste fase

Evaluering vert tidfesta til siste del av kvar planperiode.

Aktuelle tema i evalueringa:

- Måloppnåing
- Endringar i mål, behov og tiltak
- Om arbeidsforma har vore hensiktsmessig
- Tenestemottakar sine erfaringar
- Oppdatere samtykke om det kjem nye tenester som følgje av nye mål og tiltak
- Kor lang skal neste planperiode vere?

Det kan også gjerast mindre evalueringar undervegs i ein planperiode. Fortløpande evalueringar på tiltak ligg hos den ansvarlege for tiltaket. Koordinator må sikre at evalueringspunktet kjem fram i planen. Evalueringa må bidra til å fremje motivasjon og oppleving av meistring. Dersom eit mål ikkje blir nådd, er det viktig å finne vegen vidare med tenestemottakar.

7.10. Forholdet mellom IP og delplanar

Delplanar kan også vere del av ein person sin IP. IP erstattar ikkje behovet for meir detaljerte delplanar. Planen skal gje ein oversikt over delplanar som tenestemottakar har. Døme på dette kan vere:

- Palliativ plan
- Individuell opplæringsplan
- Tiltaksplan
- Oppfølgingsplan
- Rehabiliteringsplan
- Kriseplan

Delplanar kan i SamPro vere eit tiltak knytt til eit av delmåla, og kan verte lagt inn som eit vedlegg. Sjå digital vegleier til SamPro for korleis ein legg inn dokument i SamPro.

7.11. IP og koordinator ved sårbare overgangar

Døme på livsfaseovergangar kan vere:

- Frå barn til ungdom
- Frå ungdom til vaksen
- Frå barnehage til skule, og grunnskule til vidaregåande
- Frå utdanning til arbeidsliv
- Frå arbeidsliv til alderdom
- Frå spesialisthelseteneste til kommune
- Frå foreldres bustad til eigen bustad

For å skape gode overgangar og forutsigbarhet bør planlegginga starte i god tid. Det viktige er å kome i forkant av endringane.

8. SamPro

SamPro er et web-basert verktøy for å samhandle og dele informasjon av sensitiv karakter. SamPro tilbyr samarbeid på tvers av fag og sektor, i motsetning til dei systema ein bruker til journalføring, i skule m.m.

Systemadministrator for SamPro i kommunen vert omtalt som «Lokal Admin.», og er ansvarleg for vedlikehald av planmalar og for å ivareta rutinar i forbindelse med bruken av IP i SamPro. «Koordinator» er den aktøren tilknytt brukar som er ansvarleg for å opprette og vedlikehalde planer.

The screenshot shows the Visma SamPro web interface. At the top, there is a navigation bar with 'Hjem', 'Planen', 'Deltakere', 'Liste planer', and 'Adm. virksomhet'. Below this is a sub-menu with 'Start', 'Kalender', 'Melding', and 'Logg'. The main content area is titled 'Kari Nordmann - Om meg selv' and features a profile picture of a woman. The text below the picture discusses her ADHD diagnosis and her role as a coordinator. To the right, there are several widgets: 'Sist Kari var her' showing a recent update from Ulsteinvik, 'Kalender' with an event on 10.09.2014, 'Meldinger' with a meeting on 30. mai 2014, and 'Besøkt planen' listing recent visitors and their times.

Døme på korleis ein brukar si framside kan sjå ut i SamPro (henta frå https://www.individplan.no/SamProUI/help/index.html?om_unique_sampro.htm)

8.1. Pålogging i SamPro

Ved pålogging for fyste gong vil ein få tilsendt brukarnamn og passord på e-post frå Lokal Admin. Ein går inn på www.individplan.no eller www.sampro.no for å logge på. Det er anbefalt at ein brukar Google Chrome som nettlesar, men SamPro støttar også dei fleste andre moderne nettlesarar. Kvar gong du loggar inn må du fylle inn brukarnamn og passord, samt ein autentisering med eingongskode anten via SMS eller e-post. Fyste gong ein loggar seg på må plandeltakarane akseptere brukarvilkår ved pålogging. Etter at ein har logga seg på, kan ein sjølv søke seg opp ved å gå inn på brukarkortet sitt for å endre/leggje til opplysingar og eventuelt redigere påloggingsinformasjon under «Brukerkonto».

Korleis endre passord på seg sjølv: Inn i ein plan – inn på deltakarar – klikk på deg sjølv – klikk detaljar i høgre marg – rediger brukarkonto nede til høgre.

8.2. Nettbasert innføringspresentasjon

Dersom du har bruk for vidare innføring i bruk av IP i SamPro kan du gjennomgå denne nettbasterte presentasjonen av ulike funksjoner:

https://www.individplan.no/samproui/help/index.html?hvordan_logge_inn.htm

Alternativt kan du skrive inn søkeorda «*introduksjon SamPro*» i søkefeltet på Google, å få opp den same presentasjonen på dei fyste resultata som kjem opp. Det finnes fleire videoar på YouTube som ein også kan nytte, og finne ved å søkje med dei same orda.

9. Kva er skilnaden mellom IP i SamPro og BTI /Stafettloggen?

9.1. Om BTI -modellen

Du har kanskje også høyrte om BTI (Betre tverrfagleg innsats) og Stafettloggen, som også handlar om å fylgje opp brukarar (barn) tverrfaglig og/eller –sektorielt. Stord kommune har vore med å utvikle BTI saman med sju andre kommunar sidan 2012. BTI-modellen er ein samhandlingsmodell som beskriv den samanhengande innsatsen i og mellom tenester retta mot gravide, barn, unge og familiar det er knytt ei bekymring til. BTI-modellen skal bidra til tidleg innsats, samordna tenester og foreldreinvolvering.

BTI-modellen består av ein grunnmodell med tilhøyrande handlingsretteleiar, verktøy og kompetansen til dei tilsette. Grunnmodellen beskriv korleis samhandlinga kan leggjast til rette på fire forskjellige nivå, nivå 0 – 3, avhengig av omfanget på vanskaner som skal løysast, og talet på aktørar som skal involverast.

Nivå 0: Her avklarar ein om det er grunnlag for bekymringa

Nivå 1: Beskriv tiltak innanfor kvar enkelt teneste

Nivå 2: Beskriv eit enkelt tverrfagleg samarbeid, helst mellom to tenester

Nivå 3: Beskriv eit meir omfattande tverrfagleg samarbeid mellom fleire tenester.

Nivåa og tenestene i grunnmodellen vert bundne saman gjennom ein samarbeidsstruktur som er basert på at ein aktør, stafetthaldaren, har ansvar for å koordinere den tverrfaglege samhandlinga og dokumentere arbeidet i ein elektronisk stafettlogg.

For å lære meir om grunnmodellen, handlingsretteleiarer, verktøya og kompetansen til dei tilsette, besøk nettsida www.stord.betreinnsats.no, eller søk den opp på nettsida til Stord kommune.

9.2. Stafettloggen

Stafettloggen er ein sikker, elektronisk logg, som gjer føresette og dei ulike fagpersonane rundt barnet moglegheit til å samhandle. Loggen gjer samhandlinga betre, og ein ivareteke heilheten i tenesteytinga. Stafettloggen gjer ein tids- og innhaldsmessig oversikt over initiativ og avgjersle som er tatt i forhold til eit barn som har behov for ekstra innsats. Føresette skal ha eigarskap til loggen, og den bør fungere som ein avtale rundt innsatsen til barnet. Samtykke til stafettlogg blir henta inn på Nivå 1, Steg 1 i BTI-modellen.

Stafettloggen er *ikkje* ein IP. Eit barn kan både ha BTI/Stafettloggen og ein koordinator og IP i SamPro. Dersom barnet ikkje har IP frå tidligare, er det ofte at ein vurderer om ein skal utnemne ein koordinator og opprette ein IP dersom ein kjem til Nivå 3 i BTI-modellen, der det er behov for eit meir omfattande tverrfagleg samarbeid mellom fleire tenester. Hugs at det som kjenneteiknar brukarar med rett til koordinator og IP er at dei har behov for *langvarige og koordinerte tenester*.

Tips til nyttige dokumentar, kurs, filmar og nettsider:

- E-læringskurs om IP og koordinator frå Helsedirektoratet (3 modular) i KS læring: <https://www.kslaring.no/enrol/index.php?id=22752>
- Introduksjonsfilm om koordinator og IP frå Helsedirektoratet: <https://www.youtube.com/watch?v=KCR3fsLPpcM>
- Introduksjonsfilm om IP i SamPro: <https://www.youtube.com/watch?v=sBXLGdDzN-0>
- Nettbasert innføringspresentasjon om SamPro: https://www.individplan.no/samproui/help/index.html?hvordan_logge_inn.htm
- Veileder om rehabilitering, habilitering, individuell plan og koordinator: <https://www.helsedirektoratet.no/veiledere/rehabilitering-habilitering-individuell-plan-og-koordinator>

- Forskrift om habilitering og rehabilitering, individuell plan og koordinator:
<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2011-12-16-1256>
- Fremtidens primærhelsetjeneste:
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-26-2014-2015/id2409890/>
- Veileder om oppfølging av personer med store og sammensatte behov:
<https://www.helsedirektoratet.no/veiledere/oppfolging-av-personer-med-store-og-sammensatte-behov>
- Veileder om pårørende i helse- og omsorgstjenesten (Helsedirektoratet, 2017):
<https://www.helsedirektoratet.no/veiledere/paeroendeveileder>
- Helsedirektoratet sine sider om Motiverende intervju (MI) (inkluderer øvelser, podcast og filmer for helsepersonell):
<https://www.helsedirektoratet.no/tema/motiverende-intervju-mi>
- Brosjyre om IP og koordinator utarbeida av Helsedirektoratet på fleire språk:
<https://www.helsedirektoratet.no//brosjyrer/ditt-liv-din-plan-til-deg-som-kan-ha-behov-for-langvarige-og-koordinerte-tjenester>
- E-læringsrekke om IP og koordinator frå helsekompetanse.no (Helse Midt-Norge):
<http://kurs.helsekompetanse.no/plan>

Eg har blitt koordinator - kva gjer eg? (Individuell plan)

Metadata

KVA GJER EG?	VERKTØY/SPØRSMÅL
Meld koordinatoransvar til eigen leiar. Registrer oppstart av IP og koordinator i eige journalsystem.	Journalsystem
Eg treng hjelp til å starte opp! Kva gjer eg? Kven snakkar eg med?	Gjennomfør e-læringskurs for koordinatorar. Gjer deg kjent med «Handbok for koordinatorar» og «Prosedyre for utnemning av koordinator og oppstart av IP». Eigen leiar, Systemkoordinator i KE eller kollega. Ta kontakt med systemkoordinator KE for "førstegangssamtale" dersom du ikkje blir kalla inn til møte.
Informer brukar om at du er koordinator, og at du ynskjer å kome heim for å høyre kva som er viktig for han/ho.	Levere brosjyre om IP
Samtale med brukar i heimen eller på kontoret om brukar ynskjer det. <ul style="list-style-type: none"> • Bli kjent med brukar sin livssituasjon. • Gje informasjon om IP og opprette IP i SamSpill, få signert samtykkeerklæring • Avklare koordinatorrolla. 	Motiverande intervju (MI) Livshjul Canadian occupational performance measure (COPM) SMARTE mål Mal for IP/ Digital vegleiar i bruk av Samspill "Kva er viktig for deg"-arket
Brukar definerer måla sine med utgangspunkt i ynskjer og behov.	Skriv inn i plan dersom brukar ynskjer dette.


<p>I samarbeid med brukar:</p> <p>Få oversikt over aktuelle samarbeidspartar med utgangspunkt i brukar sine mål.</p> <p>Innhent samtykke til kven av dei andre tenesteytarane som skal ha tilgang i Samspill, og kva informasjon/funksjon dei skal ha tilgang til.</p>	<p>Skriv inn i plan dersom brukar ynskjer dette.</p>
<p>Ta kontakt med aktuelle samarbeidspartar og informer om oppstart av planarbeidet som du koordinerer. Avklar kven som skal vere med vidare i arbeidet og kvifor. Legg dei til som deltakar i brukar sin IP i Samspill.</p>	<p>Kontakt aktuelle samarbeidsparter,</p> <p>Telefon, SMS, e-post, e-melding.</p> <p>Digital vegleiar i bruk av Samspill.</p>
<p>Avklar korleis brukar ynskjer at samarbeidet med andre tenester skal vere.</p>	<p>ALTERNATIV 1:</p> <p>Møte med alle samarbeidspartar samstundes</p> <ul style="list-style-type: none"> • Planlegge saman med brukar: agenda, tidspunkt, stad og form. <p>ALTERNATIV 2: Små møter</p> <ul style="list-style-type: none"> • Med utvalde samarbeidspartar
<p>Du leiar møtet og sikrar at det vert skrive referat (bruk gjerne andre, avtal på førehand).</p>	<p>Bruk gjerne funksjon i Samspill til referat.</p> <p>Deleger referat til andre.</p> <p>Sjå eige skriv om møteleiing.</p>
<p>Følg opp planprosessen i nært samarbeid med brukar. Gjer avtale med brukar og samarbeidspartnarar kor ofte evaluering skal skje. (Kvar 3. mnd/6.mnd/1 år/sjeldnare?)</p>	<p>IP i Samspill.</p>
<p>Evaluer og juster mål (og plan) til avtala tidspunkt.</p>	<p>IP i Samspill.</p>
<p>Følg prosedyre for byte av koordinator dersom du må slutte som koordinator.</p>	<p>Prosedyre for utnemning av koordinator og oppstart av IP</p>
<p>Avslutt planarbeidet når brukar ikkje ynskjer dette lengre.</p>	<p>Prosedyre for utnemning av koordinator og oppstart av IP</p>

Koordinator sine arbeidsoppgåver i kommunen:

- Sikre informert samtykke frå brukar før ein set i gong planprosess og informasjonsutveksling.
- Leggje til rette for at brukar og evt. pårørande deltek i arbeidet.
- Avklare ansvar og forventningar.
- Sikre god informasjon og kommunikasjon med brukar og evt. pårørande gjennom heile prosessen.
- Sikre heilskapleg kartlegging med utgangspunkt i brukaren sine mål, ressursar og behov.
- Sikre god samhandling mellom dei ulike aktørane i helsetenesta, herunder fastlegen som har det medisinskfaglege koordineringsansvaret, samt med aktuelle tenesteytarar i andre sektorar.
- Sikre samordning av tenestetilbodet og god framdrift i arbeidet med den individuelle planen.
- Sikre felles forståing av måla i planprosessen.
- Initiere, kalle inn, og evt. leie møter knytt til individuell plan og koordinering.
- Fylgje opp, evaluere og oppdatere plandokumentet.
- Fylgje opp og evaluere planprosessen.

Vedlegg

Brosjyre om individuell plan / koordinator Last ned Flytskjema oppstart av individuell plan / koordinator Last ned Handbok for koordinator i Stord kommune Last ned Kontaktinformasjon om hjelpetilbod og tenester (individuell plan, koordinator) Koordinatorkontaktar i dei ulike einingane (Individuell plan) Livshjul (kva er viktig for deg?) Individuell plan / koordinator Last ned Møteleiing (ansvarsgruppemøte, koordinator / individuell plan) Last ned Sjekkliste for nye koordinatorar (individuell plan) Last ned Utnemning av koordinator og oppstart av individuell plan (IP)





Saksframlegg

Saksnr: 2022/243-8
Saksbehandlar:Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Stord kommune, Kontrollutvalet	39/22	01.12.2022

Rullering av plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024 - Prosessmøte ved Deloitte

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet sluttar seg til endringane som må gjerast i plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024 for Stord kommune, som resultat av endra risikobilete.
2. Notat og oppdatert plan vert å sende sekretariatet innan 20.01.2023 for vidare handsaming og godkjenning i første møte i kontrollutvalet i 2023.

Samandrag

I dette møtet skal Deloitte gjennomføre prosessmøte med kontrollutvalet for å diskutere gjeldande plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 – 2024 for å finn ut om risikobiletet har endra seg slik at det må gjerast endringar i planen.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Notat - rullering av plan for forvaltningsrevisjon.pdf

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kommunestyret i Stord kommune gjorde slikt vedtak i sak PS 53/2020 «Plan for forvaltningsrevisjon 2020 - 2024» i møte 24.09.2020:

1. *Forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 – 2024 for Stord kommune vert vedteken slik den ligg føre.*
2. *Planen erstattar plan for forvaltningsrevisjon gjeldande perioden 2016 – 2020.*
3. *Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2024.*
4. *Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å føreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planen.*
5. *Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne evalueringa.*
6. *Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av forvaltningsrevisjonar til kommunestyret etter kvart.*

Den vedteke planen inneheld desse 7 prioriterte prosjekta sett opp i rekkefølge:

1. **Beredskap; hendingar og katastrofar - Ferdig**
2. **Førebyggjande arbeid for barn og unge - Ferdig**
3. Effektivitet og kvalitet innanfor helse- og omsorg
4. Økonomisk berekraft
5. Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS
6. Læring og psykososialt skulemiljø
7. Manglande kompetanse

Til no er prosjekt nr. 1 og 2 gjennomført. Det er også gjennomført forvaltningsrevisjon av «Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS)» (saman med kommunane Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad og Sveio). Dette prosjektet vart bestilt utanom vedteken plan.

Vidare er det ein pågåande forvaltningsrevisjon av «Effektivitet og kvalitet i tenester til psykisk utviklingshemma» som vart bestilt utanom vedteken plan. Revisjonsrapport skal leverast innan 20.03.2023.

Vidare inneheld gjeldande plan 8 uprioriterte prosjekt.

På bakgrunn av punkt 5 i vedtaket over gjorde kontrollutvalet slikt vedtak i sak PS 11/22 i møte 26.04.2022:

1. *Kontrollutvalet vil i 2022 gjennomføre ei rullering av gjeldande plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 – 2024.*
2. *Kontrollutvalet ber Deloitte om å utarbeide forslag til ein prosjektplan for gjennomføring av ei slik rullering, i tråd med dei føringar utvalet gjev, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar og ressursbruk.*
3. *Prosjektplanen skal leverast sekretariatet innan 15.08.2022, slik at den kan behandlast i første møte i kontrollutvalet, hausten 2022.*

På bakgrunn av punkt 3 i vedtaket over gjorde kontrollutvalet slikt vedtak i sak PS 27/22 i møte 15.09.2022:

1. *Kontrollutvalet bestiller rullering av vedteken plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024 i Stord kommune frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan.*

2. *Det blir akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan.*
3. *Det er ei målsetting at prosessmøte med kontrollutvalet vert lagt til møte 01.12.2022.*
4. *Kontrollutvalet ønskjer at rulleringa, inkludert forslag til oppdatert plan for forvaltningsrevisjon, er klar frå Deloitte si side til handsaming i første møte i kontrollutvalet i 2023.*
5. *Notat og oppdatert plan for forvaltningsrevisjon vert å sende sekretariatet innan 20.01.2023.*

Kontrollutvalet har også fått fullmakt frå kommunestyret til å rullere plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 – 2024. Dette er ein monaleg enklare plan og det er lagt opp til at denne skal handsamast direkte i anna sak til dette møtet.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har i tråd med kommunelova § 23 vedtakskompetanse for å dra i gang og gjennomføre prosess med å utarbeide forslag til plan for forvaltningsrevisjon og heradsstyret skal gjera vedtak i saka.

I tråd med punkt 5 i vedtaket frå kommunestyret 24.09.2020 går det fram at planen skal reviderast ein gong i valperioden, og at kontrollutvalet har fått mynde til å gjennomføra denne evalueringa.

Vurderingar og verknader

Med utgangspunkt i det som går fram over har Deloitte levert vedlagte notat. Sekretariatet har merka seg at det går fram av notatet at dei vurderer at det er fleire av prosjekta i den opphavlege planen som har fått endra risiko, jf. punkt. 2.2.1 og 2.2.2. Nokre av prosjekta er vurdert å ha fått auka risiko, nokre av prosjekta er vurdert å ha uendra risiko medan andre av prosjekta er vurdert til å ha redusert risiko slik dei ser det. I tillegg til dette har dei identifisert 3 nye risikoområde som ikkje var med i den opphavlege planen, jf. punkt 2.1. Prosjekt som no vert vurdert å ha høg risiko er lista opp for seg i punkt 3.1 i notatet og prosjekt som er vurdert å ha middels risiko vert lista opp i punkt 3.2 .

Notatet vil danne grunnlag for eit prosessmøte som Deloitte vil leia, der kontrollutvalet kan diskutere seg fram til om det er grunnlag for å gjera endringar i gjeldande plan.

Konklusjon

På bakgrunn av det som kjem fram i dette prosessmøtet vert det tilrådd at kontrollutvalet sluttar seg til dei endringane som må gjerast i plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 – 2024 for Stord kommune som resultat av endra risikobilete. Revidert plan vert å sende sekretariatet innan 20.01.2023 for vidare handsaming i første møte i 2023.



UTKAST

Det er viktig å understreke at risikovurderingane er skjønsmessige, og at vurderingane er baserte på føreliggjande informasjon.

Stord kommune Notat – rullering av plan for forvaltningsrevisjon

November 2022

«Notat – rullering av plan for
forvaltningsrevisjon»

November 2022

Rapporten er utarbeidd for Stord
kommune av Deloitte AS.

Deloitte AS
Postboks 6013 Postterminalen,
5892 Bergen
tlf: 55 21 81 00
www.deloitte.no
forvaltningsrevisjon@deloitte.no

Innhald

1.	Innleiing	4
1.1	Bakgrunn	4
1.2	Gjennomførte prosjekt i perioden 2020-2022	4
2.	Kartlegging av risiko	5
2.1	Innleiing	5
2.2	Gjeldande plan for forvaltningsrevisjon 2020-2024	5
2.1	«Nye» risikoområder	18
3.	Prosjekt	20
3.1	Prosjekt med høg risiko (raudt)	20
3.2	Prosjekt med middels risiko (gult)	21

Tabeller

Tabell 1:	Prioriterte prosjekt i plan for forvaltningsrevisjon 2020-2022	6
Tabell 2:	Uprioriterte prosjekt i plan for forvaltningsrevisjon 2020-2022	12
Tabell 2:	Nye prosjekt identifisert ifm. utarbeiding av dette notatet	18
Tabell 3:	Raude prosjekt	20
Tabell 4:	Gule prosjekt	21

1. Innleiing

1.1 Bakgrunn

I 2020 gjennomførte KPMG på oppdrag frå kontrollutvalet ei risiko- og vesentlegvurdering av Stord kommune. Kontrollutvalet nytta risiko- og vesentlegvurderinga som grunnlag for utvalet sin plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020-2024. For å sikre at planen framleis speglar dei viktigaste risikoområda i kommunen, har kontrollutvalet bedt Deloitte om å medverke til ei rullering av plan for forvaltningsrevisjon.

Deloitte har tatt utgangspunkt i risiko- og vesentlegvurderinga som blei utarbeidd i 2020 og vedtatt plan for forvaltningsrevisjon, og gjort ei undersøking for å avdekkje eventuelle endringar i risikobilete samanlikna med det som blei peika på i 2020.

I dette notatet er vesentlege endringar som er avdekkja presentert, og notatet vil bli lagt fram som grunnlag for diskusjon i kontrollutvalet om prioritering av prosjekt for resten av valperioden.

Notatet bygger på informasjon som Deloitte har samla inn gjennom dokumentanalyse og intervju.

1.2 Gjennomførte prosjekt i perioden 2020-2022

I perioden etter plan for forvaltningsrevisjon for 2020-2024 blei vedteken, er følgjande forvaltningsrevisjonar gjennomført i Stord kommune:



1. Forvaltningsrevisjon av beredskap
2. Forvaltningsrevisjon av Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS) (saman med kommunane Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad og Sveio)
3. Forvaltningsrevisjon av førebyggjande arbeid for barn og unge
4. Forvaltningsrevisjon av effektivitet og kvalitet i tenester til psykisk utviklingshemma (pågåande)

2. Kartlegging av risiko

2.1 Innleiing

På bakgrunn av innsamla og analysert informasjon, vil vi i dette kapittelet vurdere risiko for manglande målinnfriing, regeletterleving, vedtaksoppfølging og internkontroll som er identifisert innan dei verksemdsområda som er gjennomgått i Stord kommune.

Risikonivå er i tabellane farga med raudt som representerer høg risiko eller gult som representerer middels risiko:

Fargesymbol	Skildring av risikovurdering
	<p>Høg risiko</p> <p>På område som er merka med raudt meiner Deloitte, på bakgrunn av framlagte data og analyse, at det kan vere høg risiko for anten manglande produktivitet, målinnfriing, regeletterleving eller effektivitet.</p>
	<p>Middels risiko</p> <p>På område som er merka med gult meiner Deloitte, på bakgrunn av framlagte data og analyse, at det kan vere middels risiko for anten manglande produktivitet, målinnfriing, regeletterleving eller effektivitet.</p>

Det er viktig å understreke at risikovurderingane er skjønnsmessige og basert på føreliggande informasjon. Kontrollutvalet kan vurdere risikoen knytt til dei ulike områda som forskjellig frå det som er foreslått her. Det er kontrollutvalet som til slutt skal vurdere og prioritere dei ulike områda, og avgjere rekkefølga for forvaltningsrevisjonsprosjekt.



Vi vil òg understreke at informasjon som går fram av notatet ikkje er verifisert, og derfor ikkje bør nyttast som fakta utan at ytterlegare undersøkingar er gjennomført.

2.2 Gjeldande plan for forvaltningsrevisjon 2020-2024



For å kartleggje endringar i risikobilete sidan risiko- og vesentlegvurderinga blei gjennomført i 2020, har Deloitte tatt utgangspunkt i dei risikoområda som blei identifisert i 2020 og dei prosjekta som blei føreslege på bakgrunn av dette. Deloitte har undersøkt i kva grad risikobilete har endra seg for kvart av prosjekta som er tatt med i gjeldande plan for forvaltningsrevisjon 2020-2024. I tabellen under syner vi kva risiko som blei identifisert i 2020, og kva risiko som er identifisert i dag. Vi har kommentert eventuelle endringar.





2.2.1 Prioriterte prosjekt



Tabell 1: Prioriterte prosjekt i plan for forvaltningsrevisjon 2020-2022

Nr.	Prosjekt og tema	Kommentar	Risiko 2020	Risiko 2022
1	Beredskap, hendingar og katastrofar	<i>Gjennomført</i>		
2	Forvaltningsrevisjon av førebyggjande arbeid for barn og unge	<i>Gjennomført</i>		
3	Forvaltningsrevisjon av effektivitet og kvalitet i tenester til psykisk utviklingshemma	<i>Gjennomført</i>		
4	<p>Forvaltningsrevisjon av effektivitet og kvalitet innan helse- og omsorgstenestene</p> <ul style="list-style-type: none"> • Dimensjonering av tenester • Kvalitet og kompetanse • Tilstreккеleg tilbod 	<p>I analysen frå 2020 blir det peika på at Stord kommune har høge driftsutgifter til pleie og omsorg, men at RHO samtidig opplever at ressursane ikkje er i samsvar med behova i tenestene. Det blir vidare vist til at grunnbemanninga innan helse og omsorg er redusert til eit minimum. Analysen viser også til at prognosane tilseier at Stord kommune framover vil ha ein sterk auke i eldre i kommunen, samtidig som kommunen må arbeide for å redusere kostnader.</p> <p>I gjennomgangen i 2022 blir det peikt på at dette framleis er utfordringspunkt i kommunen.</p> <p>I intervju i 2022 blir det vist til at kommunen framover må ha fokus på å sikre riktig tenestnivå som sikrar at ein driv effektivt i alle helse- og omsorgstenestene. Det blir vidare peikt på at innbyggjarane sine behov for kommunale helsetenester vil vekse framover, og at det er viktig at kommunen bruker kompetansen dei har på ein god måte. Det blir haldt fram at dette vil krevje rekruttering av nye tilsette samtidig som ein må omstille måten ein jobbar i tenestene. Det blir vidare vist til at dersom kommunen framover driftar helse- og omsorgstenestene slik dei gjer per i dag, kjem kommunen verken til å ha tilstrekkeleg kompetanse eller nok folk til å løyse oppgåvene innan helsetenestene.</p> <p>I årsmelding for 2021 går det fram at kommunen dette året overførte NOK 1.152.000 til Helse Fonna for utskrivingsklare pasientar. Dette var meir enn budsjettert, men om lag kr. 800.000 lågare enn i 2020.</p> <p>Pleie- og omsorgstenester KOSTRA-tal rapportar frå kommunen for 2021 viser at Stord kommune har høgare del pasientar på 80 år og meir i heimetenestene med omfattande bistandsbehov (26,9 %) enn gjennomsnittet for samanliknbare kommunar (17 %) og landsgjennomsnittet (16,1 %).</p> <p>I kommunen si årsmelding for 2021 står det at det blei opna fem nye sjukeheimplassar i 2021 og at ytterlegare fem plasser skulle opnast i</p>		

		<p>2022. Det er vidare planlagt å opne fem nye plassar i 2023, fem i 2024 og fire i 2025. Det blir vist til at det var ni personar på venteliste til langtidsplass i institusjon i desember 2021, og at det har vore auka etterspurnad etter heimebaserte tenester. Det blir vist til at få institusjonsplassar i kommunen gjer at fleire brukarar må bu heime lengre enn det som er optimalt.</p> <p>I intervju i 2022 blir det vist til at lange ventelister på institusjonsplassar i kommunen mellom anna fører til at pasientar med behov for langtidsplass får «venteplass» på korttidsavdelinga og at kommunen dermed ikkje har nok plasser tilgjengeleg til korttids pasientar. Det blir vidare vist til utfordringar med pasientar på overliggardøgn på sjukehus og at kommunen manglar omsorgsbustader på nivået mellom heimeteneste og institusjon. Det går fram at det er vanskeleg å få plass ved Knutsaåsen omsorgssenter, og vidare at omsorgssenteret i praksis blir drifta som institusjon, og ikkje som eit «mellomnivå» mellom heimeteneste og institusjon.</p> <p>Det blir vist til at det ville ha vore nyttig å gjennomføre forvaltningsrevisjon av effektivitet og kvalitet i institusjons- og heimetenestene for eldre.</p> <p>Psykisk helse- og rustenester KOSTRA-tal rapportert frå kommunen for 2021 viser at kommunen har NOK 928,4 i brutto driftsutgifter til personar med rusutfordringar per innbyggjar 18-66 år. Dette er vesentleg høgare enn gjennomsnittet for samanliknbare kommunar same året (NOK 465,5) og landsgjennomsnittet (NOK 684,4). Stord kommune ligg også langt høgare enn gjennomsnitt for samanliknbare kommunar når det gjeld utgifter til tilbod for personar med rusutfordringar, og dei har vesentleg høgare tal årsverk psykiatriske sjukepleiarar og årsverk personar med vidareutdanning i høvesvis psykisk helsearbeid og rusarbeid enn samanliknbare kommunar og landsgjennomsnittet.</p> <p>Det går vidare fram av KOSTRA-tal for 2021 at 75 % av personar på venteliste for å få bustad i kommunen, er personar med psykisk helse- og/eller rusutfordringar.</p> <p>Psykisk helse- og rustenestene er inndelt i hovudområda ambulante tenester, dagsenter og bufellesskap. Det blir vist til at det er svært låg utskifting av bebuarar i bufellesskapet, då bebuarane blir verande her fast over tid.</p> <p>I intervju blir det vist til at det er utfordringar knytt til dimensjonering av psykisk helse- og rustenester, og at det stadig blir drøfta om kommunen bør tilby døgnomsorg for denne brukargruppa. Det blir vist til at det hausten</p>		
--	--	--	--	--

		<p>2022 har vore utfordringar knytt til utskrivingsklare pasientar frå spesialisthelsetenestene, og at det kan vere krevjande å ta imot desse på ein god måte i kommunen. Det blir vist til at kommunen skulle gjennomføre eit internt møte i november 2022 om korleis å best kunne rigge tenestene sine for utskrivingsklare pasientar frå psykiatritenestene, og at kommunen i neste omgang vil gjennomføre eit møte med spesialisthelsetenestene i Helse Fonna for å sikre gode overgangar.</p> <p>Det blir vidare i intervju peikt på at det er krevjande politisk å kutte i tenester til sårbare grupper som menneske med psykisk helse- og rusutfordringar.</p> <p>Habiliteringstenester I intervju blir det vidare vist til at det blir meldt ein del avvik angående manglande tilgang til døgnrehabilitering i kommunen, og det blir stilt spørsmål ved om kommunen klarar å gi tilstrekkeleg rehabiliteringstilbod til dei som har behov for dette, til dømes pasientar som har hatt hjerneslag, har blitt utsett for ulukker eller som har langvarig alvorleg sjukdom med stort behov for oppfølging. Det blir vist til at avdelinga for døgnrehabilitering i kommunen blei avvikla for ei tid tilbake, og at kommunen per i dag i hovudsak har tilbod om rehabilitering på dagtid. Pasientar som har behov for heildøgntilbod blir ivaretatt på korttidsavdelinga på sjukeheimen, men denne avdelinga er hausten 2022 tidvis blokkert av eldre pasientar som ventar på plass ved langtidsavdelinga.</p> <p>Basert på gjennomgangen vurderer Deloitte at det er høg risiko knytt til kvalitet og effektivitet innan helse- og omsorgssektoren i kommunen.</p>		
5	<p>Forvaltningsrevisjon av økonomisk berekraft</p> <ul style="list-style-type: none"> • Risikovurderingar • Rutinar og system • Økonomistyring 	<p>I analysen frå 2020 blir det vist til at Stord har økonomiske utfordringar knytt til dei økonomiske rammevilkåra, irekna kommunane sitt inntektssystem og redusert folkevekst. Det blir vidare vist til at kommunen hadde aukande drifts- og kapitalkostnader som følgje av nye investeringar. Det går også fram at kommunen hadde etablert økonomiske handlingsreglar, men at budsjettet for 2020 ikkje oppfylte desse.</p> <p>I intervju i 2022 blir det vist til at heller ikkje budsjettet for 2023 oppfyller kommunen sine økonomiske handlingsreglar, men det blir samtidig vist til at det er behov for å oppdatere dei økonomiske handlingsreglane til kommunen.</p> <p>Det blir vidare peikt på at situasjonen når det gjeld økonomisk berekraft ikkje har betra seg dei siste to åra. Det er krevjande økonomiske tider for kommunen med høge straumprisar, manglande fondsavkastning og auka rentenivå. Det blir påpeikt at kommunen har høg lånegjeld</p>		

		<p>og er sårbar for endringar i t.d. renter og avdrag.</p> <p>Det fleire av dei intervjua som peiker på at dette er eit aktuelt område for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Det blir i eit intervju understreka at den største risikoen for kommunen framover vil vere å ha økonomisk handlingsrom til å gjere det dei er pålagd.</p> <p>Det går vidare fram av intervju at økonomi- og rekneskapseininga er sårbar for frávær, då det er relativt mange oppgåver fordelt på få tilsette, og i liten grad deling av oppgåver og ansvar mellom dei tilsette. I 2022 blei det tilsett ny økonomisjef i kommunen, og det har vore utfordringar med frávær hos sentrale medarbeidarar. Manglande oppgåvedeling og liten grad av skriftleggjorte retningslinjer og rutinar gjer at dette har vore krevjande.</p> <p>Basert på gjennomgangen vurderer Deloitte at det er auka risiko innan dette området dei siste to åra.</p>		
6	<p>Forvaltningsrevisjon av Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS</p> <ul style="list-style-type: none"> • Forvaltning av tildelte oppgåver • Organisering, styring og økonomi 	<p>I analysen frå 2020 blir det vist til at selskapet utfører ein viktig samfunnsfunksjon på vegner av kommunen.</p> <p>Stord kommune har ein eigarandel på 12,5 % i samarbeidsrådet. Samarbeidsrådet består av rådmann/kommunedirektør og ordførar frå kvar av samarbeidskommunane i IKS-et. Ordførar i Stord kommune viser til at samarbeidsrådet fungerer bra, og at medlemskommunane nyleg har hatt drøftingar om strategi for IKS-et, og dei har drøfta finansieringsmodellen. Det blir vist til at Samarbeidsrådet mellom anna har bedt om finansiering midt i budsjettåret, noko kommunane har gitt tilbakemelding på at ikkje er haldbart.</p> <p>I andre intervju blir det vist til at det kunne ha vore interessant med ein generell gjennomgang av kva interkommunale samarbeid kommunen er knytt opp til, og om kommunen eventuelt kunne ha løyst desse oppgåvene på ein annan og meir kostnadseffektiv måte.</p> <p>Basert på gjennomgangen vurderer Deloitte at det ikkje er vesentleg endring i risiko på dette området dei siste to åra.</p>		
7	<p>Forvaltningsrevisjon av læring og psykososialt skulemiljø</p> <ul style="list-style-type: none"> • Regeletterleving • Kompetanse • Rutinar og system • Samhandling mellom skulane og PPT 	<p>Det blei i 2020 peikt på at Stord kommune scora betydeleg dårlegare enn landsgjennomsnittet på nasjonale prøvar i rekning på 4. og 8. trinn, og på elev-undersøkinga når det gjaldt vurdering av læring og motivasjon. Det blei vidare vist til at enkelte skular hadde hatt store utfordringar knytt til mobbing.</p> <p>Det går fram av statistikk rapportert til Utdanningsdirektoratet for skuleåret 2022/2023 at 8. trinn på ungdomsskulane i Stord kommune framleis ligg under lands-</p>		



		<p>gjennomsnittet i rekning og lesing på nasjonale prøvar. I elevundersøkinga frå skuleåret 2021/2022 svarar om lag 9 % av elevane som har deltatt frå 7. trinn i kommunen at dei har opplevd mobbing på skulen dei siste månadane.¹ Landsgjennomsnittet for 7. trinn var på 7,9 % same skuleåret.</p> <p>Økonomiplan 2023-2026 viser til at planprogrammet for ny kvalitetsplan for oppvekst og kultur er vedtatt og at arbeidet med å utvikla og skriva kvalitetsplanen er i prosess. Kommunen arbeider vidare med utviklingsarbeid knytt til <i>Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis</i> og <i>Barnevernsreforma</i>.</p> <p>Det blir i årsmelding for 2021 vist til at oppvekst- og utdanningssektoren i kommunen dei siste åra har arbeidd med å utvikle ein inkluderande barnehage, skule og skulefritidsordning (SFO). Det å oppleve seg inkludert er viktig for barn og unge sin trivsel, læring og livsmeistring. Stord kommune nyttar modellen <i>Betre Tverrfagleg Innsats (BTI)</i> for å sikre samhandling mellom tenester i tilfelle der barn og unge har behov for ekstra oppfølging.</p> <p>Statsforvaltaren gjennomførte i 2021 tilsyn av kommunen knytt til skulemiljø på Stord ungdomskule. Kommunen fekk etter tilsynet pålegg om å rette opp fleire forhold for å sikre etterleving av trygt og godt skulemiljø i samsvar med krav til dette i opplæringslova. Det blir i intervju peikt på at det blir gjennomført gode tilsyn frå Statsforvaltaren, men at det er ei utfordring å sikre læring etter gjennomført tilsyn på tvers av skulane i kommunen.</p> <p>Deloitte vurderer at det ikkje er vesentleg endring i risiko knytt til dette området.</p>		
8	<p>Forvaltningsrevisjon av manglande kompetanse</p> <ul style="list-style-type: none"> • Rekruttering • Omstilling av tenester • Kompetansetilbod og opplæring • Heiltidskultur • System og rutinar 	<p>ROV-vurderinga i 2020 viser til at tenestebehov og ivaretaking av behovet endrar krav til både kompetanse og samsettinga av denne. Det blei peikt på at Stord kommune opplever det som utfordrande å sikre seg riktig og tilstrekkeleg kompetanse, og at dette utgjør ein risiko for mangelfulle tenester.</p> <p>I økonomiplan 2023-2026 går det fram at det dei siste åra har blitt vanskelegare å rekruttere personale, særleg sjukepleiarar, vernepleiarar og legar. I tillegg opplever kommunen utfordringar når det gjeld å rekruttere nok sommarvikarar. Dette blir også nemnt i intervju i 2022. Det blir påpeikt at legerekuttering er eit nasjonalt problem, og at Stord kommune truleg ikkje er blant kommunane som opplever størst fastlegekrise, men kommunen har likevel høge utgifter til vikarbruk innan dette området.</p>		





¹ Mobbing av andre elevar på skulen, mobbing av voksne på skulen, digital mobbing.

		<p>Frå 1. mai 2022 blei Stord kommunalteknikk og Stord kommunale eigedom samla i ei felle eining for tekniske tenester. Det blir i økonomiplan 2023-2026 og i gjennomførte intervju peika på at målet med denne samanslåinga mellom anna var å sikre kompetanseheving og utvikling og større fagmiljø som i større grad skal kunne utføre oppgåver i eigenregi.</p> <p>Det blir i intervju vist til at noko av bakgrunnen for samanslåinga var å sikre ei større prosjektsamling innan ei eining og dermed tilstrekkeleg prosjektleiarar innan både bygg, vatn og avlaup (VA). Dette skal også sikre ein meir attraktiv arbeidsplass for å tiltrekke seg kompetanse. Det blir vist til at det er mangel på denne typen prosjektleiar-kompetanse på heile Stord, både i næringslivet og i kommunen. Næringslivet går godt i 2022 og lyser stadig ut etter nye tilsette, noko som gjer at kommunen kjem i konkurranse med store aktørar som til dømes Aker Solutions om same kompetansen. Det blir vist til at det er krevjande å skaffe tilstrekkeleg kompetanse innan både bygg og VA, då dette i nokre tilfelle (tiltaksklasse 3) krev prosjektleiarar med sivilingeniørutdanning. Det blir vidare peikt på at kommunen kan leige inn ekstern kompetanse, men det er framleis kommune som er byggherre og står med hovudansvaret, og kommunen bør difor ha tilstrekkeleg kompetanse til å følgje opp innleigde konsulentar, gi dei riktige opplysingar og sikre kvalitet i kommunen sine prosjekt.</p> <p>Deloitte vurderer at det ikkje er vesentlege endringar knytt til dette området dei siste to åra.</p>		
--	--	---	--	--

2.2.2 Uprioriterte prosjekt

Tabell 2: Uprioriterte prosjekt i plan for forvaltningsrevisjon 2020-2022







Prosjekt og tema	Kommentar	Risiko 2020	Risiko 2022
<p>Forvaltningsrevisjon av busetting av flyktningar</p> <ul style="list-style-type: none"> • Måloppnåing • Samarbeid i kommunen • Etterleving av regelverk 	<p>Analysen frå 2020 viser til at kommunen er pålagt å sikre at flyktningane har ein bustad, har eit introduksjonsprogram som mellom anna inneber norskopplæring, får tilbud om helse og omsorgstenester og at born og unge får eit fullverdig skule- og barnehagetilbod. Det blir peikt på at det tidlegare har vore utfordringar knytt til busetnadsstrukturen i kommunen. Vidare går det fram at kommunen har etablert mål for busetting og integrering av flyktningar, men det blir påpeikt at det blir opplevd å vere noko usikkert korleis flyktningtilbodet i kommunen fungerer.</p> <p>I økonomiplan 2023-2026 blir det vist til at kommunen har lagt inn ein prognose på busetting av 100 personar i 2023. I intervju blir det vist til at kommunen har sett seg mål om å ta imot 175 flyktningar i 2022, men at det per november 2022 var busett 110 personar. Det blir peikt på at dette er det høgaste talet flyktningar kommunen har busett i løpet av eit år.</p> <p>Det blir vist til at det ikkje per i dag er utfordringar eller «raude flagg» innan dette området, men det blir vist til at det potensielt framover kan blir nokre utfordringar då kommunen har sett seg mål om å busette 100 nye flyktningar i 2023:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Nok tilgjengelege bustader. Næringslivet har gode tider, og dette gjer at det blir auka etterspurnad i leigemarknaden, noko som kan utfordre kommunen sitt mål om busetting av flyktningar. • Integrering i skule. Dette kan bli utfordrande dersom volumet blir stort. <p>Det blir også påpeikt at situasjonen med at det kjem fleire menneske med ulik bakgrunn samtidig til kommunen, gjer at kommunen gjerne på tenke litt nytt på korleis dei skal jobbe innan dette området.</p> <p>Deloitte vurderer ikkje at det per slutten av 2022 er vesentlege endringar i risiko knytt til dette området. Samtidig er det viktig å merke seg at kommunen har tatt imot fleire flyktningar i 2022 enn tidlegare år, og at det etter planen skal kome 100 nye personar i 2023. Dette kan føre til høgare risiko når det gjeld kapasitet i kommunen sine tenester, busetting og tilbud til denne gruppa personar.</p>		

<p>Forvaltningsrevisjon av samarbeid i NAV</p> <ul style="list-style-type: none"> • Etterleving av regelverk • Samarbeid 	<p>I 2020 blir det vist til at administrasjonen er nøgd med samarbeidet mellom kommunen og NAV stat, men at det samtidig blir vurdert at det kunne ha vore føremålstenleg å gjere ei evaluering av korleis samarbeidet fungerer.</p> <p>I økonomiplan 2013-2026 blir det vist til at det stadig blir færre yngre sosialhjelps-mottakarar i kommunen. I 2021 var delen sosialhjelpsmottakarar mellom 18-24 år på 3,5 %, noko som er mindre enn gjennomsnittet for kommunegruppa (4.8 %) og landsgjennomsnittet (5,0 %)</p> <p>I kommunen sin økonomiplan 2023-2026 blir det vist til at arbeidsmarknaden er god i kommunen, og vil halde fram i 2023. Det blir vist til at den statlege delen av NAV difor reduserer volumet på arbeidsmarknadstiltaka. Det blir påpeikt at dette kan påverka inntektsmoglegheitene for personar som ikkje har andre rettar frå statlege ytingar, noko som igjen kan påverka nivået på sosialhjelpsutbetalingane.</p> <p>I økonomiplanen blir det vidare haldt fram at auka kostnadsnivå på daglege utgifter har og ein stor påverknad på sosialhjelpsutbetalingane. Det blir vist til ei markant auke i nivået på slutten av året samanlikna med dei første månadane i 2022.</p> <p>Det kjem elles ikkje fram opplysningar som indikerer at det er vesentleg endra grad av risiko i samarbeidet mellom den statlege og kommunale delen av NAV. Deloitte vel likevel å sette risikoen til «middels» då det er ein markant prisvekst nasjonalt, noko som, saman med NAV stat si nedskalering av arbeidsmarknadstiltak, vil påverke sosialhjelpsutbetalingane for kommunen.</p>		
<p>Forvaltningsrevisjon av oppfølging av arbeidsmiljølova</p> <ul style="list-style-type: none"> • System og rutinar • Sjukefråværsoppfølging • Etterleving av regelverk 	<p>I analysen frå 2020 blei det stilt spørsmål ved kommunen sitt systematiske arbeid med helse, miljø og tryggleik (HMT). Det var vedtatt eit HMT-system i kommunen, men det blei vist til usikkerheit knytt til korleis dette blei følgt opp. Det blir vist til at særskilt oppfølging av HMT i utbyggingsprosjekt blei nemnd som ein aktuell risiko i arbeidsmøte.</p> <p>Det blei i 2020 også stilt spørsmål ved om førebygging og oppfølging av sjukefråvær i kommunen blei gjort i tilstrekkeleg grad.</p> <p>I årsmelding for 2021 blir det vist til at kommunen har eit sjukefråværs mål på 7,5 %, medan sjukefråværet totalt i 2021 var på 9,82 %. RHO og barnehagesektoren har høgast del sjukefråvær dette året med over 12 % i begge sektorar.</p> <p>I intervju blir det peikt på at kommunen har gode system for oppfølging og førebygging av sjukefråvær, men at det er lite kapasitet og kompetanse i einingane til å jobbe med dette.</p>		

	<p>Dert blir haldt fram at personalseksjonen yter hjelp dersom det er krevjande saker i einingane.</p> <p>Det går fram at sjukefråvær og arbeidsmiljø i 2022 har vore tema i arbeidsmiljøutvalet (AMU) og at dei innan RHO har gjennomført ei kartlegging i einingane om kva dei gjer for å førebygge sjukefråvær og korleis dei følger opp sjukemeldte. Leiar for RHO peiker på at kartlegginga viser at einingane jobbar godt med dette, men at fråværet er urovekkande. Dei har mange einingar med døgnomsorg i RHO, noko som gjer at ein er ekstra utsett for sjukefråvær. Det blir vist til eit snitt på 13 % sjukefråvær for RHO ved sist rapportering, men leiar peiker på at nokre einingar ligg lågt, medan andre er oppe i 20 -30 % sjukefråvær.</p> <p>Det blir vist til at det er starta opp nærvær-prosjekt i heimebaserte tenester og habilitering, der kommunen saman med NAV Arbeidslivssenter, verneombod, HMT-ansvarleg mfl. går inn og jobbar på både system- og individnivå for å få ned sjukefråværet. Det blir peikt på at kommunen har gode erfaringar med denne typen nærværprosjekt.</p> <p>Det blir vidare vist til at NAV har tatt del i kommunen si einingsleiarsamling sommaren 2022. Kommunen hadde i samlinga gjennomgang av eigne rutinar knytt til sjukefråværsoppfølging mv. og NAV orienterte om kva dei kan hjelpe med og korleis ein kan samarbeide med NAV.</p> <p>I 2022 blei det oppdaga at det var enkelte tilsette i Stord kommune som har inngått i vaktordningar både for Stord brann og redning og Stord kommunalteknikk, og som har arbeid over 500 timar overtid. I intervju blir det vist til at kommunen har arbeid med dette og at nye avtalar har blitt signert, men at det er eit krevjande område. Det blir vist til at det no er tilsett fleire personar i branntenesta, men at det framleis er nokre personar som jobbar i fleire tenester i vaktordningar.</p> <p>Deloitte vurderer at det framleis er høg risiko knytt til tilhøve som gjeld oppfølging av arbeidsmiljølova i kommunen.</p>		
<p>Forvaltningsrevisjon av personvern og informasjonstryggleik</p> <ul style="list-style-type: none"> • System og rutinar • Etterleving av regelverk • Kompetanse og opplæring 	<p>I ROV-analysen i 2020 blei det peikt på at det er høg ibuande risiko knytt til personvern og informasjonstryggleik i kommunale verksemder, då det blir handtert ei rekkje sensitive opplysningar om kommunen sine innbyggjarar og tilsette. Det er ikkje endringar knytt til dette i kommunen, og det er fleire som i intervju i 2022 påpeiker at det er høg ibuande risiko knytt til dette området.</p> <p>Det blir vist til at det har vore endra trugselbilete innan informasjonstryggleik dei siste åra, med store potensielle konsekvensar ved datainnbrot. Fleire understrekar at det er</p>	●	●

	<p>viktig at kommunen held kontinuerleg fokus på dette, og at det alltid vil vere ein intern risiko når det gjeld informasjonstryggleik og personvern i ein organisasjon med mange tilsette og der fleire handsamar personopplysningar.</p> <p>Samtidig er det fleire som viser til at kommunen jobbar godt med informasjonstryggleik og personvern. Det blir mellom anna vist til at leiarane sitt arbeid med informasjonstryggleik ute i einingane inngår i internkontrollsystemet, og at dei har årleg gjennomgang av dette i leiargruppa. Det blir vidare vist til at retningslinjer og rutinar ligg i kvalitets-systemet og at det er opplæring for tilsette. I 2022 har kommunen vidare oppretta ei ekstra stilling hos IKT med ansvar for informasjons- og IKT-tryggleik.</p> <p>Kommunen har vidare fått innført to-faktor autentisering som alle tilsette må berekne å bruke når dei skal logge seg inn på system.</p> <p>Det blir vist til at det ville ha vore nyttig for kommunen med ein forvaltningsrevisjon av informasjonstryggleik, personvern og IKT-tryggleik.</p> <p>Revisjonen vurderer at det fortsett er ein høg ibuande risiko knytt til informasjonstryggleik og personvern. Samtidig er det viktig å merke seg at kommunen viser til at dei har arbeidd godt innan dette området dei siste åra.</p>		
<p>Forvaltningsrevisjon av barnevern</p> <ul style="list-style-type: none"> • Etterleving av regelverk • System og rutinar • Samarbeid og samhandling 	<p>Det blei gjennomført ein forvaltningsrevisjon av barnevernstenesta i kommunen i 2016, og det blei gjennom denne revisjonen peikt på avvik både knytt til barnevernet sin internkontroll og brot på regelverket. I analysen i 2020 blir det vist til at Stord kommune dei seinare åra hadde fått fleire stevningar knytt til tapt barndom.</p> <p>Stord er vertskommune for Sunnhordland interkommunale barnevernsteneste Bømlo, Fitjar og Stord (SIB).</p> <p>Statsforvaltaren gjennomførte i 2021 tilsyn med undersøkingar i SIB. Tilsynet blei gjennomført som del av eit landsomfattande tilsyn initiert av Statens helsetilsyn, og det blir i intervju vist til at SIB var ein av få barnevernstenester som ikkje fekk avdekka lovbrøt i dette tilsynet.</p> <p>Det blir i intervju vist til at kommunen arbeider godt med barnevernsreforma/ oppvekstreforma og at tenestene arbeider godt med kven som skal ha ansvar og rollar op mot dette.</p> <p>I eit intervju blir det stilt spørsmål ved kva eit interkommunalt samarbeid om barneverntenester gjer med samarbeidet og samhandlinga opp mot andre tenester i kommunane, og det blir vist til at det eventuelt kunne ha vore interessant med ein felles</p>	●	●


	<p>forvaltningsrevisjon av SIB for samarbeidskommunane.</p> <p>Det har ikkje kome fram opplysningar i gjennomgangen som viser til vesentleg endringar i risiko innan dette området dei siste to åra.</p>		
<p>Forvaltningsrevisjon av handtering av endra rammevilkår</p> <ul style="list-style-type: none"> • System og rutinar • Samarbeid med spesialisthelsetenesta • Tilstreккеleg tilbod 	<p>Kommunen opplever stadig endringar i rammevilkåra, irekna oppgåvefordelinga mellom stat, fylkeskommune og kommune. Dette påverka mellom anna kostnadsbiletet til kommunen og set også nye krav til kompetanse. Det blir i analysen frå 2020 peikt på at det i arbeidsmøte særskilt blei peikt på endringar knytt til barn og unge med vanskar innanfor helse, rus, og barnevern – der oppgaver blir overført frå spesialisthelsetenesta til kommunen. Det blir vidare i analysen peikt på at forholdet mellom kommunen og spesialisthelsetenesta vert opplevd som uavklart i enkelte saker.</p> <p>Det blei i 2021/2022 gjennomført ein forvaltningsrevisjon av førebyggjande tenester for barn og unge i kommunen, og tema samhandling med spesialisthelsetenestene knytt til barne- og ungdomspsykiatri er i nokon grad dekkja her.</p> <p>I årsmelding for 2021 blir det vist til at det har kome fleire henvendingar frå Valen sjukehus der dei melder behov for at Stord kommune må etablere heildøgntilbod til namngjevne personar med alvorleg psykisk sjukdom og rusproblematikk. Det blir vist til at det også er bekymringsmeldingar frå lokalsamfunnet til kommunen knytt til desse personane. Det går fram at kommunen gir desse personane tilbod frå bustadsosialt team, men at dette tilbodet ikkje har døgndrift.</p> <p>Det blir i intervju i 2022 peikt på at det er behov for betre dialog mellom spesialisthelsetenestene og kommunen når det gjeld utskrivingsklare pasientar frå Valen sjukehus og Stord DPS. Det blir vist til at kommunen meiner at pasientar blir skrivne ut for tidleg og re-innlagt etter kort tid, medan spesialisthelsetenestene meiner at kommunen ikkje har eit godt nok tilbod til brukarane.</p> <p>Det blir peikt på at samhandlinga mellom kommunen og somatiske avdelingar på sjukehusa er noko meir avklart, men at også her opplever kommunen at sjukehusa skriv pasientar ut for raskt medan spesialisthelsetenestene peiker på manglande oppfølging/tilbod i kommunen.</p> <p>Det går vidare fram av årsmelding for 2021 at Stord kommune har 11 samarbeidsavtalar med Helse Fonna som skal medverke til god samhandling kring pasientane. I 2021 meldte Stord kommune om 16 avvik på desse avtalane mot 15 i 2019. Helse Fonna meldte om tre</p>	●	●



	<p>avvik til Stord kommune som året før. Dei fleste avvika går på manglande eller mangelfulle medisinfoopplysningar, manglande epikrisar og for dårleg kommunikasjon ved inn- og utskriving. Det blir vidare vist til at det er god dialog mellom kommunen og sjukehusa og at dei forsøker å lukka avvika fortløpande.</p> <p>Deloitte vurderer at det ikkje er vesentleg endra risiko knytt til dette området dei siste to åra.</p>		
<p>Forvaltningsrevisjon av mangelfull måloppnåing knytt til miljø</p> <ul style="list-style-type: none"> • Tydelege mål og planar og etterleving av desse • Kompetanse • Klimabudsjett 	<p>I analysen frå 2020 blir det vist til at det i samfunnet er aukande fokus på miljø og berekraftig verksemd, og at mangelfullt fokus på klima og miljø, kan innebære omdømerisiko for kommunen.</p> <p>I kommunen si årsmeldinga for 2021 er det eit eige kapittel som omhandlar klima og miljø, der det mellom anna blir vist kva klimagassutslepp kommunen hadde i 2016. Kommunen har sett mål om å bli nullutsleppskommune innan 2030.</p> <p>I intervju blir det vist til at kommunen har utarbeidd klimabudsjett for 2022, men ikkje alle er nøgde med kor langt ein har kome med dette arbeidet. Det blir mellom anna nemnt at handlingsplanen i klimabudsjettet burde knytast tettare opp mot økonomiplanen.</p> <p>Det går fram at kommunen har tilsett ein klimarådsgjevar, som mellom anna har arbeidd med å sette krav til klima- og miljøomsyn i kommunen sine innkjøp. Det blir også peikt på at mange av dei kommunale einingane er miljøsertifiserte, og at dette mellom anna handlar om forbruk av energi, sortering, bruk av el-bilar mv.</p> <p>Basert på gjennomgangen vurderer Deloitte at det ikkje kjem fram opplysningar som tyder på vesentleg endring i risiko innan dette området dei siste to åra.</p>		
<p>Forvaltningsrevisjon av Sunnhordland interkommunale legevakt IKS</p> <ul style="list-style-type: none"> • Forvaltning av tenester på vegner av kommunen • Organisering, styring og økonomi • Samarbeid med kommunale tenester 	<p>Selskapet utfører ein viktig del av kommunen sine oppgåver, samstundes er det ein risiko for at kommunen har mindre kontroll på oppgåver som er sett ut i eigne selskap.</p> <p>Det har ikkje komme innspel i gjennomgangen i 2022 som tyder på at det er vesentleg endra risiko knytt til Sunnhordland interkommunale legevakt IKS.</p>		
<p>Forvaltningsrevisjon av Sunnhordland interkommunale miljøverk IKS (SIM)</p> <ul style="list-style-type: none"> • Etterleving av regelverk • Organisering, styring og økonomi 	<p>Selskapet utfører ein del av kommunen sine oppgåver, samstundes er det ein risiko for at kommunen har mindre kontroll på oppgåver som er sett ut i eigne selskap. Det er ein ibuande risiko for ulovleg kryss-subsidiering i selskapet.</p> <p>I intervju i 2022 blir dei same tilhøva påpeikte, og det blir vidare vist til at det har vore stilt spørsmål politisk ved kva Stord kommune, som storkommune i dette samarbeidet får igjen for</p>		

	<p>deltakinga i IKS-et. Det blir mellom anna vist til at det er stilt spørsmål ved om Stord kommune sine abonnentar subsidierer nabokommunane. Det blir samtidig i eit intervju vist til at desse drøftingane er partipolitiske, og at det per i dag ikkje er grunn til å tru at det er risiko ved kommunen si deltaking i SIM.</p> <p>Basert på gjennomgangen finn ikkje Deloitte at det er vesentleg endringar i risiko knytt til dette selskapet dei siste to åra.</p>		
--	---	--	--

2.1 «Nye» risikoområder

Tabell 3: Nye prosjekt identifisert ifm. utarbeiding av dette notatet

Prosjekt og tema	Kommentar	Risiko 2022
<p>Forvaltningsrevisjon av budsjettstyring i investeringsprosjekt</p> <ul style="list-style-type: none"> • Retningslinjer, system og rutinar • Rapportering • Kompetanse 	<p>Det blei gjennomført ein forvaltningsrevisjon av prosjektstyring og oppfølging av investeringar i Stord kommune i 2018. I intervju blir det vist til at kommunen har etablert ei prosjekthandbok i etterkant av forvaltningsrevisjonen og at kommunen har ganske god kontroll. Samtidig blir det vist til at kommunen kan bli betre på budsjettstyring i investeringsprosjekt.</p> <p>I intervju blir det vist til at det er etterslep på politisk godkjenning av prosjektrekneskap, og at ein er usikre på kva som er årsaka til dette. Det blir stilt spørsmål ved om det kan handle om kapasitet eller manglande forståing i dei relevante einingane.</p> <p>Det blir vidare i intervju peika på at det har blitt stilt spørsmål ved om tala som blir nytta inn i kalkulering av prisar for investeringsprosjekt er godt nok sikra. Det blir mellom anna vist til at kommunestyret hausten 2022 har fått munnleg tilbakemelding på at generell prisauke fører til auka kostnad på om lag NOK 40 millionar i eit skuleutbyggingsprosjekt, noko som gjer at det blir stilt spørsmål ved om tala ein fekk presentert i juni 2022 var riktige.</p> <p>Det blir vidare peikt på at dersom kommunen kalkulerer feil pris i investeringsprosjekt, kan dette også føre til at ein set prisen for høgt og at dette i neste omgang gjer at anboda ein får inn også ligg for høgt. Det blir i denne samanheng påpeikt at det er svært høg pris per m² i kommunen sitt investeringsprosjekt i bufellesskap.</p> <p>Det blir i intervju vist til at dette er eit område der ein forvaltningsrevisjon ville kunne vere nyttig for kommunen.</p> <p>Basert på gjennomgangen vurderer Deloitte at det er høg risiko knytt budsjettstyring i investeringsprosjekt. Samtidig er det viktig å understreke at det har vore stor pris- og renteauke den siste perioden, og at dette vil påverke kostnadar knytt til investeringsprosjekt (og har ikkje nødvendigvis med feilkalkulering å gjere).</p>	

<p>Forvaltningsrevisjon av innkjøp og kontrakts- og leverandøroppfølging</p> <ul style="list-style-type: none"> • Retningslinjer, system og rutinar • Etterleving av regelverk • Kompetanse 	<p>Stord kommune er vertskommune for Sunnhordland interkommunale innkjøpsforum med kommunane Bømlo, Fitjar, Kvinnherad, Stord og Tysnes. Innkjøpsforumet har etablert samarbeid om felles anbodskonkurransar om rammeavtalar og e-handel med innkjøpsamarbeid på Haugalandet, i Hardanger og Vestland fylkeskommune.</p> <p>I intervju blir det vist til at innkjøpsforumet fungerer greitt og at kommunen har tett dialog med leiar. Det blir peikt på at kommunen per november 2022 ikkje har eigen innkjøpsansvarleg, men at kommunen og innkjøpsforumet vil tilsette ein person med 50 % stilling i kvar av organisasjonane.</p> <p>Det blir samtidig på peikt at det ikkje er god nok styring, kompetanse og kontroll av innkjøp som blir gjennomført i einingane i kommunen. Det blir vidare stilt spørsmål ved om kommunen i tilstrekkeleg grader følgjer opp kontraktar og leverandørar ein har inngått avtale med. Det blir understreka at innkjøpsforum ikkje har noko rolle inn i dette arbeidet i kommunane.</p> <p>Stord kommune blei klaga inn for KOFA i samband med innkjøp av nytt skuleadministrativt system i 2022. Det blir vist til at klagar ikkje vann fram i klagen mot kommunen.</p> <p>Det er i utgangspunktet høg ibuande risiko innan dette området, noko som gjer at Delotte, saman med innspel i gjennomgangen, vurderer at det er høg risiko knytt til dette området.</p>	
<p>Forvaltningsrevisjon av arkiv og journalføring</p> <ul style="list-style-type: none"> • Etterleving av regelverk • System og rutinar • Kompetanse 	<p>I intervju blir det påpeikt at Stord kommune blei rangert som nr. 9 på <i>Åpenhetsbarometeret 2022</i>, men at det at kommunen er god på openheit også kan føre til risiko når det gjeld publisering av dokumentasjon, og særskilt når det gjeld personsensitiv informasjon. Det blir vist til at kommunen jobbar kontinuerleg med dette, men at det har vore tilfelle der det har blitt lagt ut personopplysningar på postlista. Det blir peikt på at kommunen har gode system og at desse avvika har blitt oppdaga, meldt i avvikssystem og meldt til Datatilsynet.</p> <p>Det blir også vist til at det er utfordringar knytt til journalføring innan tekniske tenester i kommunen. Det blir påpeikt at ein her ikkje i tilstrekkeleg grad registrerer post og legg inn dokumentasjon i postlista. Det blir vist til at det har vore ei klage frå lokal media angående manglande innsyn i ei sak frå tekniske tenester.</p> <p>Basert på gjennomgangen vurderer Deloitte at det er middels risiko knytt til dette området.</p>	

3. Prosjekt

Under presenterer vi prosjekta som er merka med raudt og prosjekta som er merka med gult. Prioritering og rekkefølge på prosjekta i den rullerte planen vil bli bestemt etter eit prosessmøte med kontrollutvalet der både risiko og vesentlegheit vil bli diskutert. Nye prosjekt kan kome til, og risikoen ved dei ulike områda kan dermed endrast.

3.1 Prosjekt med høg risiko (raudt)

Tabell 4: Raude prosjekt

Prosjekt	Tema
Forvaltningsrevisjon av effektivitet og kvalitet innan helse- og omsorgstenestene	<ul style="list-style-type: none"> • Dimensjonering av tenester • Kvalitet og kompetanse • Tilstreккеleg tilbod
Forvaltningsrevisjon av økonomisk berekraft	<ul style="list-style-type: none"> • Risikovurderingar • Rutinar og system • Økonomistyring
Forvaltningsrevisjon av manglande kompetanse	<ul style="list-style-type: none"> • Rekruttering • Omstilling av tenester • Kompetansetilbod og opplæring • Heiltidskultur • System og rutinar
Forvaltningsrevisjon av oppfølging av arbeidsmiljølova	<ul style="list-style-type: none"> • System og rutinar • Sjukefråværsoppfølging • Etterleving av regelverk
Forvaltningsrevisjon av personvern og informasjonstryggleik	<ul style="list-style-type: none"> • System og rutinar • Etterleving av regelverk • Kompetanse og opplæring
Forvaltningsrevisjon av handtering av endra rammevilkår	<ul style="list-style-type: none"> • System og rutinar • Samarbeid med spesialisthelsetenesta • Tilstreккеleg tilbod
Forvaltningsrevisjon av budsjettstyring i investeringsprosjekt	<ul style="list-style-type: none"> • Retningslinjer, system og rutinar • Rapportering • Kompetanse
Forvaltningsrevisjon av innkjøp og kontrakts- og leverandør oppfølging	<ul style="list-style-type: none"> • Retningslinjer, system og rutinar • Etterleving av regelverk • Kompetanse

3.2 Prosjekt med middels risiko (gult)

Tabell 5: Gule prosjekt

Prosjekt	Tema
Forvaltningsrevisjon av Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS	<ul style="list-style-type: none"> • Forvaltning av tildelte oppgaver • Organisering, styring og økonomi
Forvaltningsrevisjon av læring og psykososialt skulemiljø	<ul style="list-style-type: none"> • Regeletterleving • Kompetanse • Rutinar og system • Samhandling mellom skulane og PPT
Forvaltningsrevisjon av busetting av flyktningar	<ul style="list-style-type: none"> • Måloppnåing • Samarbeid i kommunen • Etterleving av regelverk
Forvaltningsrevisjon av samarbeidet i NAV	<ul style="list-style-type: none"> • Etterleving av regelverk • Samarbeid
Forvaltningsrevisjon av barnevern	<ul style="list-style-type: none"> • Etterleving av regelverk • System og rutinar • Samarbeid og samhandling
Forvaltningsrevisjon av mangelfull måloppnåing knytt til miljø	<ul style="list-style-type: none"> • Tydelege mål og planar og etterleving av desse • Kompetanse • Klimabudsjett
Forvaltningsrevisjon av Sunnhordland interkommunale legevakt IKS	<ul style="list-style-type: none"> • Vedtaksoppfølging • Kapasitet
Forvaltningsrevisjon av Sunnhordland interkommunale miljøverk IKS (SIM)	<ul style="list-style-type: none"> • Kapasitet • System og rutinar • Risikovurderingar
Forvaltningsrevisjon av arkiv og journalføring	<ul style="list-style-type: none"> • Etterleving av regelverk • System og rutinar • Kompetanse



Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NSE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its network of member firms, and their related entities. DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL (also referred to as "Deloitte Global") does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no for a more detailed description of DTTL and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies: Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte is a leading global provider of audit and assurance, consulting, financial advisory, risk advisory, tax and related services. Our network of member firms in more than 150 countries and territories serves four out of five Fortune Global 500® companies. Learn how Deloitte's 312,000 people make an impact that matters at www.deloitte.no.

© 2022 Deloitte AS



Saksframlegg

Saksnr: 2022/245-3
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Stord kommune, Kontrollutvalet	40/22	01.12.2022

Rullering av plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 - 2024

Forslag til vedtak

- Alt 1. Kontrollutvalet vedtek slik endring i plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 – 2024.....
- Alt 2. Kontrollutvalet vedtek at gjeldande plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 – 2024 vert vidareført slik den ligg føre.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet i dette møtet skal rullere plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 – 2024.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet sine oppgåver vedrørende eigarskapskontroll finn me i kommunelova §§ 23-2, d og 23-4. I § 23-2, d er kontrollutvalet sitt ansvar for å sjå til at eigarskapskontroll vert gjennomført skildra. Videre handlar § 23-4 om kva eigarskapskontroll er og deretter plan for eigarskapskontroll. I forskrift om kontrollutvalg og revisjon §§ 4 og 5 går det fram rapportering og oppfølging av gjennomførte eigarskapskontrollprosjekt.

Plan for eigarskapskontroll skal baserast på ei risiko- og vesentlegvurdering (ROV) av forvaltninga av eigarinteresser i selskap kommunen har eigarskap i, med sikte på å identifisere område med størst behov for eigarskapskontroll.

Det er verdt å merka seg at eventuell forvaltningsrevisjon i desse selskapa går inn som ein del av plan for forvaltningsrevisjon og er ikkje ein del av eigarskapskontrollen, jf. anna sak i dette møtet der det skal gjennomførast eit prosessmøte.

Stord kommunestyre gjorde slikt vedtak i sak PS 54/20 «Plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 - 2024» i møte 24.09.2020:

1. Forslag til plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 – 2024 for Stord kommune vert vedteken slik den ligg føre.
2. Planen erstattar plan for selskapskontroll gjeldande perioden 2016 – 2020.
3. Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2024.
4. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å foreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planen.
5. Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne evalueringa.
6. Kontrollutvalet skal rapportera resultatet av eigarskapskontrollar til kommunestyret.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har i tråd med kommunelova § 23 vedtakskompetanse for å dra i gang og gjennomføre prosess med å utarbeide forslag til plan for eigarskapskontroll og heradsstyret skal gjere vedtak i saka.

I tråd med punkt 5 i vedtaket over går det fram at planen skal reviderast ein gong i valperioden, og at kontrollutvalet har fått mynde til å gjennomføre denne evalueringa.

Vurderingar og verknader

Bakgrunnen for at det kan vere føremålstenleg å rullere plan for eigarskapskontroll midt i planperioden er at det kan ha vorte endringar i risikobiletet i Stord kommune sidan 2020 då planen vart utarbeidd.

Ved utarbeiding av risiko- og vesentlegvurdering som låg til grunn for plan for eigarskapskontroll 2020 - 2024, valde kontrollutvalet å nytte kommunen sin revisor til å gjera arbeidet, inkludert prosessarbeid i kontrollutvalet. Revisor utarbeidde forslag til plan for eigarskapskontroll på bakgrunn av det arbeidet som vart gjort i analysearbeidet. Kontrollutvalet behandla planen, og kommunestyre fekk planen til behandling etter innstilling frå kontrollutvalet.

Sekretariatet vurderer prosessen som vart gjort ved utarbeiding av plan for eigarskapskontroll 2020 – 2024 til å vere veldig god med god involvering både frå politisk og administrativ side.

Resultatet var at kommunen fekk en god plan med viktige områder for revisjon. Den vedtekne planen ligg ved.

Den vedtekne planen inneheld desse prosjekta.

1. Generell eigarstyring
2. Sunnhordland interkommunale legevakt IKS
3. Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS

I tillegg til dette ligg desse 2 prosjekta inne i planen:

- Sunnhordland Lufthavn AS
- Sunnhordland utviklingselskap AS

Stord kommune har få selskap dei har eigarskap i og det gjer også at kontrollutvalet sitt ansvar for kontroll av korleis Stord kommune følgjer opp sine eigarinteresser vert mindre omfattande. Av den grunn er sekretariatet av den oppfatning at det er føremålstenleg at rullering av plan for eigarskapskontroll vert gjort av kontrollutvalet sjølv i møtet. Dette kan gjerast ved at utvalet i møtet drøftar om det kan vera endringar i risikobiletet som gjer at rekkefølga i gjeldande plan bør endrast. Etter det sekretariatet kan sjå har ikkje Stord kommune fått nye eigarinteresser dei siste åra som kan ha betydning for dette. Vi antar at representanten frå revisor som deltar i møtet også kan bidra i dette arbeidet.

Hittil i planperioden har kontrollutvalet ikkje gjennomført eigarskapskontroll.

For ordens skuld kan nemnast at prosessmøte gjeldande tilsvarande plan for forvaltningsrevisjon også skal handsamast i anna sak i dette møtet.

Konklusjon

Kontrollutvalet skal i 2022 følgje opp vedtaket om å rullere plan for eigarskapskontroll minst ein gong i valperioden. På bakgrunn av dette tilrår sekretariatet at utvalet rullerer plan for eigarskapskontroll sjølv i dette møtet. Dette kan gjerast ved at utvalet i møtet drøftar om det kan vera endringar i risikobiletet som gjer at rekkefølga i gjeldande plan bør endrast.

I forslag til vedtak vert det lagt opp til 2 alternative forslag. Eit forslag der det vert gjort endringar i planen og eit forslag der gjeldande plan vert vidareført slik den ligg føre.

Plan for eigarsskapskontroll

2020-2024
Stord kommune

Juni 2020

www.kpmg.no

Forord

Kontrollutvalet i Stord kommune gav i møtet 11.12.2019 KPMG oppdraget med å bidra i arbeidet med risiko- og vesentlegvurderinga og plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for perioden 2020-2024. Planen for eigarskapskontroll er fundert i ein analyse av risiko- og vesentlegheit på tilhøva i kommunen. Det blir her lagt fram plan for eigarskapskontroll med risiko- og vesentlegvurderinga som vedlegg. Planen skal bli vedteken av kommunestyret.

Formålet med planen er å peike ut område innanfor verksemda til Stord kommune som skal prioriterast for forvaltningsrevisjon.

Dette er ein plan for perioden 2020-2024.

I planen er det foreslått at kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å føreta endringar og omprioriteringar i planen. Slik tilgang til å delegere går fram av kommuneloven §23-4 om forvaltningsrevisjon¹.

¹ Lov av 22. juni 2018 om kommuner og fylkeskommuner.

Innhold

1. Bakgrunn og formål	1
1.1 Bakgrunn	1
1.2 Føremål	1
1.3 Metode	1
2. Tema for eigarskapskontroll	2
2.1 Resultat av analyse og arbeidsmøte	2
2.2 Identifiserte selskap og aktuelle tema for eigarskapskontroll	2
2.3 Prioritering av område for eigarskapskontroll	2
Vedlegg 1 Utgreiing tema for eigarskapskontroll	3
Vedlegg 2 Om eigarskapskontroll	4

1. Bakgrunn og formål

1.1 Bakgrunn

Etter § 23-4 andre ledd i kommuneloven skal kontrollutvalet «... *minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens og fylkeskommunens eierskap. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for eierskapskontroll.*»

Kontrollutvalet i Stord kommune gav i møtet 11.12.2019 KPMG oppdraget med å bidra i arbeidet med risiko- og vesentlegvurderinga og plan for forvaltningsrevisjon eigarskapskontroll.

1.2 Føremål

Føremålet med plan for eigarskapskontroll er å prioritere område som kan vere aktuelle for eigarskapskontroll i planperioden 2020-2024.

1.3 Metode

Som det går fram av kommuneloven § 23-4 skal plan for forvaltningsrevisjon vere basert på ei risiko- og vesentlegvurdering av kommunen si verksemd. Risiko- og vesentlegvurderinga for Stord kommune er vedlagt planen og utgjer grunnlaget for framlegg av denne planen. Skildringa av metode for gjennomføring av risiko- og vesentlegvurderinga går fram av vedlegget.

2. Tema for eigarskapskontroll

2.1 Resultat av analyse og arbeidsmøte

Kontrollutvalet har prioritert selskap for eigarskapskontroll med grunnlag i ei risiko- og vesentleg vurdering, som ligg vedlagt. Prioriteringa er mellom anna gjort ut frå fire overordna omsyn:

- ✓ Identifisering av selskapsform (AS, IKS, mv.)
- ✓ Eigarskap; kommunen sin eigardel i selskap
- ✓ Føremål med selskapet
- ✓ Økonomi

2.2 Identifiserte selskap og aktuelle tema for eigarskapskontroll

Område/selskap	Aktuelle tema for eigarskapskontroll
Generell eigarstyring	<ul style="list-style-type: none">• Korleis kommunen gjennomfører eigarstyringa som heilskap.• Kva system for eigarstyring og praksis er etablert.
Sunnhordland Lufthavn AS	<ul style="list-style-type: none">• Korleis kommunen følgjer opp eigarskapet og den økonomiske målsettinga med eigarskapet.
Stord kommunale utviklingsselskap AS	<ul style="list-style-type: none">• Korleis kommunen følgjer opp selskapet.• Vurdere kommunen sin styringsstruktur av selskapet.
Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS	<ul style="list-style-type: none">• Korleis kommunen følgjer opp eigarskapet, irekna kommunen sine rutinar for å handsame saker angåande selskapet.
Sunnhordland interkommunale legevakt IKS	<ul style="list-style-type: none">• Korleis kommunen følgjer opp selskapet.• Val av selskapsform og organisering av selskapet.

2.3 Prioritering av område for eigarskapskontroll

Med utgangspunkt i risiko- og vesentlegvurderinga prioriterer kommunestyret følgjande område for eigarskapskontroll i perioden 2020-2024, i prioritert rekkefølge:

1. Generell eigarstyring
2. Sunnhordland interkommunale legevakt IKS
3. Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS

Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjere endringar i planen, i samsvar med kommuneloven § 23-4.

Vedlegg 1 Utgreiing av tema for eigarskapskontroll

Generell eigarstyring

Det kan vere relevant å gjennomføre ein eigarskapskontroll som vurderer korleis Stord som heilskap gjennomfører si eigarstyring. Her kan det vere hensiktsmessig å gjennomgå kva system kommunen har etablert for eigarstyring og korleis dette vert gjort i praksis. Vidare kan det vere relevant å sjå på kva andre prosessar kommunen har i høve regelverk og etablerte tilrådingar, som styreval, likestilling, etc.

Sunnhordland Lufthavn AS

Det kan vere relevant å gjennomføre ein eigarskapskontroll som vurderer korleis kommunen følgjer opp dette eigarskapet, og sikrar at kommunen oppnår avkastning i samsvar med målsetting.

Stord kommunale utviklingsselskap AS

Ein eigarskapskontroll kan gjennomførast for å vurdere korleis kommunen følgjer opp selskapet, irekna å vurdere korvidt kommunen har fått på plass ynskja styringsstruktur av selskapet. Dette prosjektet kan vere relevant å gjere noko uti perioden, når selskapet har vore i drift ei stund.

Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS

Ein eigarskapskontroll kan gjerast for å vurdere korleis kommunen følgjer opp eigarskapet, irekna kommunen sine rutinar for å handsame saker angående selskapet.

Sunnhordland interkommunale legevakt IKS

Det kan gjennomførast ein eigarskapskontroll som ser på val av selskapsform og organisering av selskapet.

Vedlegg 2

Om eigarskapskontroll

Føremål med eigarskapskontroll

Det går fram av kommuneloven § 23-2 at kontrollutvalet blant anna skal sjå til at det vert gjennomført eigarskapskontroll av kommunen sine eigarinteresser i selskap.

Føremålet med eigarskapskontroll er å kontrollere om den som utøver kommunen sine eigarinteresser, gjer dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyret sine vedtak og anerkjente prinsipp for eigarstyring. Eigarskapskontroll skal bidra til å ta i vare kommunen sin kontroll over verksemdar som er organisert i selskap.

I kommuneloven som tredde i kraft hausten 2019 er ikkje omgrepet «selskapskontroll» vidareført. Omgrepet «eigarskapskontroll» er derimot vidareført, med tydinga kontroll av forvaltninga av kommunen sine eigarinteresser i selskap. Tidligere var «frivillig/utvida» forvaltningsrevisjon i selskap omfatta av same forskrift som eigarskapskontroll. I den nye kommuneloven skal derimot forvaltningsrevisjon i selskap inngå i plan for forvaltningsrevisjon.

Gjennomføring av eigarskapskontroll

Gjennomføring og rapportering av eigarskapskontroll skal skje i høve til god kommunal revisjonsskikk og etablerte og anerkjente standardar på området (NKRF sin rettleiar i selskapskontroll)².

I følgje kommuneloven § 23-6 kan kontrollutvalet krevje dei opplysningane som er nødvendige for å gjennomføre sin kontroll frå:

- a) interkommunale selskap etter IKS-loven
- b) interkommunale politiske råd
- c) kommunale oppgåvefelleskap
- d) aksjeselskap der kommunen åleine eller saman med andre kommunar, fylkeskommunar eller interkommunale selskap direkte eller indirekte eig alle aksjar.

Ved gjennomføring av eigarskapskontroll vil relevante lover og forskrifter, kommunestyret sine vedtak og anerkjente prinsipp for eigarstyring vere viktige revisjonskriterier.

² *Veileder i selskapskontroll – med vekt på eierskapskontroll*. Denne er frå hausten 2018, men vil bli oppdatert i samsvar med ny kommunelov.



Kontakt oss

Willy Hauge

Partner

T +47 40 63 96 63

E willy.hauge@kpmg.no

Bjørge Rabbe Sandven

Manager

T +47 99 39 65 83

E bjorge.sandven@kpmg.no

kpmg.no

© 2020 KPMG AS, a Norwegian limited liability company and a member firm of the KPMG network of independent member firms affiliated with KPMG International Cooperative ("KPMG International"), a Swiss entity. All rights reserved.



Saksframlegg

Saksnr: 2022/332-3
Saksbehandlar: Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Stord kommune, Kontrollutvalet	41/22	01.12.2022

Møteplan 2023 for kontrollutvalet

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet legg opp til denne møteaktiviteten for 2023:

Dato:	Merknad:
16.02.2023	
20.04.2023	
22.05.2023	
21.09.2023	
30.11.2023	

Samandrag

Førermålet med denne saka er å få vedteke ein møteplan for kontrollutvalet i Stord kommune for 2023.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Det er praktisk at møtetider i kontrollutvalet er tilpassa saker som ev. skal vidare til formannskapet og kommunestyret. Årsrekneskapen for Stord hamnestell skal og innom utval for plan og utvikling.

Vedtakskompetanse

Det er kontrollutvalet som har vedtakskompetanse til å vedta eigen møteplan, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

På bakgrunn av det som går frem over har me laga eit forslag til møteplan for kontrollutvalet for 2023 der det er teke omsyn til møta som er planlagt for kommunestyret og formannskapet, særleg relatert til saker om årsrekneskapen.

Vanlegvis har det vore tre møte i vårhalvåret, gjerne månadsskiftet febr./mars, april og mai, samt to møte i hausthalvåret. Det er lagt opp til det i 2023 også.

Utkast til møteplan for kontrollutvalet:	Merknad:	Aktuelle møter, dersom saker skal vidare til:	
		Form. / Utval PU	Kommunestyret
Tor. 16.02.2023			30.03.2023
Tor. 20.04.2023	Forvaltningsrev.rapport		11.05.2023
Man. 22.05.2023	Uttale til kommunerekneskapen og rekneskap Stord hamnestell	Utv. PU 01.06.2023 Form. 07.06.2023	22.06.2023
Tor. 21.09.2023	Budsjett 2023 for KUV Revisjonsplan		Dato 2. halvår ikkje lagt ut på heimesida
Tor. 30.11.2023	Interimsrevisjonsrapport		

Konklusjon

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet vedtar møteplan for 2023 slik som føreslått.



Saksframlegg

Saksnr: 2022/206-48
Saksbehandlar:Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Stord kommune, Kontrollutvalet	42/22	01.12.2022

Kurs i regi av Deloitte AS vårhalvåret 2023

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber Deloitte gjennomføre kurs med tema:
2. Tidspunkt for gjennomføring av kurs:
3. Sekretariatet vert beden om å ta seg av det praktiske med organisering og avvikling av kurset, gjerne i samarbeid med kommuneadministrasjonen

Samandrag

Dette er ei årleg sak der kontrollutvalet tar stilling til kva kurs dei ynskjer å få gjennomført i regi av Deloitte i høve til avtalen med selskapet. Det kan t.d. gjennomførast 2 kurs i perioden august 2022 til juni 2023, kvart av dei på omlag 2 timar. Kurs for haust -22 er fastsett. Tema no er kurs i vårhalvåret 2023.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Deloitte - Kurstilbod 2022

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Stord kommune har avtale med Deloitte AS som revisor med verknad frå 01.07.2021. I kontrakten som er inngått går dette fram av vedlegg A kravspesifikasjon punkt 3.3 opplæring:

«REVISOR skal leggje fram forslag om, og halde kurs for kontrollutvalet sine medlemmar eller for medarbeidarar i administrasjonen. Tema skal avtalast ved det einskilde høve. Omfang skal reknast til 1 kursdagar per år.»

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å vedta gjennomføring av naudsynte kurs innan vedteke budsjetttramme, jf. kommunelova § 23-2 og forskrift om kontrollutval og revisjon § 2.

Vurderingar og verknader

Det vert med dette lagt fram sak om kva kurs kontrollutvalet ønskjer å gjennomføra i løpet av 2. halvdel av revisjonsåret, som strekker seg frå 01.07.2022 til 30.06.2023. Det kjem seg av at kurskvoten normalt følgjer kontraktsåret frå juli til juni året etter.

Deloitte sitt forslag til kurs som kan vera aktuelle å halde for kontrollutvalet og/eller administrasjonen i Stord kommune, er grunnlaget for kurstilbodet frå Deloitte.

Kontrollutvalet har gjennomført slike kurs i 2021 og 2022:

1. Kommuneøkonomi (04.03.21)
2. Habilitet (19.05.21)
3. Leverandørrevisjon (26.04.22)
4. Innkjøp (23.05.22)
5. Arkivering, journalføring og offentlegheit (01.12.22)


Det normale til no har vore at slike kurs har vart i omlag 2 timar, og dei har blitt gjennomført i tilknytning til eit kontrollutvalsmøte. I dette møtet bør kontrollutvalet drøfta seg fram til kva kurs ein ønsker å få gjennomført våren 2023. Som ein del av denne diskusjonen bør det vurderast om kurskvoten evt. skal tilbydast administrasjonen.

Sekretariatet ser for seg at det no vert fastsett eit kurs for vårhalvåret 2023, på omlag 2 timar, og at det vert førebudd ny sak i 2023 om kurs for perioden august 2023 – juni 2024.

Vedlagt oversikt over kurs er den siste versjonen som sekretariatet har motteke frå Deloitte. Selskapet kan og levera andre kurstema etter ønskje frå kontrollutvalet. Døme på det frå andre kontrollutval er: Prosjektstyring / oppfølging / fallgruver.

Konklusjon

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet diskuterer kva kurs dei vil at Deloitte skal gjennomføra vårhalvåret 2023. Vidare bør utvalet be sekretariatet ta seg av det praktiske med organisering og avvikling av kursa, gjerne i samarbeid med kommuneadministrasjonen.



Kva kurs kan Deloitte tilby til kontrollutvala?

	Tema	Stikkord
1	Innføring i rekneskap	<ul style="list-style-type: none"> – Grunnleggande innføring
2	Offentlege anskaffingar	<ul style="list-style-type: none"> – Kva er hovudprinsippa i regelverket?
3	Meirverdiavgift og meirverdiavgiftskompensasjon	<ul style="list-style-type: none"> – Innføring i kompensasjonsordninga – Praktiske eksempel
4	Justeringsplikt og -rett	<ul style="list-style-type: none"> – MVA. ved (fylkes-)kommunens overtaking av bygg og anlegg
5	Habilitet	<ul style="list-style-type: none"> – Kurset gjev ei innføring i regelverk knytt til habilitet, korleis habilitetsvurderingar kan gjerast og korleis det kan etablerast gode rutinar for å sikre at tilsette og folkevalde ikkje handsamar saker der dei er inhabile
6	GDPR og informasjonssikkerheit	<ul style="list-style-type: none"> – Grunnleggande prinsipp og krav
7	Arkivering, journalføring og offentlegheit	<ul style="list-style-type: none"> – Innføring i ulike lovkrav (arkiv- og journalplikt, innsynsrett) – Typiske utfordringar
8	Utvalgte tema knytt til forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll	<ul style="list-style-type: none"> – Kva er forvaltningsrevisjon og/eller eigarskapskontroll? – Korleis gjere ei god bestilling? – Korleis følge opp gjennomført revisjon?
9	Roller, rolleforståing og ansvar i kontrollarbeidet	<ul style="list-style-type: none"> – Kva er kontrollutvalets rolle og ansvar i kontrollarbeidet? – Kva er kommunestyrets rolle og ansvar i kontrollarbeidet? – Kva er administrasjonens rolle og ansvar i kontrollarbeidet?
10	Roller og rolleforståing i eigarskapsforvaltning	<ul style="list-style-type: none"> – Innføring i ulike selskapsformer – Roller og rolleforståing – Kva roller har eigarrepresentantar, valde styremedlemmer, osv.

	Tema	Stikkord
11	Avstemming av rekneskapen	<ul style="list-style-type: none"> - Kva bør ei avstemming innehalde? - Kor ofte bør avstemmingar utarbeidast? - Kva avstemmingar skal utarbeidast? - Kva regelverk gjeld på området?
12	Økonomisk internkontroll	<ul style="list-style-type: none"> - Fullmakter - Kontroller
13	Organisatorisk internkontroll	<ul style="list-style-type: none"> - Kva er internkontroll? - Korleis oppnå tilfredsstillande internkontroll?
14	Innberetning av løn	<ul style="list-style-type: none"> - Kva ytingar er avgiftspliktige og kva er oppgåvepliktige?
15	Investeringsregnskap	<ul style="list-style-type: none"> - Krav til investeringsregnskap - Skille mellom driftsregnskap og investeringsregnskap - Kva skal bokførast i driftsrekneskapen? - Kva kriterium skal vere oppfylt for bokføring i investeringsregnskapet?
16	Andre regnskapsmessige problemstillingar	<ul style="list-style-type: none"> - Tilpassast etterspurnad og behov
17	Leverandørrevisjonar - kva er kontrollutvalet si oppgåve og korleis skil desse seg frå andre revisjonar?	<ul style="list-style-type: none"> - Sjå i samband med nye innsynsmoglegheiter i kommunelova
18	Kommunelova (utvalde deler) og tilhøyrande forskrifter	<ul style="list-style-type: none"> - Kva er dei viktigaste endringane frå tidlegare lov? - Her kan vi sjå nærare på utvalde delar



Deloitte refers to one or more of Deloitte Touche Tohmatsu Limited (“DTTL”), its global network of member firms, and their related entities (collectively, the “Deloitte organization”). DTTL (also referred to as “Deloitte Global”) and each of its member firms and related entities are legally separate and independent entities, which cannot obligate or bind each other in respect of third parties. DTTL and each DTTL member firm and related entity is liable only for its own acts and omissions, and not those of each other. DTTL does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no to learn more.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte is a leading global provider of audit and assurance, consulting, financial advisory, risk advisory, tax and related services. Our global network of member firms and related entities in more than 150 countries and territories (collectively, the “Deloitte organization”) serves four out of five Fortune Global 500® companies. Learn how Deloitte’s approximately 312,000 people make an impact that matters at www.deloitte.no.

This communication contains general information only, and none of Deloitte Touche Tohmatsu Limited (“DTTL”), its global network of member firms or their related entities (collectively, the “Deloitte organization”) is, by means of this communication, rendering professional advice or services. Before making any decision or taking any action that may affect your finances or your business, you should consult a qualified professional adviser.

No representations, warranties or undertakings (express or implied) are given as to the accuracy or completeness of the information in this communication, and none of DTTL, its member firms, related entities, employees or agents shall be liable or responsible for any loss or damage whatsoever arising directly or indirectly in connection with any person relying on this communication. DTTL and each of its member firms, and their related entities, are legally separate and independent entities.



Saksframlegg

Saksnr: 2022/36-5
Saksbehandlar: Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Stord kommune, Kontrollutvalet	43/22	01.12.2022

Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

Samandrag

Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske organ vert i all hovudsak sett på kontrollutvalet si saksliste til kvart møte. Møteprotokollane kan og lastast ned frå Stord kommune si heimeside, under «Politikk -> møteinnkallingar og møteprotokollar».

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet har gjort vedtak i sak PS 63/19 av 11.12.19 og sak PS 47/21 av 02.12.2021 om at særskilt ansvar for gjennomgang av møteprotokollar skal fordelast slik:

Politisk organ:	Kontrollutvalsmedlem:
Kommunestyret	Fredrik Litleskare
Formannskapet	Gunnhild Kristin Borlaug
Utval for rehabilitering, helse og omsorg	Stian Djuvsland
Utval for oppvekst og kultur	Astrid-Cecilie F. Aleksandersen
Utval for plan og utvikling	Tore Jubskås

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å handsame sak om gjennomgang av møteprotokollar, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

Protokollane gjev primært informasjon om dei sakene som har vore til politisk handsaming. Kontrollutvalet kan be om nærare informasjon om enkeltsaker og drøfta ulike problemstillingar som ein finn av særleg interesse. Dette er ein av fleire måtar å gjera seg kjent med det politiske arbeidet i kommunen, og kunna fanga opp saker som no eller på eit seinare tidspunkt kan vera eit aktuelt saksfelt for kontrollutvalet.

Til dette møtet vil det vere aktuelt med gjennomgang av desse møteinnkallingane / protokollane:

Politisk organ:	Møtedatoar i 2022
Kommunestyret	22.09 27.10 (24.11)
Formannskapet	03.10 05.10 31.10 02.11 (30.11)
Utval for rehabilitering, helse og omsorg	20.09 09.11
Utval for oppvekst og kultur	27.09 08.11
Utval for plan og utvikling	29.09 10.11

(Dato/ar i parentes gjeld møter der protokoll ikkje låg føre då saksframlegget vart fullført)

Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram noko særskilt under gjennomgangen, vert det tilrådd å ta møteprotokollane til orientering.



Saksframlegg

Saksnr: 2022/28-5
Saksbehandlar: Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Stord kommune, Kontrollutvalet	44/22	01.12.2022

Eventuelt

Forslag til vedtak

A - Revisjon ved overgang 2022 til 2023.

Då det og er starta revisjon i 2022 som vert ferdigstilt i 2023, ber kontrollutvalet om at restfinansiering vert overført frå 2022 til 2023.

Samandrag

Det vert lagt opp til å ha eventuelt på saklista for å ivareta det enkelte medlem i utvalet sin moglegheit til sjølv å ta opp saker eller gjera vedtak i saker som ikkje er på saklista.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Vedtak i kontrollutvalet 11.03.2020 i PS 7/20 der utvalet vedtok å ha eventuelt som sak i kvart møte.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i denne saka, jf. kommunelova § 11-3 og § 23-2.

Vurderingar og verknader

Dersom det blir teke opp saker som krev nærare undersøkingar, eller innhenting av fleire opplysningar, før ein kan konkludere med at det er ei sak for kontrollutvalet, bør utvalet be sekretariatet førebu sak om dette til neste møte.

Økonomi ved årsskifte.

I kontrollutvalet si sak PS 48/21 Eventuelt, av 02.12.21, fatta utvalet bl.a. slik vedtak:

«D - Revisjon ved overgang 2021 til 2022.

Då det og er starta revisjon i 2021 som vert ferdigstilt i 2022, ber kontrollutvalet om at restfinansiering vert overført frå 2021 til 2022.»

Ettersom dette er eit vanleg ønskje frå kontrollutvalet på slutten av året, er tilsvarende formuleringar, justert for rette årstal, lagt inn som forslag til vedtak.

Spørsmål frå kontrollutvalet.

I kontrollutvalet si sak PS 33/22 Eventuelt, av 15.09.22, fatta utvalet bl.a. slik vedtak:

«B) Skriv til Stord kommune med kopi til kontrollutvalet.

Kontrollutvalet ber om informasjon vedr. kva som har skjedd frå kommunen si side etter at Vegar Moe sende skriv til kommunen med tema - Klage på tiltak.»

Kontrollutvalet sitt ønskje om informasjon vart formidla til Stord kommune i epost av 23.09.22. Påminning vart sendt 15.11.22 med oppmoding om svar innan lunch 21.11.22. Sakshandsaming til kontrollutvalsmøtet vart avslutta til lunch 23.11.22, og det vert gjort merksam på at det så langt ikkje var motteke noko svar om dette.

Konklusjon

Føremålet med saka «Eventuelt» er å gje opning for å få nærare undersøkingar av saker som kontrollutvalet ønskjer å få utgreidd til neste møte, eventuelt til eit seinare møte i utvalet. Dessutan eventuelt å få orientering frå rådmannen eller andre i eit seinare møte.

Årsmelding 2021 - 2022

Mobbeombodet i Vestland



Framsidaillustrasjon: «Alt er betre med vener» . Takk til Eirinn, 8½ år.

Forord

Årsmeldinga til Mobbeombodet i Vestland omhandlar ombodet si verksemd barnehage- og skuleåret 2021–2022, og bygger på førespurnadane vi har fått i perioden. I tillegg nyttar vi ombodets erfaringar og observasjonar frå enkeltsaker og systemarbeid. Samtaler med barn, unge, foreldre og tilsette er viktige informasjonskjelder.

Vi ser og vi veit at det blir gjort uendeleg mykje godt arbeid kvar einaste dag i alle skular og i alle barnehagar. Vi ser tilsette som strekk seg langt og har vilje, evne og varme til å sjå kvart einaste barn. Årsmeldinga vår er i så måte ikkje ein tilstandsrapport om alt som går føre seg i barnehagar og skular i Vestland. Men, meldinga rommar nyansar og perspektiv som supplerer eksisterande datagrunnlag kommunane og andre barnehage- og skuleeigarar har. Våre erfaringar er først og fremst viktige for å tydeleggjere svakheiter og forbedringspotensial i det vidare arbeidet.

Mobbeombodet rapporterer til fylkestinget. Vi ser òg at ein del kommunar handsamar årsmeldinga vår politisk. Det meiner vi er klokt. Lokalpolitikarane ønskjer å gjere ein forskjell for barn og unge i eigen kommune.

Arbeidet med å sikre barn trygge og gode miljø har fleire nivå som vi må evne å sjå: frå individ og mikronivå, til system-, samfunns- og makronivå. Som vaksne har vi ulike rollar, noko det er viktig at vi er medvitne om, sidan rolla vi trer inn i gir ulik posisjon til å påverke. Som forelder, tilsett, barnehage- og skuleeigar, tilsynsmynde og politikar har vi særlege ansvar, eigne plikter og ulike handlingsrom. Det er opp til den enkelte å vurdere korleis ein best nyttar handlingsrommet.

I kontakten med barn og foreldre høyrer vi om barn som ikkje har det trygt og godt på skulen eller i barnehagen. Vi får innsyn i opplevingar av å ikkje høyre til, å ikkje vere ein del av laget. Vi ser òg korleis det eine påverkar det andre og at problema ofte er komplekse. I mange av sakene mobbeombodet blir gjort kjent med, vil ikkje eit barn eller ein elev få det betre før heile gruppa og fellesskapet får det betre saman. Det handlar om komplekse sosiale prosessar og negative gruppedynamikkar. Det handlar om systemsvikt - og det handlar om å prøve å løyse dette med for enkle middel. Gode intensjonar utan god nok kunnskap er ikkje tilstrekkeleg.

Vi takkar alle som har tatt kontakt med oss og dei vi har samarbeidd med dette året. Vi har lært av kvarandre, og vi utviklar oss stadig. Vi tar med oss vidare alle tilbakemeldingane vi har fått. Vi er særlege takksame for å ha samarbeidspartar som har utfordra oss på eige arbeid. Det har bidrege til at vi utviklar rolla vår og kvaliteten på tenesta vi leverer.

Vi ber særleg om at ansvarlege politikarar, administrasjon og tilsette i skule og barnehage løftar og bruker årsmeldinga. Les den, lytt til erfaringane frå barn, unge, foreldre og tilsette, og kontakt oss gjerne om du vil høyre meir!

Helsing

Mari-Kristine Morberg og Aina Drage
Vestland, 08.07.2022



Innhald

Forord	3
Oppmodingar	5
Mobbeombodet i Vestland	6
Mobbeombodet sitt arbeid i 2021 – 2022: Førespurnadar	9
Kva handlar førespurnadane om?.....	10
Mobbeombodet ser at	13
...barn som står i sårbare situasjonar.....	13
...at tiltak manglar eller er utilstrekkelege	15
...auke i motstand mot skule og ufrivillig skulefråvær	16
...manglande kjennskap til barnehagelova og kommunen som barnehagemynde.....	18
Mobbeombodet sitt arbeid i 2021–22: Utoverretta og anna arbeid	21
Vegen vidare	22
Kjelder	24

Oppmodingar

Kunnskap og kompetanse

Barnehage- og skuleleiing og -eigar må

- ha kunnskap om korleis sårbarheit kan vere ein risikofaktor. Dei må òg kunne gjere risikovurdering; kven er dei særleg sårbare barna i år, kva kan vi gjere for å fjerne risiko og auke beskyttelse i miljøet.
- ta større ansvar for at tilsette på alle nivå har kapasitet til å forstå og utføre heile aktivitetsplikta (etter opplæringslova kapittel 9 A, og etter barnehagelova kapittel 8). Det inneber mellom anna auka kunnskap, tilstrekkelege ressursar og lett tilgjengelege støttefunksjonar. Særleg trengst meir kunnskap når det gjeld undersøking og tiltak.

System

Barnehage- og skuleleiing og -eigar må

- saman med tilsette, jamleg vurdere eigen kultur. Det inneber å sjå på både majoritetssamfunnet og skulen/barnehagen sine egne normer og haldningar.
- ha rutinar for gjennomføring av kartlegging og risikovurdering
- alltid først undersøke om motstand mot eller fråvær frå barnehagen/skulen heng saman med det psykososiale miljøet
- aktivt inviterer foreldre til å melde frå om motstand eller fråvær kan setjast i samanheng med barnehage- eller skulemiljø

Barnehage- og skuleeigar må

- ha system for registrering av fråvær og om det heng saman med barnehage/skulemiljø
- sørge for at det finst spisskompetanse i kommunen/organisasjonen som kan rettleie på alle nivå i ei sak

Informasjon

Barnehageleiing og -eigar må

- informere barn og føresette på ei måte som sikrar at dei får nødvendig informasjon om barna sine rettar i barnehagen
- informere slik at foreldre veit *heilt konkret* kvar dei skal melde saka vidare til barnehageeigar om dei meiner barnehagen ikkje har oppfylt aktivitetsplikta

Barnehagemynda må

- informere om kor og korleis foreldre kan melde inn sak. Informasjonen må vere lett å finne, lett å forstå og lett å bruke.
- informere foreldre om kva dei kan forvente og korleis prosessen går føre seg når ein har meldt inn sak

Mobbeombodet i Vestland

Administrativt

Mobbeombodet er eit lågterskeltilbod for barn og unge i barnehagar og grunnskular i Vestland. Mobbeombodet er uavhengig av politiske og administrative myndigheiter. Saman med elev- og lærlingombodet er vi plasserte i fylkesdirektøren sin stab, i avdeling for organisasjon og økonomi. Ombodet har kontorstad ved fylkeshusa i Bergen og på Leikanger.

Mobbeombodet i Vestland har vore ei fast ordning sidan 1.1.2020. Mari-Kristine Morberg og Aina Drage er mobbeombod i 100 prosent stillingar. Det eine ombodet har hatt 30 prosent studiepermisjon i perioden.

Mandat

Mandatet vart vedteke av fylkestinget 10.6.2020 og bygger på det nasjonale mandatet frå Utdanningsdirektoratet¹:

«Mobbeombodet skal bidra til at barn og unge i Vestland fylke får ivaretatt rettane sine til eit godt barnehage- og skulemiljø. Ombodet er eit lågterskeltilbod for barn i barnehage, elevar i grunnskulen og deira føresette. Omboda skal utføre arbeidet sitt på eit fritt og sjølvstendig grunnlag. Mobbeombodet skal også, i samarbeid med elev- og lærlingombodet i Vestland, bidra til at elevar og lærlingar får ivaretatt rettane sine til eit godt psykososialt miljø i vidaregåande opplæring.»

Arbeidsområde og oppgåver

Mobbeombodet er eit lågterskeltilbod, så alle kan ta direkte kontakt med oss. Vi har kort responstid og teieplikt. For ei heilskapleg tilnærming til arbeidet, omfattar ombodet sitt arbeidsområde fleire nivå: individnivå, barnehage- og skulenivå, systemnivå og samfunnsnivå.

Mobbeombodet sine oppgåver:

- Vi gir støtte, råd og rettleiing til foreldre, barn og unge
- Vi jobbar førebyggjande med informasjon og opplæring
- Vi bidreg med faglege innspel til barnehage- og skuleleiing, barnehage- og skuleeigar og til kommunal politisk leiing
- Vi støtter elev- og lærlingombodet i arbeid med psykososialt miljø
- Vi bidreg med dokumentasjon og erfaringsdeling gjennom rapportering, og i lokale, regionale og nasjonalt nettverk

¹ Du finn mandatet til Mobbeombodet i Vestland her: <https://www.vestlandfylke.no/utdanning-og-karriere/hjelp-i-skulekvardagen/mobbeombodet/kva-er-og-kva-gjer-mobbeombodet/>
Sjå også UDIR for meir om bakgrunn og vidare anbefaling om ordninga: <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/barnehage-og-skolemiljo/anbefalinger-for-mobbeombudsordningen/utredning-av-mobbeombudsordningen/4.-beskrivelse-av-mobbeombudsordningen/>

Individnivå – barn og unge

I møte med barn, ungdom og foreldre skal ombudet lytte, anerkjenne, støtte, rettleie og gi råd. Sentrale lovverk som regulerer arbeidet vårt er FNs barnekonvensjon, barnehagelova, med særleg vekt på kapittel 8³, rammeplanen for barnehage og opplæringslova, med særleg vekt på kapittel 9 A.

Barnehagar skal, saman med heimen, støtte barna sitt behov for omsorg. Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og bidra til trivsel og glede i lek og læring, og vere ein utfordrande og trygg stad for fellesskap og vennskap (barnehagelova § 1).

Barnehagen skal jobbe for å førebygge- og ikkje godta krenkingar som utestenging, mobbing, vald, diskriminering og trakassering i barnehagen, etter kapittel åtte. Den enkelte tilsette har ei plikt til å gripe inn ved krenkingar (§ 41), og ei generell plikt til å følgje med og melde frå ved mistanke om at eit barn ikkje har det trygt og godt (§ 42). Barnehagen har ei plikt til å undersøke, sette inn tiltak og dokumentere (§ 42).

For elevar i grunnskulen er det opplæringslova, særleg kapittel 9 A, som skal sikre trygge og gode skulemiljø. Skulen skal jobbe for å fremje helse, trivsel og læring (§ 9 A-2), og ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering (§ 9 A-3). Dei tilsette har plikt til å vere med å sikre alle elevar eit trygt og godt psykososialt skulemiljø (§§ 9 A-4 og 9 A-5).

Barnekonvensjonen, gjeld for alle barn og unge under 18 år, og er sentral for mobbeombudet si verksemd. Særleg følgjande artiklar er viktige:



Foto: Bratlie, Espen. NTB, Samfoto.
(<https://ndla.no/article/25994>).

Artikkel 3 – Barnets beste: Handlingar som vedkjem barn som vert sett i verk av styresmakter og organisasjonar, skal først og fremst ta omsyn til kva som gagnar barnet best. Staten skal sørge for at dei institusjonar og tenester som har ansvaret for omsorga eller vernet av barn, har den standard som er fastsett, særskilt med omsyn til tryggleik, helse, talet på tilsette og deira kvalifikasjonar så vel som kompetent tilsyn.

Artikkel 12 – Å seie meininga si: Barnet har rett til å seie meininga si i alt som kjem det ved, og barnet sine meiningar skal det leggjast vekt på.

² <https://www.udir.no/tall-og-forskning/statistikk/statistikk-barnehage/analysebrett/?Kommunalitet=&FylkeFilter=Vestland&%C3%85r=2021&KommuneFilter=&BarnehageFilter=>

² <https://www.udir.no/tall-og-forskning/statistikk/statistikk-grunnskole/analysebrett/?KommuneFilter=&Skole=&Eierform=Alle%20eierformer&FylkeFilter=Vestland&Skole%C3%A5r=2021-22>

³ I lova brukast kapittel VIII, men for auka lesarvenlegheit nyttar vi «kapittel 8» i årsmeldinga.

Tal barn og elevar

Det var registrert 33 460 barn i barnehagar og 76 772 elevar i grunnskular, totalt 110 232 i Vestland (UDIR).²

Barnehage- og skulenivå

Mobbeombodet rettleier og gir råd i enkeltsaker, og går i dialog med barnehagar og grunnskular i saker som er vanskelege å løyse. Det kan vere på grunn av saka sin karakter, på grunn av mangelfull dialog og tillit, og/eller ved behov for meir kompetanse ved den enkelte barnehage eller skule.


Mobbeombodet er òg ein ressurs for tilsette i barnehagar og skular og kan bidra gjennom:

- samtale med skule og barnehage i enkeltsaker, og for generell rettleiing om barne- og elevrettar
- samtale og rettleiing om korleis barnehagen/skulen kan gå fram for å forbetre systemarbeidet sitt
- kompetanseheving med leiing og tilsette, til dømes i pedagogisk utviklingstid og på fagdagar
- å løfte foreldrerolla og samarbeid i fellesskapet, til dømes på foreldremøte og FAU-møte, m.m.
- møte barnegrupper/elevgrupper/klassar og elevråd på skulen for å lytte til barnestemma, opplyse og gi råd om psykososialt arbeid og medverknad, m.m.

Systemnivå

Mobbeombodet samarbeider med barnehage- og skuleeigarar i privat og offentleg sektor, og med andre aktørar som arbeider med barn og unge i kommunane. Å rette merksemd på systemet rundt barn handlar om å sjå korleis ein best kan førebygge, men òg om å utvikle og rigge seg slik at ein også blir god på handtering – når førebygging ikkje er nok.

Mobbeombodet leverer kvart år årsmeldinga si til fylkestinget i Vestland. Fylkestinget oppmoda i fjor kommunane om å handsame årsmeldinga politisk. Ein gjennomgang av politiske saker i kommunane (januar 2022) syner at 15 (av 43) kommunar har handsama årsmeldinga politisk. I tillegg har årsmeldinga vore oppe i 15 kontrollutval. Mobbeombodet oppmodar alle kommunane i Vestland om å handsame årsmeldinga. Den inneheld viktig informasjon om forbetringspotensial, gjennom historiene til barn og unge i fylket.



Vi til takke dei
15 kommunane som har
handsama fjorårets årsmelding.
Vi håpar ennå fleire vil
handsame ho i år!



Samfunnsnivå

Mobbeombodet skal vere ei stemme i samfunnsdebatten, som talsperson for barn og unge i saker som handlar om retten til eit trygt og godt barnehage- og skulemiljø. Dette inneber å vere kritisk til, og varsle om, når ansvarlege for barn og unges læringsmiljø ikkje tek i vare oppdraget sitt. Gjennom nettverk med andre mobbeombod og elev- og lærlingombod, kjem vi i posisjon til å samle stemmer, erfaring og snakke høgt om svikt i system og forbetringspotensialet vi ser.

Mobbeombodet sitt arbeid i 2021 – 2022: Førespurnadar

Periode	Førespurnadar
2019/2020	180
2020/2021	201
2021/2022	203

Gjennom året har vi mottatt 203 førespurnader som gjeld barnehage- og skulemiljø i Vestland. Dette ligg relativt likt med fjoråret. Tabellane under syner korleis førespurnadane fordeler seg på felt/trinn og kven som har tatt kontakt med oss.



Dei fleste, totalt 170 førespurnadar, kjem frå grunnskulefeltet, hovudsakleg mellomtrinnet. Det er ei auke i førespurnadane som gjeld ungdomsskulen. Berre fire førespurnadar gjeld barn i barnehage.

I tillegg har vi mottatt 29 førespurnadar som gjeld situasjonar utanfor barnehage og skule. I denne kategorien ligg det mellom anna spørsmål knytt til vidaregåande opplæring, fortid og fritid.

Det er flest foreldre som har vore i kontakt med oss og svært få barn/elevlar. Tilsette som kontaktar oss er i hovudsak leiarar og tilsette i barnehage/skule, men dei kan òg vere tilsette i støttesystem rundt barnehage og skule, til dømes PPT og helsesjukepleiar.


«Andre» som har tatt kontakt inkluderer FAU-representant, politi, representant for idrett/organisasjon og slekt/venner av familie.

Kva handlar førespurnadane om?

For ombodet er det viktig å registrere forteljingane vi får fortalt og kategorisere innhald. Då kan vi lettare sjå kva som vert opplevd vanskeleg og kvar i systemet utfordringane ligg. Diagramma som følgjer gir eit innblikk i kva vi fangar opp og kva førespurnadane handlar om.

Vi ser, som tidlegare år, at fleirtalet av førespurnadane gjeld barn som har vore involvert i vanskelege situasjonar **lenge**, dei fleste i 1-3 år. I 36 av tilfella veit vi ikkje kor lenge barnet har vore i ein vanskeleg situasjon.


Varighet for barnet det gjeld



I nær alle tilfelle høyrer vi at barnehagen eller skulen allereie er kjent med problemet, og at heimen er i eit samarbeid med barnehagen eller skulen før dei kontaktar oss. Ein del har òg meldt saka til Statsforvaltaren.

Når barn står i utrygge miljø over tid, utviklar det seg ofte tilleggsutfordringar. Barn som ikkje får hjelp når dei skal, får ofte problem med å sove, kan få konsentrasjonsvanskar, svekka sjølvkjensle, angst og ufrivillig skulefråvær. Vi ser at ein del barn og unge som ikkje får oppfylt retten til eit trygt og godt skulemiljø heller ikkje får oppfylt retten til utdanning. I alvorlege tilfelle er deira moglegheiter til å fullføre opplæring sterkt reduserte.

Når heimen tar kontakt fortel dei om kva barnet/eleven opplever



Når føresette fortel om kva barnet opplever, høyrer vi om samansette faktorar som påverkar kvarandre. Det er mange av dei same problemstillingane som går igjen frå tidlegare år. Til dømes er det framleis mange av førespurnadene som handlar om **vaksne som krenker** og situasjonar der vaksne ikkje blir opplevd som den trygge vaksne dei skal vere. Dette har vi mellom anna løfta i kronikken [Når vaksne gjer det utrygt for barn](#), 14.11.2021, og i tidlegare årsmeldingar.⁴

I tillegg er det verdt å merke seg at i **meir enn ¼ av førespurnadane**, dreier det seg om **barn i særskilt sårbare situasjonar**. Dette er eit viktig deltema som vi tar opp i eit eige avsnitt lenger ut i meldinga.

Vi høyrer om svikt i handtering av saker som gjeld trygt og godt barnehage- og skulemiljø



⁴ <https://www.vestlandfylke.no/globalassets/utdanning-og-karriere/hjelp/mobbeombud/arsmelding-mobbeombod-2020-2021.pdf> , <https://www.vestlandfylke.no/globalassets/utdanning-og-karriere/hjelp/mobbeombud/arsmelding-mobbeombodet-2019--2020.pdf>


I [årsmeldinga 2020-21](#) vektla vi kva som svikter i handteringa av barnehage- og skulemiljøsaker. Vi presenterte då eit case og viste korleis barn og familie i stor grad vert påverka av skulen si evne til å handtere ei skulemiljøsak. Vi viste korleis tilleggsbelastning oppstår gjennom bagatellisering og ugrei mottaking av uromelding når den blir formidla, gjennom manglande kommunikasjon og manglande aktivitetsplan. Det er i stor grad dei same utfordringane som går igjen i år. Til dømes er det også i år mange som ikkje får skriftleg aktivitetsplan.

Spørsmål om **tiltak** utmerker seg som den faktoren flest føresette og tilsette lurar på. Vi vil difor vektlegge og utdjupe dette som delemne lenger ut i årsmeldinga.

Vidare ser vi at **barnets stemme og oppleving av situasjonen** ikkje blir teke i vare. I nokre tilfelle får ikkje barnet høve til å fortelje under trygge forhold. I andre tilfelle der saka har gått føre seg over lang tid, ønskjer ikkje barnet å snakke meir med vaksne, - dei har erfaring med at situasjonen ikkje blir noko betre. Det er viktig å merke seg at barn har rett, men ikkje plikt til å uttale seg.

I tillegg ser vi at barnets subjektive oppleving blir tona ned og barnehagen eller skulen legg si eiga forståing til grunn. Barnehagen og skulen kan ikkje setje barnets oppleving til side. Det er den dei må ta utgangspunkt i når dei skal undersøke og finne eigna tiltak.

Når tilsette ber om råd



Tilsette som tar kontakt med oss er ei variert gruppe: pedagogisk leiar, styrar, lærar, avdelingsleiar, rektor, sosialrådgjevar, rådgjevar hos PPT, helsesjukepleiar og barnehage- og skuleeigar. Vi drøfter og gir råd i varierte problemstillingar og tema. *Lovverk og handlingsrom* og *tiltak* er dei kategoriane flest tilsette er interesserte i å lufter med oss. Vi ser òg tilsette som er usikre på korleis dei skal gå fram når dei får kjennskap til kollegaer som har ei krenkande åtferd.

Mobbeombodet ser at...

...barn som står i sårbare situasjonar

Meir enn ¼ av førespurnadane dreier seg om barn i særleg sårbare situasjonar. Særleg sårbare situasjonar kan til dømes vere livssituasjonen, tidlegare erfaringar, diagnosar eller andre utfordringar som gjer at barnet i den aktuelle konteksten er særleg sårbar.

Alle menneske kan vere sårbare i kortare eller lengre periodar av livet. Særleg sårbare barn har barnehagen og skulen eit særleg ansvar for å beskytte.⁵ Det er viktig at tilsette gjenkjenner, forstår, og ikkje gjer sårbarheit til ein stigmatiserande karakteristikk av personlegdommen til barnet. Eit inkluderande psykososialt miljø kor det er rom for å vere seg sjølv beskyttar slik sett mot sårbarheit. Noko som er ein risikofaktor i eitt miljø og éin kontekst, vil ikkje vere det i eit anna miljø. Samstundes må ein vere medviten om at nokre grupper av barn kan, og vil, trenge meir enn andre. Situasjonen barnet er i, og typen sårbarheit, vil òg ha konsekvensar for kva type tiltak som vil vere eigna.

Det at så mange av førespurnadane til mobbeombodet handlar om sårbare barn, er eit sterkt signal til barnehage- og skuleeigarar om å prioritere denne gruppa i det førebyggjande arbeidet. Dette krev mellom anna at skulen og barnehagen må kartlegge og gjere risikovurderingar.

Identitetsbaserte krenkingar

Fordommar

Fordommar er retta mot grupper, ikkje personar.

Alle uttrykte fordommar kan opplevast krenkande, det vil seie at fordommar kan virke audmjukande, degraderande eller nedverdiggande.

Kvart år får ombodet kjennskap til saker kor krenkingane eller mobbinga er knytte til nokon sin identitet. Krenkingane kan til dømes handle om kjønnsuttrykk eller kjønnsidentitet, seksuell orientering eller antatt seksuell orientering, om funksjonsnedsetting, hudfarge, religiøs eller kulturell bakgrunn.

I nokre miljø *kan* slike identitetsmarkørar gjere barnet særskilt utsett. I andre miljø vil det ikkje gjere det.

I år er det omlag ti førespurnadar kor dette er hovudutfordringa. Likevel vil vi løfte fram viktigheita av å ta desse sakene på alvor. For det første ser vi truleg berre

«toppen av isfjellet»⁶ av denne type krenkingar, for det andre er det slik at når gruppebaserte fordommar blir brukt i krenking og mobbing råkar det **mange**. Det gjeld ikkje berre den eller dei som blir ramma, men og andre barn i gruppa som deler identitetsmarkørar med den eller dei som blir utsett(e) (sjå mellom anna Moldrheim, 2014).

⁵ Sjå Utdanningsdirektoratet; <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/skolemiljo/tiltak-skolemiljo/skolemiljotiltak-elever-med-sarskilt-sarbarhet/>.

⁶ Mobbeombodet får generelt få førespurnadar som gjeld barn med minoritetsbakgrunn, til tross for at vi jobbar med å gjere ordninga kjent for alle innbyggjarar i Vestland. Her må vi fortsette arbeidet. I mange av sakene får vi heller ikkje informasjon om kva type krenkingar barnet opplever.

«Nora» kjem gråtande til den tilsette og fortel at «Amila» slo ho. Den tilsette setter seg ned med Amila og seier tydeleg at Amila ikkje får lov til å slå, - det er ikkje greitt. «Men, Nora kalla meg bruning. Ho kalla meg bæsj». «Ja, det var ikkje fint, men kva tenkjer du er verst? At nokon seier noko til deg eller at nokon skadar deg? Du må ikkje slå, Amila».

«Å omfamne ubehag i klasserommet»

Sjå Faye (2020) om «Å omfamne ubehag i klasserommet». Det er ein strategi for å handtere sensitive tema i undervisning. Det å gi rom for «pedagogisk krise» og ubehag kan i seg sjølv bli eit verktøy for «å forstyrre» tatt-for-gitte idear om til dømes rasisme. Det handlar om å skape eit modig klasserommiljø (brave spaces), framfor eit ukontroversielt klasserom.

Det er klart at barn ikkje skal slå kvarandre og at den tilsette må vere tydeleg når det gjeld dette. Det er likevel svært viktig at tilsette tar identitetsbaserte krenkingar på alvor. Krenkingane kan, og vil ofte vere ein del av eit større strukturelt problem. Krenkingar set spor. Når tilsette bagatelliserer det barna opplever, er også dei ein del av problemet.

Det er difor viktig at leiing og tilsette har eit blikk på kulturen blant dei tilsette i barnehagen eller skulen. Sitatet i den «oransje bobla» er ein samtale mellom ein elev og ein tilsett. Å vere medvitne kva vi seier, - ikkje berre til Liam, men kva signal vi samstundes sender til alle barna som høyrer samtalen er vesentleg. Dette vil vere ein del av det **førebyggande arbeidet** mot identitetsbaserte krenkingar, og er som alt anna førebyggande arbeid med psykososialt miljø viktig. Sjølv om foreldre er ansvarlege for å oppdra eigne barn, har barnehagane og skulane òg ei særskild viktig rolle når det gjeld

arbeid mot gruppebaserte fordommar. Til dømes understrekar Faye (2020) behovet for ei undervisning som tar i vare dette perspektivet.

Det å sjå på majoritetssamfunnets og skulen eller barnehagen sine eigne normer er ofte utfordrande. Eit stort ansvar fell på den enkelte tilsette, og det er derfor viktig at leiing og eigarar har sørgja for at systemet er på plass.

«Sjå! Eg har lik bukse som på filmen!»
«Nei, Liam, det har du jo ikkje, det der er jo ei jentebukse!»

Barnehage- og skuleleiing og -eigar må

- saman med tilsette, jamleg vurdere eigen kultur. Det inneber å sjå på både majoritetssamfunnet og skulen/barnehagen sine eigne normer og haldningar.
- ha kunnskap om korleis sårbarheit kan vere ein risikofaktor. Dei må òg kunne gjere risikovurdering; kven er dei særleg sårbare barna i år, kva kan vi gjere for å fjerne risiko og auke beskyttelse i miljøet.
- ha rutinar for gjennomføring av kartlegging og risikovurdering

...at tiltak manglar eller er utilstrekkelege

Vi ser kvar veke i vårt arbeid enorme mengd omsorg, vilje, kunnskap og varme frå tilsette retta mot dei unge dei er sett til å ivareta. Samstundes er det vår oppgåve å peike på dei tilfella det går gale og kor det er mogleg å gjere det betre. Med utgangspunkt i aktivitetsplikta i skulen (opplæringslova § 9 A-4) trekker vi fram utfordringar som går igjen i førespurnadane. Sjølv om desse utfordringane gjeld skulemiljøsaker, er dei også viktige og aktuelle problemstillingar for barnehagefeltet.


Vi ser at tiltak ikkje blir sett inn eller at dei ikkje er treffande. Som mobbeombod erfarer vi at tiltaka skulen set inn bygger på deira forståing av problemet, skulen sin kapasitet og tilgjengelege ressursar. I mange saker som mobbeombodet er involvert i, viser det seg at arbeidet barnehagen eller skulen har gjort i forkant av utforming av tiltak ikkje har vore godt nok. *Viljen* til å løyse har ikkje vore kopla tett nok opp mot *evna* til å løyse. Ein har ikkje skaffa seg god nok oversikt og har då heller ikkje ei klar forståing av kva som er problemet, kva som er årsaka/er og kva som er symptom. Då blir det vanskeleg å komme vidare og vere sikker på at ein behandlar årsaka og ikkje berre symptomet.

Når ein i tillegg ikkje sørger for å få fram barnets stemme (barnekonvensjonen art. 12) eller vurdere kva som er til barnets beste (barnekonvensjonen art. 3), ser vi at det vert endå vanskelegare og lett å snuble. Mange tiltak blir lagt på barnet som ikkje har det greitt, det kan vere at barnet skal snakke med nokon, til dømes helsesjukepleiar, lærar eller rådgjevar.

Det eine påverkar det andre. For å finne eigna tiltak må ein kjenne problemet. For å kjenne problemet og utfordringane, må ein **undersøke, identifisere oppretthaldande faktorar og analysere**. Det er også dette aktivitetsplikta pålegg barnehagen og skulen å gjere gjennom aktivitetsplikt. Det er viktig å undre seg og bruke tid på undersøking. Kva er det som går føre seg? Kvifor skjer det? Kva er dei oppretthaldande faktorane?

For å undersøke, må ein vite kva ein ser etter og korleis ein skal bruke resultatet. Kva ein ser etter blir styrt av kva ein kan om sosialt samspel og styrt av eigne verdiar og haldningar.

For å sette inn riktige tiltak når det til dømes gjeld *gruppebaserte fordommar*, bør ein finne ut om kvifor og korleis fordommen blir brukt. Blir den brukt instrumentelt, altså fordi fordommen er kjent og tilgjengeleg for bruk, utan at brukaren nødvendigvis meiner at fordommen er *sann*? I blant veit ikkje brukaren at det er ein fordom, medan andre gongar blir fordommen brukt fordi brukaren veit at det vil såre. Det kan hende fordommen har stor oppslutning blant grupper på skulen eleven ønskjer tilhøyr til. Fordommene kan såleis brukas som eit instrument for tilhøyr eller status (sjå Moldrheim, 2014). For å sette inn eigna tiltak, tiltak ein meiner vil oppnå ønskja effekt, må ein vite kva som ligg bak.



Samansette problem krev samsette løysingar med tiltak på fleire nivå.

For å få til eit godt heilskapleg arbeid for trygge og gode miljø, må ein ha kunnskap og kompetanse i botn. Samansette problem krev samsette løysingar med tiltak på fleire nivå. Gjennom undersøking, pedagogisk analyse og identifisering av oppretthaldande faktorar kan ein finne fram til både problemskildring og retning for tiltak. Saman med barnets stemme og vurdering av kva som er til barnets beste, på både kort og lang sikt, kan ein bygge god veg vidare.

«Lærarar skal ikkje stå aleine i arbeidet med klassefellesskapet. Kommunen, som ansvarleg for elevane sitt skulemiljø, har eit ansvar både formelt og etisk for å leggje til rette for og støtte lærarane i arbeidet».

Jorunn Sandsmark,
spesialrådgjevar KS
(2021:146 [vår omsetting])

Det er barnehage- og skuleeigar sitt ansvar at den tilsette er trygg på, og har kapasitet til, arbeid med psykososiale miljø. Politiske og administrative leiarar i kommunen skal bidra til at tilsette i barnehage og skule kan ta i vare barn og elevar på trygge og gode måtar, både når det gjeld førebygging av utrygge miljø og ved handtering. Leiarane må difor vere opptekne av å sjå tilsette sine oppgåver, fange opp deira behov og prioritere dei.

Dette betyr mellom anna at kvar kommune sjølv må vurdere kva ressursar og støttefunksjonar/«stillas» barnehagen og skulen treng rundt seg, og korleis desse kan byggast.

Barnehage- og skuleleiing og -eigar må

- ta større ansvar for at tilsette på alle nivå har kapasitet til å forstå og utføre heile aktivitetsplikta (etter opplæringslova kapittel 9 A, og etter barnehagelova kapittel 8). Det inneber mellom anna auka kunnskap, tilstrekkelege ressursar og lett tilgjengelege støttefunksjonar. Særleg trengst meir kunnskap når det gjeld undersøking og tiltak.

...auke i motstand mot skule og ufrivillig skulefråvær



Foto: Atle Kold Hansen, Vestland fylkeskommune

Svært mange av dei som tek kontakt med oss fortel at dei ikkje ønskjer å gå på skulen (eller i barnehagen). Det er ikkje vanskeleg å forstå at barnet ikkje vil vere der det opplever det utrygt å vere. Vi skil mellom dei barna som viser tydeleg motstand mot skulen og dei som vegrar seg i slik grad at dei ikkje er på skulen.

Med ufrivillig skulefråvær (skulevegring) meiner vi elevar som eigentleg ønskjer å gå på skulen, men som ikkje klarer det fordi skulen ikkje vert opplevd som ein trygg eller god stad å vere. Forsking viser at alle

barn kan utvikle skulevegring av årsaker som mobbing, mangel på vener, mangel på gode relasjonar til vaksne eller faglege vanskar. Ein ser og at mange av barna har ein nevrodiagnose (autisme, ADHD; Tourettes) eller ein angstrelatert diagnose (Amundsen & Møller 2020, Amundsen, Kielland & Møller 2022).

Mange av dei som kontaktar oss viser motstand mot skulen. Likevel, sjølv om dei har vondt i magen, kvalme, svimmelheit eller liknande, er dei aller fleste til stades på skulen, til tross for at det kostar dei mykje. På toppen av dette ser vi ei auke blant dei elevane som ikkje maktar å gå på skulen. Vi kjenner til saker der det er ein tydeleg samanheng mellom ufrivillig skulefråvær og utrygt skulemiljø, men ikkje alltid. I nokre tilfelle er det vanskeleg å få tak i kva det er som gjer at barnet aktivt viser motstand. Då ser vi tilfelle kor skulen meiner at årsaka berre ligg hos barnet. Til tross for at det tilsynelatande ser slik ut, meiner vi skulen først må undersøke om motstanden eller fråværet kan henge saman med det psykososiale miljøet.

«Det er ingen som blir glad når eg kjem bort til dei».

Jente 10 år

Utrygt skulemiljø, som utestenging, mobbing, svak eller inga tilknytning til fellesskapet eller utrygge relasjonar til dei tilsette, er for mange barn vi kjem i kontakt med den direkte årsaka til fråværet. Både som reint vegringsfråvær, men òg som årsak til kroppslege plagar av ein slik art at det gir fråvær.

For andre elevar kan skulefråvær grunna somatisk sjukdom gi utfordring for eleven i skulemiljøet. Risikoen for tap av relasjonar, svekka tilknytning, mistenkeliggjering av medelevar og tilsette er til stades. Det same er frykt for kva som møter ein av spørsmål, blick og kommentarar. Utrygt skulemiljø kan i mange tilfelle bli ein oppretthaldande faktor for fråværet.

Vi ser at det ofte vert sett inn tiltak for seint, at tiltaka ikkje er eigna og at det tar for lang tid før samanhengen mellom fråvær og utrygt skulemiljø blir identifisert. Mange av tiltaka føreset at eleven kjem til skulen for at ein skal kunne gjennomføre dei. Det er krevjande, og av og til umogleg, for eleven å måtte oppsøke staden og situasjonane som gjer det utrygt nettopp for å kunne få det trygt att. Skulen må vere fleksible, og få tilgang på tilstrekkeleg støtte og ressursar frå støttesystem og skuleeigar, slik at tiltaka ein set inn er eigna for at eleven faktisk skal få det betre.

Tiltak må bygge på grundige undersøkingar for å treffe, som vi har omtala tidlegare. Med utgangspunkt i kva eleven har behov for, her og no og på sikt, må ein ha ein plan og sette inn tiltak i rett rekkjefølgje og på rette nivå. Vi ser at ein del skular vegrar seg for å nytte aktivitetsplanar med mindre motstand og fråvær er direkte knyta opp mot krenkingar og mobbing. I ein del tilfelle er antakeleg dette riktig vurdering, men vi kan heller ikkje sjå at dei nyttar andre systematiske verktøy for å betre situasjonen.

Nokre kommunar har team som jobbar med skulenærver/fråvær, men dei ulike teama jobbar ulikt. Nokre team kjem inn når fråværet er svært alvorleg og barnet har vore vekke frå skulen lenge. I andre kommunar er teamet først og fremst førebyggjande. Det betyr at nokre barn først får hjelp når problemet har blitt svært stort, medan det i andre kommunar ikkje finst eit skikkeleg tilbod for barn som har omfattande fråvær. Dette er brot på barnets rett til opplæring. Når det gjeld motstand mot skulen og ufrivillig skulefråvær, vil vi råde skulane (og barnehagane) til å ta tak i problema tidleg. Det er tungt for både barn, familie og skule å snu ein situasjonen med høgt fråvær.

Barnehage- og skuleleiing og -eigar må

- alltid første undersøke om motstand mot eller fråvær frå barnehagen/skulen heng saman med det psykososiale miljøet

- aktivt invitere foreldre til å melde frå om motstand eller fråvær kan setjast i samanheng med barnehage- eller skulemiljø

Barnehage- og skuleeigar må

- ha system for registrering av fråvær og om det heng saman med barnehage/skulemiljø
- sørge for at det finst spisskompetanse i kommunen/organisasjonen som kan rettleie på alle nivå i ei sak

...manglande kjennskap til barnehagelova og kommunen som barnehagemynd

Dette skuleåret har det vore ei lita nedgang i tal førespurnadar som gjeld barnehage. Mobbeombodet har berre mottatt fire førespurnadar. Førespurnadane handlar både om fysiske og relasjonelle krenkingar. I tillegg har fleire av førespurnadane i år òg handla om tilsette som barna opplever som utrygge. Det som særleg har utmerka seg i år er stort sjukefråvær, ukjent personale og stengde avdelingar.

Frå og med 2021 er barnehagen si plikt til å sikre barn eit trygt og godt barnehagemiljø regulert i eit eige kapittel i barnehagelova. Endringa har vekt interesse og behov for oppdatering og kompetanseheving i barnehagesektoren. Mobbeombodet har halde, eller bidrege i, fem føredrag/fagdagar/fagsamlingar, for tilsette i omlag ti kommunar.

Mobbeombodet ser at det er stort engasjement blant styrarar og tilsette i barnehagane. Det er vilje og engasjement for å lære meir og bli enda betre på arbeidet som allereie blir utført. Det er godt å sjå!

«I vår barnehage har vi ikkje kapittel 8-saker.»

På den andre sida ser vi at det er stort sprik i kompetanse og kapasitetsnivå mellom barnehagar. Det er ikkje sjeldan vi høyrar styrarar eller tilsette som seier at dei aldri har vore bort i «kapittel 8-saker». Etter gjennomgang av regelverk og arbeid med case er det ein del som både blir overraska og overvelda over krava lovverket stillar dei.

ikkje

Vi treff òg barnehagestyrarar som ikkje kjenner til at barn i barnehage har ein individuell rett til eit trygt og godt barnehagemiljø og at barnehagebarn difor heller ikkje har ei handhevingsordning (Statsforvaltaren), slik elevar har etter § 9 A-6 i opplæringslova.

Manglande kjennskap til lovverket blant foreldre



Illustrasjon av Towbar, Pixabay

Foreldre veit ikkje korleis dei skal gå fram når barnet deira ikkje har det bra i barnehagen. Det gjeld særleg når saka ikkje blir betre etter at ein har tatt det opp med styrar. Kor skal ein då vende seg?

Dette blir stadfesta i ei undersøking Foreldreutvalet for barnehage (FUB) gjennomførte i februar 2022.⁷ Spørjeundersøkinga blei utført blant 1000 barnehageforeldre og målet var å kartlegge i kva grad foreldre er kjent med det nye lovverket. Dei spurte og om foreldra visste kva dei skulle gjere om barnet er utrygt i barnehagen. 46% av foreldra hadde svært dårleg eller ganske dårleg

kjennskap til lovendringa. 21% meinte at dei kjente lova svært godt eller nokså godt. I undersøkinga seier 43% av foreldra at dei har fått informasjon om det nye lovverket. 39% har ikkje fått informasjon og 18% er usikre på om dei har fått informasjon.

Etter § 9 A-9 i opplæringslova har skulane ei plikt til å gi informasjon til elev og foreldre på ein slik måte at ein er sikker på at informasjonen er forstått og mottatt av foreldra. Det kan handle om å informere ved fleire høve og på fleire former, til dømes ved å nytte tolk.⁸ Ei slik plikt kjem ikkje direkte til uttrykk i barnehagelova, men følgjer av § 1⁹ og rammeplanen¹⁰ for barnehage om samarbeidet med heimen. Om «barnehagen saman med heimen skal ivareta barnets behov for omsorg», må nødvendigvis barnehagen informere om kva rettar barnet har.

Barnehageeigar og kommunen si rolle som barnehagemynd

Mobbeombodet i Vestland sit i ei arbeidsgruppe som arbeidar med barnehage i nettverket for fylkeskommunale ombod. I år har vi hatt eit fokus på nettopp lovverket og korleis kommunane løyser rolla si som barnehagemynd. Vi har særleg vore opptatt av korleis reglane i barnehagelova (§ 9) og kommunelova (§ 25-1) om internkontroll blir følgt. Det er også interessant å følgje med på korleis kommunane løyser oppdraget som barnehagemynd til forskjell frå det å vere barnehageeigar.

⁷ <https://foreldreutvalgene.no/fub/mobbeloven-er-ukjent-blant-foreldre/>

⁸ Sjå Skolemiljø Udir-3-2017, <https://www.udir.no/regelverkstolkninger/opplaring/Laringsmiljo/skolemiljo-udir-3-2017/5.-skolene-skal-informere-elever-og-foreldre/>

⁹ «Barn i barnehagen har rett til ein barnehage som saman med heimen skal ivareta barnets behov for omsorg»

¹⁰ https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2017-04-24-487#KAPITTEL_5

Bergen kommune har ei eiga nettside¹¹ kor ein kan sende inn klage på den pedagogiske verksemda i barnehagen. Her skildrar dei mellom anna prosessen og kva som skjer når ein har meldt inn ei sak. Mobbeombodet kjenner ikkje til andre kommunar i Vestland som har ei liknande ordning. Vi meiner dette er eit eksempel til etterfølging.

Barnehageleing og -eigar må


- informere barn og føresette på ei måte som sikrar at dei får nødvendig informasjon om barna sine rettar i barnehagen
- informere slik at foreldra veit *heilt konkret* kvar dei skal melde saka vidare til barnehageeigar om dei meiner barnehagen ikkje har oppfylt aktivitetsplikta


Barnehagemynda må


- informere om kor og korleis foreldre kan melde inn sak. Informasjonen må vere lett å finne, lett å forstå og lett å bruke.
- informere foreldre om kva dei kan forvente og korleis prosessen går føre seg når ein har meldt inn sak

Klage på den pedagogiske virksomheten i barnehagen

Barnehagemyndigheten fører tilsyn med at barnehagens pedagogiske tilbud er i tråd med Lov om barnehager.

Barnehagemyndighetens mandat (Lover og retningslinjer) 

Hva kan jeg gjøre før jeg sender inn klage? 

Hva kan jeg klage på? 

Det er barnehagens oppgave å ivareta alle barns behov for omsorg, lek, læring og danning i samarbeid med barnets hjem. Personalet i barnehagen skal møte barn og foreldre med tillit og respekt. Personalet skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og barnehagen skal være et utfordrende og trygt sted for vennskap og felleskap.

Her er noen eksempler på tema som kan være bakgrunn for klage:

- › uheldig samspill mellom barn
- › barn som over tid ikke deltar i lek
- › vanskelig samarbeid med barnehagen
- › manglende informasjon om barnet ditt
- › manglende pedagogisk innhold
- › barns manglende mulighet til å påvirke barnehagehverdagen sin
- › lite utfordrende og stimulerende leke- og læringsmiljø både ute og inne
- › stor utskiftning av personalet over tid

Skjermutklipp frå Bergen kommune si nettside.

¹¹ <https://www.bergen.kommune.no/innbyggerhjelpen/barn-og-familie/barnehage/tilsyn-og-godkjenning/klage-pa-den-pedagogiske-virksomheten-i-barnehagen>

Mobbeombodet sitt arbeid i 2021–22: Utoverretta og anna arbeid

Å gjere ombodstenesta kjend og tilgjengeleg

For å kunne hjelpe dei som ønskjer det, har det vore viktig å gjere ombodstenesta kjend og tilgjengeleg i Vestland. Vi sender årleg ut informasjon om oss til kommunane, med ønske om at den blir gjort tilgjengeleg for alle barn, elevar og føresette. Vi veit at mange kommunar har følgd opp. Vi veit òg at det framleis er mange som ikkje kjenner til vårt gratis lågterskeltilbod.

Vi har profil på Facebook og Instagram kor vi rettar vi oss mot foreldre og mot ungdom. Her deler vi aktuell informasjon for målgruppa. I løpet av året har vi hatt hjelp av ein praksisstudent frå Universitetet i Bergen («Kommunikasjon og medievitskap») til mellom anna arbeid på sosiale medium. Kapasitetsutfordringar gjer at arbeid på sosiale medium har vore nedprioritert denne perioden.

Innlegg og føredrag

Mobbeombodet har bidrege med minst 26 innlegg og føredrag for fleire grupper det siste året: foreldre i barnehage og skule, elevar i grunnskulen, tilsette og leiarar i barnehage og skule. Vi har òg halde innlegg for kommunepolitikarar, kommuneadministrasjon og barnehage- og skuleeigar.

I alle møte har er det viktig å gjere tenesta vår synleg og tilgjengeleg. I møte med unge og foreldre legg vi vekt på å snakke om tilhøyrsløse og utanforskap, og på å redusere eventuell kjensle av skam som følgje av utanforskap. I foreldremøte snakkar vi om korleis vi kan forstå fellesskap og korleis barn og foreldre kan og bør jobbe saman med tilsette for å bygge trygge og gode lag og miljø, også digitalt. Foreldregruppa kan sjølv ta plass i samarbeidet med barnehagen/skulen.

I møte med tilsette har kompetanse og forståing for plikter og ansvar fått særleg merksemd. Å kjenne lovverket er viktig, og å omsetje det til god praksis ser vi at kan vere krevjande. Andre tema som har vore etterspurt er vaksenrolla og korleis vi kan forstå krenking og mobbing i eit fellesskapsperspektiv. I tillegg har vi hatt fleire føredrag med utgangspunkt i fjorårets årsmelding kor vi har vektlagt samarbeid og kommunikasjon med heimen i barnehage- og skulemiljøssaker.

Vi ønskjer å bidra til å skape ein arena for barn, ungdom, foreldre og tilsette i barnehage, skule og oppvekstsektoren, der ein kan snakke om og drøfte til dømes fellesskap, tilhøyrsløse, ansvar, mobbing og sosial utryggleik.



Bilete: faksimile Utdanningsnytt; 14.11.21
<https://www.utdanningsnytt.no/krenket-av-laereren-mobbeombud-mobbet-av-laereren/nar-vaksne-gjer-det-utrygt-for-barn/302464>

Medieutspel

Mobbeombodet ønskjer å løfte saker og tema som er viktige for barn og unge i Vestland. Dei to store sakene i år har vore vaksne som gjer det utrygt for barn i barnehage og skule¹² og at lovverket i barnehagen ikkje er godt nok kjent. Sjølv om det er svært få førespurnadar frå barnehage, syner omlag 5% av førespurnadane frå skulen at utfordringane starta i barnehagen.

Mobbeombodet stiller i tillegg i radioprogram, podcast¹³ eller aviser som ønskjer intervju. Det er ein del av det å gjere ordninga synleg. I 2021-22 har vi vore intervjuet eller gitt kommentar på NRK P1 Hordaland, Kvinnheringen, Fanaposten, Fjordingen, Os & Fusaposten, Ytre Sogn Avis, Hardanger Folkeblad og NRK Sørlandet.

Nettverk og samarbeid

Mobbeombodet deltar i det nasjonale nettverket for elev-, lærling- og mobbeombod i Noreg. I dette nettverket blir det arbeidd med høyringssvar, erfaringsdeling og utvikling av rolla som ombod. Nettverket blir følgt opp av Utdanningsdirektoratet og får kompetanseheving gjennom Læringsmiljøsentret ved Universitetet i Stavanger.

Mobbeombodet har òg hatt møte og samarbeid med Statsforvaltaren i Vestland om skulemiljø: Generell erfaringsdeling og handtering av skulemiljø saker i praksis har vore aktuelle tema.

I Vestland fylke er det etablert nokre kommunale ressursteam som jobbar med trygge og gode psykososiale miljø i barnehage og skule. Slike team jobbar både med førebygging og handtering av utrygge miljø. Mobbeombodet har hatt møte med Skyfritt, som er Bergen kommune sitt ressursteam. I møte med Skyfritt har vi delt generelle erfaringar om arbeid med psykososialt miljø, og vi har fått høve til å både problematisere og skissere moglege løysingar.

Vegen vidare

Hausten 2022 vil det bli tilsett eit nytt mobbeombod, då eit av omboda sluttar. Planane for 2022 vil bli laga i samarbeid med det nye ombodet. Ombodet ønskjer som i fjor å besøke kommunane i fylket for å bli betre kjent med korleis det jobbast, kva støttesystem som finst og korleis kommunane

¹² Sjå vår kronikk «Når vaksne gjer det utrygt for barn» (<https://www.utdanningsnytt.no/krenket-av-laereren-mobbeombud-mobbet-av-laereren/nar-vaksne-gjer-det-utrygt-for-barn/302464>) og intervju i temanummer om tilsette som krenker barn i barnehage; «En av fem barnehagesaker som mobbeombudene får, handler om at ansatte krenker barn» (<https://www.utdanningsnytt.no/aktivitetsplikten-barnehageansatte-som-krenker-barn-barnehageloven/en-av-fem-barnehagesaker-som-mobbeombudene-far-handler-om-at-ansatte-krenker-barn/312558>).

¹³ Foreldrepodden: «Fra tabu til lovverk – hvordan synet på mobbing i barnehagen har endret seg de siste 20 årene». Foreldreutvalgene sin podcast. <https://foreldrepodden.buzzsprout.com/1909514/9962169-fra-tabu-til-lovverk-hvordan-synet-pa-mobbing-i-barnehagen-endret-seg-de-siste-20-arene>

organiserer arbeidet sitt til beste for barn og ungdom. Vi ønskjer også å vere med å legge til rette slik at spisskompetanse på feltet, i kommunane, får høve til møtast og utveksle erfaringar.

Arbeidet for trygge og gode barnehage- og skulemiljø er eit kontinuerleg arbeid som vi må jobbe med også utanfor skulen og barnehagen. I nærmiljøet, i idrettslaget, ungdomsklubbane, i det offentlege ordskiftet og der folk ferdast. Politikarar har eit særleg viktig ansvar i så måte, som rollemodell, men ikkje minst gjennom kva dei prioriterer av ressursar og satsingsområde.

Fleire har dei siste åra trekt fram skulen si kjerneverksemd som moglegheit for mobbeførebyggande strategi; gjennom fellesskapande undervisning og fellesskapande didaktikk. Hausten 2021 ga KS forlag ut boka «Mobbeførebygging i et fellesskapsperspektiv. Nye stemmer i praksis» (Restad og Sandsmark [red.]). Boka tar for seg praktiske erfaringar frå lærarar, leiarar og skuleeigarar og viser korleis ulike aktørar, inkludert skuleeigarar kan førebygge i sine roller.


Vi vil avslutningsvis trekke fram nokre av refleksjonsspørsmåla frå boka (Buø 2021, Owren 2021, Sandsmark 2021) som inspirasjon til alle politikarar og barnehage- og skuleeigarar i Vestland:

- Opplever elevane på våre skular at dei blir tatt med på råd i saker om handlar om skule- og læringsmiljø?
- Opplever elevane i vårt fylke/kommune at dei betyr noko for andre på skulen? Opplever elevane at det har ein verdi å respektere skilnadar?
- Har vi som fylkeskommune eit system for å fange opp elevar sine opplevingar av å ikkje bli høyrd eller anerkjent av vaksne ved skulen?
- Kven sine stemmer veg tyngst i eit kommuneperspektiv når ein skal vurdere kvalitet?
- Korleis påverkar mobbing, forstått i eit fellesskapsperspektiv, aktivitetsplikta? Om ein forstår mobbing slik; treng (fylkes)kommunen andre rutinar og prosedyrar?
- Kva kunnskap treng kommunestyret/fylkestinget for å kunne fatte gode avgjersler og vedtak om mobbeførebygging?
- Kva planar og rapporteringar treng kommunen i arbeidet med trygge og gode skulemiljø?
- Kva ønskjer de å vite noko om og kva *treng* de å vite noko om, for å kunne sette gode mål, og skaffe nødvendig kunnskap?

Mobbeombodet skal gjere sin del, ved å halde fram arbeidet for at barn og elevar skal få oppfylt rettane sine til trygge og gode barnehage- og skulemiljø. Vi håpar at du òg nyttar ditt handlingsrom i din rolle - saman, for trygge og gode barnehage- og skulemiljø i Vestland.

Kjelder

- Amundsen & Møller, 2020, «Betydning av skolerelaterte faktorer og mobbing for elever som strever med skolevegring», *Psykologi i kommunen nr. 4 2020 - Temanummer: Skolevegring*.
<https://psykisk-kommune.no/betydning-av-skolerelaterte-faktorer-og-mobbing-for-elever-som-strever-med-skolevegring/19.161>
- Amundsen, Kielland & Møller, 2022, «School refusal and school-related differences among students with and without diagnosis. *Nordisk tidsskrift for pedagogikk og kritikk*, 8.
<https://pedagogikkogkritikk.no/index.php/ntpk/article/view/3514/6244>;
- Barnehagelova, 2006. **Lov om barnehager** LOV-2005-06-17-64). Lovdata.
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64>
- Buø, Einar 2021, «*Kommunalsjefens rolle i å forebygge mobbing i et fellesskapsperspektiv*», s. 157- 167, i «*Mobbeforebygging i et fellesskapsperspektiv. Nye stemmer i praksis*», Kommuneforlaget, Oslo.
- Faye, 2020, Dembra, Nr 3, 2020 «*Faglige perspektiver på demokrati og forebygging av gruppefiendtlighet i skolen*».
https://dembra.no/no/wp-content/uploads/sites/2/2020/11/Dembra_artikkelsamling_3_2020.pdf
- Moldrheim, S., 2014, «*Kløkt og fordom – om holdningsendring i klasserommet*»,
<http://dembra.no/wp-content/uploads/2015/09/KI%C3%B8kt-og-fordom.-Om-holdningsendring-i-klasserommet.pdf>
- Opplæringsloven, 1998. **Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa** (LOV-1998-07-17-61). Lovdata. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61>
- Owren, Kjerstin 2021 «*Kommunen som forebygger*», s. 170-177, «*Mobbeforebygging i et fellesskapsperspektiv. Nye stemmer i praksis*», Kommuneforlaget, Oslo.7
- Restad & Sandsmark, 2021. «*Mobbeforebygging i et fellesskapsperspektiv. Nye stemmer i praksis*», Kommuneforlaget, Oslo.
- Sandsmark, 2021, «*Kommunen som fellesskaper*», s. 146-155, i «*Mobbeforebygging i et fellesskapsperspektiv. Nye stemmer i praksis*», Kommuneforlaget, Oslo.



vestlandfylke.no

Fra: Forum for kontroll og tilsyn[fkt@fkt.no]
Sendt: 23.09.2022 15:13:19
Til: Hogne Haktorson[Hogne.Haktorson@vlfk.no]
Tittel: Nytt fra FKT



Forum for
kontroll og tilsyn

Høringssvar fra FKT til IKS-loven

FKT har gitt høringssvar til forslag til endringer i IKS-Loven. Generelt er vi enig med departementet i at det må være oppgavenes karakter som skal være førende for hvilke offentligrettslige regler som gjelder.

[Høringssvar IKS-loven](#)

Høringssvar fra FKT til forskrifter om kommunedelinger

FKT har gitt høringssvar til utkast til forskrifter om gjennomføring av deling av fylker og Ålesund kommune

[Høringssvar forskrifter om kommunedeling](#)



Kontrollutvalgslederskolen 2022, 24. - 25. oktober

Høsten 2022 arrangeres Kontrollutvalgslederskolen på [Quality Airport Hotel Gardermoen](#), 24. – 25. oktober. Det er fortsatt noen plasser igjen.

Påmelding

KS-rapport om åpenhetsregister i kommunene



En utredning KS har fått, viser hvordan kommuner innenfor dagens lovverk kan

registrere selskap, foreninger og andre virksomheter som er i kontakt med kommunen i politiske beslutningsprosesser, og hvilke folkevalgte de er i kontakt med.

Rapport



Tolkningsuttalelse: Åpenhetsloven gjelder for interkommunale selskaper

Bakgrunnen for spørsmålet var at åpenhetsloven gjelder for virksomheter som er regnskapspliktige etter regnskapsloven.

Les mer om uttalelsen



Anskaffelser og risikoen for kriminelle leverandører

Hva er risikoen for kriminelle leverandører i anskaffelser? Erling Grimstad og Bjørn B. Mæland tar deg gjennom hvordan kriminelle leverandører går frem for å påvirke anskaffelsesprosesser og forklarer hvilket ansvar offentlige virksomheter har knyttet til dette. [Økokrimpodden](#) Advokatfirmaet Erling

Grimstad AS



God helg!



Copyright © 2022 Forum for kontroll og tilsyn, All rights reserved.
Du mottar e-post fra Forum for kontroll og tilsyn fordi du har meldt deg på vårt nyhetsbrev.

Vår epostadresse:

Forum for kontroll og tilsyn
Kristian Augusts Gate 14
Oslo, Oslo 0164
Norway

[Add us to your address book](#)

Vil du endre hvordan du mottar nyhetsbrev fra oss?
Du kan [oppdatere dine innstillinger](#) eller [melde deg av vårt nyhetsbrev](#)



Det er opna for påmelding til NKRF sin kontrollutvalgskonferanse på denne lenkja:

<https://www.nkrf.no/kurs/nkrfs-kontrollutvalgskonferanse-2023>

NKRFs Kontrollutvalgskonferanse 2023

[Tilbake til kursoversikten](#)

Nøkkelforo

Fra/til	1.2–2.2
Påmeldingsfrist	15.12
Pris	Fastsettes senere
Sted	Clarion Hotel & Congress Oslo Airport, Gardermoen
Varighet	1.2.: 10.00 - 17.00 2.2.: 09.00 - 13.00

Vi har igjen gleden av å invitere til NKRFs årlige Kontrollutvalgskonferanse 1. - 2. februar 2023 og endelig igjen som en **fysisk** samling i The Qube på Gardermoen.

Fra den første konferansen i 2005 med ca. 300 deltakere har dette årlige arrangementet vokst betydelig og etablert seg som det viktigste og største treffpunktet for kontrollutvalgene i kommunal sektor. I 2021 og 2022 samlet konferansen rundt 400 deltakere *digitalt*. Deltakerrekorden er fra 2020 med ca. 800 deltakere på Gardermoen.

Målgruppe

Ledere og medlemmer av kontrollutvalg, kontrollutvalgssekretærer, revisorer, ordførere, kommunedirektører og ellers alle med interesse for kontroll, revisjon og tilsyn i kommunal sektor.

Program

Arbeidet med programmet pågår fortsatt, men mye er klart og mange interessante temaer og innledere er bekreftet.

Håkon Haugsbø er engasjert som møteleder for hele konferansen.

I første programpost stiller vi følgende spørsmål:

- ***En åpen opplyst samtale – en forutsetning for et velfungerende lokaldemokrati?***

Ytringsfrihetskommisjonens leder, **Kjersti Løken Stavrum**, vil med utgangspunkt i dette spørsmålet snakke om kommisjonens utredning: [NOU 2022: 9 En åpen og opplyst offentlig samtale](#). Kommisjonen har med utgangspunkt i Grunnloven § 100 utredet de sosiale, teknologiske, juridiske og økonomiske rammene for ytringsfrihet i dagens samfunn. Utrekningen er nå på en bred [høring](#) med frist 16. januar 2023.

Det er kommunestyre- og fylkestingsvalg høsten 2023, og det gjør kommisjonens utredning enda mer interessant og aktuell. Har vi en åpen og opplyst samtale i dag – og er debattklimaet slik at det bidrar til et levende lokaldemokrati? Hvordan står det til med rekruttering til kandidater til folkevalgte verv? er spørsmål vi søker å belyse i denne programposten, hvor vi også får høre fra spesialrådgiver i KS, **Lise Spikkeland**, og ellers planlegger vi å ha innledninger fra representanter for kommunesektoren.

Vi følger opp temaet fra første programpost med en annen av Ytringsfrihetskommisjonens problemstillinger:

- ***Tilgang på informasjon – en forutsetning for en åpen og opplyst offentlig samtale***

I denne bolken vil du blant annet møte leder av Pressens offentlighetsutvalg, **Tron Strand**, som vil belyse hvordan det egentlig står til med åpenheten i norske kommuner. Hvordan står det til med tilgangen på informasjon/åpenheten i kommune-Norge? Og vil mer åpenhet automatisk føre til med demokrati? Pressens offentlighetsutvalg utarbeider i samarbeid med Kommunal Rapport, et [Åpenhetsbarometer](#).

I tillegg har KS fått en [utredning](#) fra Advokatfirmaet Lund & co DA om et eventuelt åpenhetsregister for norske kommuner (ofte omtalt som "lobbyregister"). Hva betyr egentlig det? Partner og advokat i Lund, **Silje Aga Rogan**, vil presentere utredningen og drøfte hvorvidt vi trenger et åpenhetsregister.

Dette temaet avsluttes med en samtale med innleiderne samt lederen for den liberale tankesmien Civita, **Kristin Clemet**.

Neste tema blir barnevern:

- **Barnevernsløftet – hva er det?**

Vi hører stadig historier fra barnevernet. I tillegg er barnevern ofte et tema når kontrollutvalgene skal bestille forvaltningsrevisjoner fra revisjonen. Hva innebærer egentlig den nye barnevernsreformen og hva er barnevernsløftet? Vi får også konkrete eksempler på hvordan man har jobbet med dette temaet i en kommune. I tillegg til innledning fra en kommune vil seniorrådgiver i KS Innlandet, **Martin Skramstad**, bidra under dette temaet.

Dag 1 avsluttes med en samtale med riksrevisor **Karl Eirik Schjøtt-Pedersen**. Her får vi høre om hva han legger vekt på – og hvilke konsekvenser kan dette få for kommunal kontroll.

Dag 2 åpner med spørsmålet:

- **Hvem leverer til kommunen?**

[Nasjonalt tverretatlig etterretnings- og analysesenter \(NTEAS\)](#) har kartlagt 43 887 leverandører til det offentlige med leveranser på over 500 000 kroner i perioden 2015–2020. Kartleggingen viser at straffede leverandører og leverandører med reaksjoner utgjør 5 prosent av det totale antallet leverandører. Kan vi leve med dette – og hva skal vi gjøre for å rette dette opp?

Analytikerne **Silje Ingjer** og **Emil Westli** fra NTEAS vil legge fram resultatene. Og advokat **Arnhold Dordi Gjønnnes** i NHO, som representerer leverandører til offentlig sektor, vil komme med sine kommentarer.

Neste tema blir:

- **Cybersikkerhet i norske kommuner – politikernes ansvar**

Vi hører stadig vekk om datainnbrudd i kommuner, staten og private bedrifter. Er vi maktesløse – eller kan vi med enkle grep sikre oss bedre? Hva bør kontrollutvalget spørre seg om når det gjelder egen kommune? Daglig leder **Bjørn T. Tveiten** i [Kommune-CSIRT](#) (Nasjonalt senter for informasjonssikkerhet i kommunesektoren) vil komme med fakta og gode råd. Vi skal også få eksempel fra en kommune som har tatt grep.

Denne kommunestyreperioden går mot slutten, og vi avslutter konferansen med:

- **Arven fra et kontrollutvalg til det neste**


Det har vært en spesiell periode med nedstengning og mange digitale møter. Men vi har lært mye. Til høsten skal det velges nye kontrollutvalg i kommunene. Hvilke erfaringer kan vi ta med oss videre? Vi legger opp til erfaringsutveksling fra erfarne kontrollutvalgsleder(e) og representanter fra sekretariat og revisjon. Foreløpig er **Tage Pettersen** (H), leder av kontrollutvalget i Moss, og **Ragnhild Aashaug**, rådgiver i Kontrollutvalg Fjell IKS, bekreftet som innledere.

[Det tas forbehold om endringer i programmet. Sist oppdatert: 26. oktober]

Etterutdanning:

- 11 timer iht. NKRFs krav til etterutdanning

Fra: Forum for kontroll og tilsyn[fkt@fkt.no]
Sendt: 28.10.2022 14:12:43
Til: Kjartan Haugsnes[Kjartan.Haugnes@vlfk.no]
Tittel: Nytt fra FKT



FKT-rapport: Kartlegging av eierskapskontroll og forvaltningsrevisjon i selskap

Undersøkelsen omfatter bestilte og gjennomførte undersøkelser etter ikrafttreddelsen av ny kommunelov høsten 2019 og frem til 1.august 2022.



[Les mer om rapporten](#)

Høringssvar fra FKT til endringer i kommuneloven

FKT har gitt høringssvar til forslag til endringer i kommuneloven. Vi har gitt kommentarer til kap. 11 om møte-, tale- og forslagsrett i folkevalgte organer, kap.15 om navn på interkommunale samarbeid, kap. 16 om varsling til kontrollutvalget om møter.

Høringssvar kommuneloven

Nye forskrifter og rundskriv fra KDD

Gjelder gjennomføring av deling av Viken fk. Troms og Finnmark fk., Vestfold og Telemark fk. og Ålesund kommune

Forskrifter og rundskriv

Varslingsdagen 2022, 24. november



På vegne av BI-professor Stig Berge Matthiesen og advokat Birthe Maria Eriksen, og med støtte fra Fritt Ord, inviterer ADI Advokater til Varslingsdagen 2022 i Bergen.

[Omtale og påmelding](#)

Fagkonferansen 2023



I 2023 arrangeres fagkonferansen i Trondheim 31.mai-1.juni. Sett av datoene allerede nå!

[Mer om programmet](#)



Bernt svarer: Kan forfall til et fysisk møte erstattes med deltakelse på Teams?

For at fjernmøte skal kunne benyttes, må organets leder bestemme i innkallingen til det enkelte møte at fjernmøte skal benyttes.

[Les mer om uttalelsen](#)



God helg!



Copyright © 2022 Forum for kontroll og tilsyn, All rights reserved.

Du mottar e-post fra Forum for kontroll og tilsyn fordi du har meldt deg på vårt nyhetsbrev.

Vår epostadresse:

Forum for kontroll og tilsyn
Kristian Augusts Gate 14
Oslo, Oslo 0164
Norway

[Add us to your address book](#)

Vil du endre hvordan du mottar nyhetsbrev fra oss?

Du kan [oppdatere dine innstillinger](#) eller [melde deg av vårt nyhetsbrev](#)

